



IMDi

Integrerings- og
mangfoldsdirektoratet

Årsrapport 2021



1

Leiarens fråsegn	1
-------------------------	---

2

Introduksjon til verksemnda og hovudtal	2
Slik er IMDi organisert	3
Hovudtal 2017 - 2021	4

3

Aktiviteter og resultat i 2021	5
3.1 Busettinga er rask og treffsikker	6
3.2 Kvalifisering for varig tilknytning til arbeidslivet	20
3.3 Høg deltaking i samfunnsliv	45
3.4 Integreringspolitikken er heilskapleg og samordna	67

4

Styring og kontroll i verksemda	80
--	----

5

Vurdering av framtidsutsikter	89
--------------------------------------	----

6

Årsrekneskap	91
---------------------	----

Vedlegg	106
---------	-----

1 Leiarens fråsegn

Ved inngangen til 2022 er mange viktige brikker på plass for god integrering av innvandrarar og barna deira. Integreringslova blir implementert og gir gode rammer for eit betre tilpassa introduksjonsprogram, noko som igjen aukar moglegheitene for rask deltaking i arbeidslivet. Gjennom tolkelova har vi fått lovfesta plikta offentlege organ har til å bruke kvalifisert tolk. Lova skal bidra til å auke bruken av kvalifiserte tolkar og til å få meir likeverdige offentlege tenester for innvandrarar. Ny handlingsplan mot tvangsekteskap og æresrelatert vald bidreg til å byggje ned barrierar mot deltaking, og strategien for å styrkje rolla i sivilsamfunnet understrekar korleis frivilligheita er ein nøkkelaktør for å skape sosial inkludering gjennom møteplassar og nettverk.

Pandemien har påverka arbeidet også i 2021. IMDi har bidrege til betre samhandling mellom aktuelle offentlege sektorar og til samspel med frivilligheita når det gjeld tiltak og informasjon retta mot innvandrarbefolkninga. Gjennom integreringspakkar og friske tilskotsmidlar har vi fokusert på å halde oppe aktiviteten for flyktingar lokalt, å setje i verk tiltak mot smitte og å auke vaksinasjonsgraden i innvandrarbefolkninga.

I starten av året var det usikkert kor mange overføringsflyktingar som kunne bli busette, ikkje minst på grunn av reiserestriksjonar. Evakueringa av om lag 860 afghanarar og moglegheit for å gjennomføre reiser etter sommaren førte likevel til høg busettingsaktivitet mot slutten av året. Kommunane fortener honnør for evna til å finne gode løysingar for etablering og kvalifisering i ei uføreseieleg og krevjande tid under pandemien.

I 2021 vedtok regjeringa at minoritetsrådgivarordninga blir verande i IMDi, og direktoratet har i løpet av året styrkt ordninga og oppretta eit eige fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Minoritetsrådgivarane utgjør no ein firedel av alle tilsette i IMDi, og arbeidet deira har blitt ein integrert del av porteføljen vår.

Til slutt ønskjer eg å rette ein stor takk til frivilligheita, som har nådd fram med informasjon og støtte til særskilt sårbare grupper og miljø med svak tilknytning til det norske samfunnet. Eg er òg svært takksam for innsatsen til alle samarbeidspartnarane våre og dei tilsette som har stått på gjennom eit krevjande år med restriksjonar og pandemi.



Libe Rieber-Mohn

Libe Rieber-Mohn

direktør

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

2 Introduksjon til verksemda og hovudtal

Samfunnsoppdraget til IMDi

Visjonen til IMDi er å fremje like moglegheiter, rettar og plikter for alle i eit mangfaldig samfunn. Slik byggjer vi eit fellesskap som både er inkluderande og forpliktande. Det betyr at fleire innvandrarar må ut i arbeidslivet, delta i samfunnslivet og bli stilt dei same krava til som alle andre. Vellykka integrering krev både eit samfunn som er villig til å stille opp, og solid innsats frå den enkelte innvandraren. Å lykkast med integreringa er ein av dei aller viktigaste føresetnadene for å halde ved lag velferda vår og eit samfunn prega av tillit og samhald.

IMDi er eit fagdirektorat og nasjonalt kompetansesenter med ansvar for integreringsfeltet. IMDi er eit ordinært forvaltningsorgan med bruttobudsjettering. I 2021 har IMDi vore underlagt Kunnskapsdepartementet, men blei overført til Arbeids- og inkluderingsdepartementet etter regjeringsskiftet og den påfølgjande endringa av departementsstrukturen. Direktoratet skal setje i verk integreringspolitikken til regjeringa. Oppgåvene til direktoratet går på tvers av forvaltningsnivå, sektorar og samfunnsområde. Vi er avhengige av godt samarbeid med kommunar og andre aktørar for å løyse oppdraget vårt.

IMDi skal

- ◆ ta hand om arbeidet med busetting av flyktningar
- ◆ leggje til rette for at fleire innvandrarar deltar i arbeids- og samfunnsliv
- ◆ jobbe mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald
- ◆ vere fagmyndigheit for tolking i offentleg sektor
- ◆ gi faglege innspel til vidareutvikling av integreringspolitikken og sørgje for god samordning på integreringsfeltet
- ◆ forvalte tilskotsordningar retta mot kommunane og frivillige organisasjonar
- ◆ produsere og formidle forskning, utgreiingar, statistikk og god praksis
- ◆ bidra til ein profesjonell og serviceinnstilt offentleg sektor


Verksemdsstrategien til IMDi gjeld for perioden 2019–2022.¹ Viktige prioriteringar i verksemdsstrategien er å setje brukarane i sentrum, ha solid kunnskapsgrunnlag og å skape heilskaplege løysingar.

¹ IMDis verksemdsstrategi: [Dette gjør IMDi | IMDi](#)

Slik er IMDi organisert

IMDi hadde 251 tilsette per 31. desember 2021. Disse var lokaliserte i Oslo (161 tilsette) og Narvik (31 tilsette). 59 minoritetsrådgivarar var plasserte på skolar rundt om i landet.

Organisasjonskart som gjeld frå 1. januar 2021



Hovudtal 2017–2021

Busetting av flyktningar	2017	2018	2019	2020	2021
Busette flyktningar (totalt)	11 078	4 903	4 822	2 819	4 489
Av desse: Overføringsflyktningar	2 838	2 480	2 806	1 523	3 641
Flyktningar med opphaldsløyve som ventar i mottak (per 31.12.)	1 045	582	386	222	405
Opplæring i norsk og samfunnskunnskap	2017	2018	2019	2020	Foreløpige tal 2021
Personar med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap som deltok i opplæringa i løpet av året (tal frå NIR)	42 227	38 479	31 672	24 009	19 418
Personar med <u>berre</u> plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap som deltok i opplæringa i løpet av året (tal frå NIR)	1 836	1 766	2 060	2 163	2 033
Introduksjonsprogrammet	2017	2018	2019	2020	Foreløpige tal 2021
Personar som per 31.12. har rett og plikt til introduksjonsprogram* (tal frå NIR)	26 584	22 813	15 685	10 769	9 260
Personar som deltok i introduksjonsprogram i løpet av året** (tal frå NIR)	28 944	27 141	20 968	13 942	10 286
Personar som har begynt på program i løpet av året** (tal frå NIR)	9 672	4 419	3 072	2 227	1 982
Personar som har avslutta introduksjonsprogram i løpet av året** (tal frå NIR)	6 391	8 310	8 207	4 820	2 697

* Ved ein inkurie blei det her i årsrapport 2020 oppgitt feil tal for åra 2018–2020.

** Inkluderer deltakarar med rett og plikt og deltakarar kommunen kan velje å tilby program.

Nøkkeltal frå årsrekneskapen	2017	2018	2019	2020	2021
Tal på årsverk	214	219	224	192	233
Tal på avtalte tilsette	235	239	240	209	251
Tal på utførte årsverk	209	196	206	184	198
Samla tildeling post 01-99 (i 1 000 kroner)	18 409 902	17 323 341	13 419 018	10 751 162	8 924 254
Utnyttingsgrad post 01-29*	96 %	93 %	93 %	83 %	86 %
Driftsutgifter post 01 (i 1 000 kroner)	264 400	252 479	272 562	264 058	298 458
Lønnsdel av driftsutgifter*	66 %	68 %	68 %	65 %	52 %
Lønnsutgifter per årsverk (kroner)*	815 095	843 707	824 874	896 331	961 552

* Berekning av nøkkeltal for 2021 er endra for å falle saman med berekningsmetodikken frå DFØs rettleiingsnotat til årsrapport.

3 Aktivitetar og resultat i 2021

I dette kapitlet gjer vi greie for kva resultat arbeidet vårt har gitt i 2021.

Utgangspunktet for utgreiinga er dei måla, styringsparametrane, resultatkrava og oppgåvene som kjem fram av tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet til IMDi for 2021. Hovudmålet for integreringspolitikken er at fleire innvandrarak er i arbeid og deltar i samfunnslivet (Prop. 1 S (2020–2021) for Kunnskapsdepartementet).

Vi har organisert teksten i delkapittel etter fire hovudområde for arbeidet IMDi gjer:


- ◆ 3.1 Raskt og treffsikkert busettingsarbeid
- ◆ 3.2 Kvalifisering for varig tilknyting til arbeidslivet
- ◆ 3.3 Innvandrarak har høg deltaking i samfunnsliv
- ◆ 3.4 Integreringspolitikken er heilskapleg og samordna

3.1 BUSETTINGA ER RASK OG TREFFSIKKER


Tal for 2021



OVERFØRINGSFLYKTNINGAR




MOTTAKSBEBUARAR




GJENNOMFØRT KOMPETANSEKARTLEGGING

Overføringsflyktningar i utlandet




Kartlagde av IMDi

Mottaksbebuarar



Kartlagde av vertskommunar for mottak

Familiesameinte m.fl.



Kartlagde av busettingskommunar

INTEGRERINGSMOTTAK

Steinkjer og Kristiansand

173 personar

har deltatt i fulltidsprogram

92 personar

blei busette frå integreringsmottak

3.1 Busettinga er rask og treffsikker

IMDi har det statlege ansvaret for busetting av flyktningar. Busetting og integrering av flyktningar er ei frivillig, kommunal oppgåve, og kommunar som buset flyktningar, får tilskot frå staten.

Rask og treffsikker busetting er eit hovudmål for arbeidet IMDi gjer med fordeling av flyktningar. Det skal vere ei best mogleg kopling mellom busetting, kompetansen flyktingen har med seg, kvalifiseringstilbod, utdanningstilbod og regionale arbeidskraftbehov. Dette skal medverke til at nykomne flyktningar blir busette i område med eit relevant tilbod om kvalifisering, utdanning, arbeid og anna tenestetilbod.

Arbeidet til IMDi med busetting av flyktningar

Med statleg ansvar for busetting av flyktningar har IMDi ei viktig samordnings- og pådrivarrolle på tvers av etatar og forvaltningsnivå. For å vareta heilskapsperspektivet og sikre eit koordinert busettingsarbeid og implementering av busettingspolitikken samarbeider IMDi med overordna departement, Utlendingsdirektoratet (UDI), Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), Helsedirektoratet, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), Husbanken, kommunar og fylkeskommunar, statsforvaltarar og KS. Arbeidet i Nasjonalt utval² legg til rette for samarbeid og informasjonsutveksling mellom staten og kommunesektoren på busettingsfeltet.

Kunnskapsformidling og erfaringsutveksling medverkar til å styrkje busettings- og integreringsarbeidet kommunane gjer, og er ein sentral del av samordnings- og pådrivararbeidet til IMDi. IMDi har i løpet av 2021 invitert til fleire digitale arrangement med kommunane. Den årlege nasjonale konferansen for alle busettingskommunar blei, som i 2020, arrangert som den nettbaserte samlinga *Busettingsveka*.³ IMDi arrangerte i tillegg eit digitalt seminar om busetting av flyktningar under pandemien, retta mot busettingskommunar og andre interessentar. Det blei også halde fleire webinar gjennom året om kompetansekartlegging av flyktningar.

IMDi har i 2021 hatt tett dialog og samarbeidd tett med UDI om busetting av både overføringsflyktningar og flyktningar frå mottak. Under pandemien har direktorata samarbeidd for å finne løysingar for å kartleggje overføringsflyktningar og mottaksbebuarar i tråd med gjeldande smitteverntiltak og dermed leggje til rette for busetting.

For å gjere det så føreseieleg som mogleg for kommunane under pandemien, har IMDi kontinuerleg oppdatert busettingsrelatert informasjon via fleire informasjonskanalar. IMDi har hatt løpande kontakt med Bufdir og KS undervegs og informert fylkeskommunane om busettingssituasjonen. Risikoen for låge innreisetal og

² Nasjonalt utval for busetting av flyktningar, etablering og nedlegging av asylmottak og omsorgssenter

³ [Busettingsveka 2021 | IMDi](#)

konsekvensane dette kan medføre for busettingsarbeidet, har også blitt drøfta i Nasjonalt utval.

Tabell 3-1-1. Nøkkeltal for busetting. Talet på personar og gjennomsnittleg ventetid. 2017–2021

År	2017	2018	2019	2020	2021
Busette totalt¹	11 078	4 903	4 822	2 819	4 489
Busette einslege mindreårige	759	194	137	80	108
– av desse IMDi	486	159	94	56	89
– av desse Bufetat	273	35	43	24	19
Busette i barnefamiliar ²	6 170	3 541	3 793	1 923	3 606
– av desse busette barn	3 420	2 013	2 162	1 097	2 110
– tal på barnefamiliar	1 361	778	847	478	814
Busette andre vaksne ³	4 096	1 141	883	805	775
Busette: Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak om opphald/innreiseløyve til busetting (månader)					
Totalt ¹	5,0	4,9	3,3	8,5	6,3
Einslege mindreårige	2,8	3,8	3,2	5,1	3,1
– av desse IMDi	2,2	3,6	3,2	4,4	3,4
– av desse Bufetat	3,8	4,6	4,5	6,7	2,1
Barnefamiliar ²	4,9	4,9	3,2	9,6	6,7
Andre vaksne ³	5,5	4,9	3,8	8,0	4,3
Mottaksbebuarar (inkl. overføringsflyktningar i mottak) som ventar på busetting (per 31.12.)	1 045	582	386	222	405
Overføringsflyktningar som ventar i utlandet på busetting (per 31.12.)⁴	456	158	169	1 742	1 420

¹ Totaltala inneheld busette personar med skjerma identitet.

² Inkluderer vaksne i familiar med barn under 18 år og barn i familiar.

³ Inkluderer alle vaksne som ikkje er ein del av barnefamiliar.

⁴ Tal fram til 2019 inkluderer berre overføringsflyktningar som er søkt ut til ein kommune.


Kjelde: IMDi

Busettingsarbeidet i 2021: Oppmoding, vedtak og fordeling til kommune

Oppmoding om busetting for 2021 blei send til kommunane i oktober 2020.

211 kommunar blei bedne om å busette til saman 5 025 flyktningar. På bakgrunn av dette vedtok kommunane å busette til saman 4 971 flyktningar. Det blei busett totalt 4 489 flyktningar i 2021, 90 prosent av talet på flyktningar som kommunane hadde vedtatt å busette.

Figur 3-1-1. Oppmodning, busettingsvedtak og busetting av flyktninger. Tal på personar. 2006–2021



Til liks med i 2020 forårsaka pandemien utfordringar for busettingsarbeidet i 2021. Internasjonale reiserestriksjonar skapte forseinkingar for når overføringsflyktningar kunne komme til landet. Om lag halvparten av overføringsflyktningane som blei busette i 2021, fekk innvilga opphaldsløyve i 2020 eller tidlegare.

Busettinga auka vesentleg gjennom 2021 og kom nesten opp på same månadlege nivå som i åra før pandemien. Evakueringa av om lag 860 afghanarar og eit aukande rom for å gjennomføre reiser for overføringsflyktningar etter sommaren medførte høg busettingsaktivitet mot slutten av året. Denne utviklinga gjorde at busettinga i 2021 blei høgare enn forventa tidlegare på året.

Kommunane utviste stor grad av omstillingsevne og fleksibilitet i møte med store svingingar i busettingsbehovet gjennom pandemien. Dette blei spesielt merkbart mot slutten av året. Nær 40 prosent av all busetting i 2021 skjedde i november og desember. IMDi gjennomførte i desember 2021 ei undersøking blant kommunane som busette dei siste to vekene før jul, for å innhente tilbakemeldingar om erfaringa deira med busetting seint på året. Undersøkinga viste at dei fleste kommunane (72 prosent) hadde både erfaring med og rutinar for å handtere busetting på tampen av året. 80 prosent av dei spurde kommunane gav opp at dei hadde moglegheit for å melde frå til IMDi om ønskt tidspunkt for busettinga.

Så langt det var mogleg, fordelte IMDi flyktningane jamt mellom kommunane og på tvers av fylka. Nesten alle kommunane som blei oppmoda i 2021, busette flyktningar. Dette gjaldt både små og store kommunar.

Kven blei busette?

Det blei busett 4 489 flyktningar i 2021. Desse blei busette frå asylmottak eller privat bustad eller kom som overføringsflyktningar (sjå tabell 3-1-2).⁴ Blant flyktningar som blei busette frå mottak, ikkje medrekna evakuerte afghanarar, var det flest frå Syria. Syrarar utgjorde den største nasjonaliteten blant overføringsflyktningar, etterfølgde av afghanarar og kongolesarar.

⁴ [Slik får flyktningene sin kommune | IMDi](#)

256 personar som blei busette i 2021, var privatbuande (6 prosent av alle busette). Privatbuande er personar som heilt eller delvis har valt å ikkje takke ja til tilbodet om å bu i asylmottak.⁵ Privatbuande blir som regel busette i kommunen dei allereie bur i. At privatbuande buset seg i det sentrale Østlandet, har vore ein trend over lengre tid. I 2021 blei 43 prosent av dei privatbuande busette i Oslo og Viken. Den tilsvarande delen i 2020 var 51 prosent. Omfanget av privatbuande er lite og utfordrar ikkje prinsippet om styrt og spreidd busetting i vesentleg grad.

Tabell 3-1-2. Busetting etter sakstype. Tal på personar. 2014–2021

År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Busette frå mottak	6 036	8 544	11 526	7 585	2 024	1 610	1 012	564
Overføringsflyktning	1 264	2 365	3 275	2 838	2 480	2 806	1 523	3 641
Andre flyktningar ⁶	484	433	490	655	399	406	284	284
Totalt	7 784	11 342	15 291	11 078	4 903	4 822	2 819	4 489

Tabell 3-1-3. Busetting av mottaksbebuarar, etter personkategori. Tal på personar. 2014–2021

År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Einslege mindreårige	516	653	1 563	726	173	97	61	59
Barnefamiliar	2 373	2 632	3 752	3 250	989	988	449	203
Andre vaksne	3 147	5 259	6 211	3 795	862	525	502	302
Totalt	6 036	8 544	11 526	7 771	2 024	1 610	1 012	564

Tabell 3-1-4. Busetting av overføringsflyktningar, etter personkategori. Tal på personar. 2014–2021

År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Einslege mindreårige	9	17	9	15	9	21	16	33
Barnefamiliar	1 104	2 051	3 109	2 715	2 343	2 629	1 371	3 325
Andre vaksne	151	297	157	108	128	156	136	283
Totalt	1 264	2 365	3 275	2 838	2 480	2 806	1 523	3 641

Busetting av overføringsflyktningar


Kvart år vedtar Stortinget talet på overføringsflyktningar som Noreg skal ta imot året etter. Dei siste tre åra har vedtaket vore på 3 000 per år. På grunn av pandemien var det ikkje mogleg å fylle plassane for 2020, og 608 ubrukne plassar frå 2020 blei overførte til kvoten for 2021. Denne var derfor på 3 608 plassar. Ettersom talet på asylsøkjjarar busette frå mottak gjekk ned i same perioden, har overføringsflyktningar utgjort ein aukande del av busette flyktningar.

⁵ Personar som ikkje bur i mottak på tidspunktet for innvilga opphaldsløyve, får ikkje automatisk oppretta busettingssak hos IMDi. Dette inneber at privatbuande må søkje om busetting med offentlig hjelp dersom dei ønskjer dette. Privatbuande er heller ikkje omfatta av det busettingsførebuande arbeidet som blir gjort i mottak. I 2021 tilgjengeleggjorde IMD informasjon og søknadsskjema på nett for å gjere det enklare for denne gruppa å søkje om busetting og dermed komme inn i målgruppa med rett og plikt til introduksjonsprogram. Sjå informasjon og søknadsskjema [her](#).

⁶ Andre flyktningar omfattar alle personar som budde på privat adresse før busetting. I tillegg til privatbuande inkluderer dette også alternativ mottaksplasserte og fram til 2020 personar med skjerna identitet.

I 2021 blei det busett 3 641 overføringsflyktningar. Overføringsflyktningar utgjorde 81 prosent av den samla busettinga i 2021. Dette er ein auke på nesten 30 prosentpoeng samanlikna med 2020 (sjå figur 3-1-2).

Figur 3-1-2. Månadleg busetting i 2020 og 2021, overføringsflyktningar og busetting totalt. Tal på personar.



Uttak av overføringsflyktningar

Det blei gjennomført 19 uttakskommisjonar i 2021. 14 av desse blei gjennomførte som fjernuttak på grunn av restriksjonar knytte til pandemien. I siste halvdel av 2021 var det mogleg å ta opp att enkelte fysiske uttakskommisjonar. I første omgang blei det gjennomført to uttakskommisjonar i Noreg for å kartleggje evakuerte afghanarar. I oktober blei den første uttakskommisjonen utanfor Noreg for året gjennomført i Jordan. Basert på gode erfaringar frå dette uttaket blei det i månadsskiftet november/desember gjennomført ytterlegare to fysiske uttakskommisjonar i Libanon og Rwanda. Totalt blei det gjennomført fem fysiske uttakskommisjonar i andre halvdel av 2021.

Erfaringa er at fjernuttak er meir tidkrevjande og inneber lågare kvalitet på kartlegginga enn fysiske uttak. I eit fjernintervju kan kommunikasjonen vere langt meir krevjande, og det kan vere vanskelegare å få verifisert eller sannsynleggjort opplysningar samanlikna med intervju i uttakslandet. Dette kan medføre at forhold som er relevante for busetting og integrering, ikkje blir avdekte.

Busetting av evakuerte afghanarar

Busetting i andre halvdel av 2021 blei påverka av sikkerheitssituasjonen i Afghanistan og den raske evakueringa av afghanarar. Totalt blei det busett 783 afghanarar i andre halvdel av 2021. Rundt 200 personar kom til Noreg etter ein eigen, ekstraordinær

hasteprosedyre, og IMDi fann kommunar som kunne busette omgåande etter innreisa. Dette skjedde på svært kort varsel og med eit minimum av informasjon om personane.⁷

Utover dei 200 hastesakene fekk dei fleste evakuerte afghanarar tilbod om mellombels innkvartering i regi av UDI, i vente på behandling av søknaden sin om beskyttelse, kartlegging og busetting.⁸ IMDi gjennomførte intervju med desse for å sikre busettingsførebuande kompetansekartlegging. I løpet av ti intervjudagar i Sandefjord kommune blei 526 personar kartlagde av IMDi. I starten på november blei det gjennomført ytterlegare éin uttakskommisjon i Bardu kommune.

I alt 62 kommunar blei bedne om å busette evakuerte afghanarar. Nær 90 prosent av dei blei busette hausten 2021, mens dei resterande blei busette i første kvartal i 2022.

Kulturorientering for overføringsflyktningar

IMDi har ansvar for at både overføringsflyktningar og busettingskommunar får relevant informasjon før flyktningane kjem til Noreg. 87 prosent av overføringsflyktningane som blei busette i 2021, deltok i kulturorienteringsprogram før busetting.⁹ 6 prosent fekk alternative informasjonstiltak.¹⁰ 7 prosent fekk ikkje informasjon i regi av IMDi før busetting,¹¹ som regel fordi hastespektet ikkje tillét tilstrekkeleg med tid til å setje i verk fjernundervisning eller formidling av anna skriftleg materiale.

Kulturorienteringsprogrammet blir vanlegvis gitt før innreisa til Noreg for å tidlegast mogleg kunne førebu flyktningane på kulturforskjellar, avstemme forventningar til busettinga og informere om rettar og plikter den enkelte har. IMDi vurderer at kulturorientering gjennomført i forkant av innreisa til Noreg i større grad bidreg til treffsikker busetting enn når tilsvarande blir gjennomført etter innreisa. Våren 2020 greidde IMDi ut alternativ for korleis programmet kunne gjennomførast i Noreg dersom dette ikkje lét seg gjere i uttakslandet. På bakgrunn av utgreiinga gjennomførte IOM ein forkorta versjon av programmet ved fire forskjellige mottak i Noreg hausten 2021.

Rask busetting

IMDi skal bidra til at busettinga skjer så raskt som mogleg. Målsetjinga er at bebuarar i mottak skal busettast innan 3 månader etter at vedtak om opphald er gitt. Overføringsflyktningar skal busettast innan 6 månader etter at vedtak om innreise er gitt. I 2020 og 2021 utfordra pandemien målet om rask busetting. Hovudårsaka til dette var reiserestriksjonar og lokale koronatiltak i uttakslanda.

53 prosent av mottaksbebuarar blei busette innan 3 månader i 2021.¹² I snitt måtte mottaksbebuarar vente i 3,9 månader. Før busetting skal mottaksbebuarar blant anna kompetansekartleggast av vertskommunen, IMDi skal fordele den enkelte personen til

⁷ Fristen for å finne ei busettingsløyning i hastesaker er vanlegvis to arbeidsdagar.

⁸ Desse kom stort sett også som hastesaker til Noreg med tanke på innreiseløyet, men i eit busettingsperspektiv behandla IMDi dei ikkje som hastesaker. Dei blei kartlagde og deretter fordelte til ein kommune etter vanlege busettingsrutinar.

⁹ Både ordinær kulturorientering og kulturorientering som fjernundervisning. Tala inkluderer her overføringsflyktningar i utlandet og overføringsflyktningar busette frå mottak.

¹⁰ Anten i form av skriftleg materiale eller digitalt kurs.

¹¹ Flyktningar som er innvilga overføring til Noreg i etterkant av uttaket om hausten til Etiopia, Libanon og Rwanda, inngår ikkje i desse tala. Denne gruppa vil få relevant informasjon før innreisa til Noreg, men det har ikkje vore mogleg å gjennomføre før utgangen av 2021.

¹² Overføringsflyktningar busette frå mottak er ikkje medrekna i tala.

eigna busettingskommune, og den aktuelle kommunen skal førebu busettinga. Sistnemnde tok i snitt 1,6 månader.

Berre 41 prosent av overføringsflyktingar blei busette innan 6 månader i 2021. Blant overføringsflyktingar på mottak var gjennomsnittleg ventetid 3 månader.

Overføringsflyktingar på mottak er ei prioritert gruppe for busetting, og ventetida til denne gruppa har derfor vore låg.¹³ Det var rundt 1 500 overføringsflyktingar (1 420 i utlandet og 105 i mottak) som ved utgangen av 2021 venta på busetting.¹⁴ Blant desse hadde 690 overføringsflyktingar i utlandet blitt tildelte ein busettingskommune og var berekna å komme fram til busettingskommunen sin etter årsskiftet.

For å redusere ventetida til flyktingar vil det vere viktig å halde fram med samarbeidet med vertskommunane for raskare kompetansekartlegging, vidareutvikle den digitale saksbehandlingsreiskapen til *IMDinett* og gje økonomisk støtte slik at busettingskommunane har rett informasjon til rett tid for å kunne busette dei flyktingane som har behov for det.

Tabell 3-1-5. Flyktingar busette innan 3 og 6 månader, etter sakstype og personkategori. Tal og delar. 2014–2021

Mottaksbebuarar busette innan 3 månader								
År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Einslege mindreårige	334	157	666	450	111	69	25	54
	65 %	24 %	43 %	62 %	64 %	71 %	41 %	92 %
Barnefamiliar	463	509	1 613	914	352	639	238	70
	20 %	19 %	43 %	28 %	36 %	65 %	53 %	34 %
Andre vaksne	216	579	1 942	866	370	311	346	175
	7 %	11 %	31 %	23 %	43 %	59 %	69 %	58 %
Totalt	1 013	1 245	4 221	2 230	833	1 019	609	299
	17 %	15 %	37 %	29 %	41 %	63 %	60 %	53 %
Overføringsflyktingar busette innan 6 månader								
År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Einslege mindreårige	6	17	6	14	6	20	10	25
	67 %	100 %	67 %	93 %	67 %	95 %	63 %	76 %
Barnefamiliar	1 038	1 760	2 998	2 429	2 030	2 539	318	1 284
	94 %	86 %	96 %	89 %	87 %	97 %	23 %	39 %
Andre vaksne	136	229	153	86	124	154	76	191
	90 %	77 %	97 %	80 %	97 %	99 %	56 %	67 %
Totalt	1 180	2 006	3 157	2 529	2 160	2 713	404	1 500
	93 %	85 %	96 %	89 %	87 %	97 %	27 %	41 %

¹³ Overføringsflyktingar som blir evakuerte, skal prioriterast for busetting, slik at mottaksopphaldet blir kortast mogleg jf. styringsparameter 3.1 i IMDi tildelingsbrev for 2021.

¹⁴ Desse hadde status som under kartlegging, fordelingsklare, fordelte og søkte ut per 31.12.2021. Både overføringsflyktingar i utlandet og overføringsflyktingar på mottak er medrekna i tala.

Tabell 3-1-6. Gjennomsnittleg ventetid for busette flyktningar frå vedtak om opphald/innreiseløyve til busetting, etter sakstype og personkategori. Månader. 2014–2021

Mottaksbebuarar								
År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Einslege mindreårige	2,9	5	4,2	2,8	3,6	3	4,4	1,9
Barnefamiliar	8	7,8	4,5	5	5,2	3,7	5,6	5
Andre vaksne	11	10,7	5,5	2,1	4,8	4	3,8	3,6
Totalt	9,1	9,4	5	4,9	4,9	3,8	4,6	3,9
Overføringsflyktningar								
År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Einslege mindreårige	4,2	4,7	4,9	3,3	4,8	3,1	5,2	5,3
Barnefamiliar	4,2	4,7	4	4,7	4,8	3,1	7,9	6,9
Andre vaksne	4,3	5,3	3,7	10	3,6	2,7	5,6	4,9
Totalt	4,2	4,8	4	4,9	4,8	3,1	7,7	6,7

Busetting av einslege mindreårige

Av dei 59 einslege mindreårige flyktningane som blei busette frå mottak eller omsorgssenter i 2021, blei 92 prosent busette innan 3 månader. Til samanlikning blei det i 2020 busett 61 einslege mindreårige frå mottak eller omsorgssenter, og 41 prosent blei busette innan 3 månader. Dette tyder på ei normalisering av busettingsarbeidet i 2021 samanlikna med fjoråret, der mykje av busettingsaktiviteten stoppa i fleire månader grunna pandemien.

33 kommunar blei oppmoda om å busette 110 einslege mindreårige i 2021. Det blei til saman busett 108 einslege mindreårige, av desse kom 33 som overføringsflyktningar og 59 blei busette frå mottak eller omsorgssenter. Totalt 16 einslege mindreårige budde på privat adresse før dei blei busette. Desse blir som regel busette i den kommunen dei allereie bur i.

Arbeidet IMDi gjer for å forbetre kartlegginga av einslege mindreårige, heldt fram gjennom 2021. IMDi samarbeidde med UDI og Bufetat i utgreiing av tiltak som kan forbetre verktyøya for busettingsførebuande kartlegging av einslege mindreårige og barn i barnefamiliar. Arbeidet resulterte i foreslåtte tiltak for forbetra kartlegging, blant anna forbetra kartleggingsspørsmål, og informasjon og opplæring.

Busetting av personar med særlege behov

Trass i mange vedtaks plassar i kommunane er det framleis utfordrande å finne busettingsløyser for personar med store og samansette hjelpebehov. Å finne gode busettingsløyser fordrar ein meir omfattande dialog og oppfølging av den enkelte kommunen enn i andre busettingssaker. Dette er personar som oppheld seg i eit av UDIs tilrettelagde butiltak.¹⁵ Ved utgangen av 2021 gjaldt dette 10 personar, av desse hadde 4 ei ventetid på over eitt år etter innvilga opphaldsløyve. I løpet av 2021 blei det busett 6 personar frå tilrettelagd avdeling og særskilde butiltak. IMDi publiserte også ei hjelpeliste for busetting av helsesaker på imdi.no.¹⁶

¹⁵ Tilrettelagd avdeling i asylmottak, særskild bu- og omsorgsløysing eller enkelttiltak.

¹⁶ [Busetting av flyktningar med særskilte behov | IMDi](#)

Til liks med personar frå UDIs tilrettelagde butiltak er det også behov for særskild oppfølging ved busetting av overføringsflyktingar med særlege behov. I desse sakene samarbeider IMDi tett med UDI for å skaffe mest mogleg informasjon om behovet den enkelte flyktingen har for tilrettelegging og oppfølging, i tillegg til kartlegginga som IMDi sjølv gjer dersom flyktingane skal intervjuast, slik at kommunane kan vurdere kva for moglegheiter dei har for å busette, og gi eit adekvat tilbod til personen.

Busettingsklare flyktingar som ventar i mottak

Talet på busettingsklare flyktingar som ventar i mottak på busetting i ein kommune, har gått ned dei siste åra. Hausten 2021 markerte eit unntak, og i oktober 2021 var det over 1 000 busettingsklare personar på mottak. Talet på busettingsklare flyktingar i mottak hadde ikkje vore så høgt sidan 2018. Ein del av auken kom av at 56 evakuerte flyktingar frå Afghanistan oppheldt seg i egne akuttinnkvarteringar. Ved utgangen av 2021 var talet på nivå med dei tre siste åra, og det var i alt 405 busettingsklare flyktingar i mottak (av desse var 105 overføringsflyktingar).

Tabell 3-1-7. Busettingsklare flyktingar i mottak per 31.12., etter personkategori. Tal på personar. 2014–2021

Mottaksbebuvarar								
År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Einslege mindreårige	232	555	219	73	23	27	10	27
Barnefamiljar	998	612	1622	580	352	259	135	245
Andre vaksne	3 709	2 312	2 333	392	207	100	77	133
Totalt	4 939	3 479	4 174	1 045	582	386	222	405

Busetting etter eingongsløysing for utlendingar med meir enn 16 års opphaldstid i Noreg

I samsvar med rundskriv G-14/2021 har IMDi saman med UDI i løpet av hausten identifisert kandidatar for eingongsløysinga. IMDi held fram med å jobbe med 22 moglege saker. Per 31.12.2021 er ingen kandidatar busette enno.

Treffsikker busetting

IMDi jobbar med treffsikker busetting på tre måtar: gjennom arbeidet med oppmoding om busetting, kartlegging av flyktingar og treffsikker fordeling, det vil seie fordeling av rett person til rett kommune. På overordna nivå er det særleg arbeidet med oppmoding av busettingskommunar som legg til rette for treffsikkerheit i busettingsarbeidet. På individnivå er det både kartlegging av den enkelte flyktingen og den endelege tildelinga av busettingskommune med relevant tilbod som spelar inn. Integreringsmottaka er i ei særstilling når det gjeld treffsikker busetting, sidan busettingsansvarlege i desse mottaka skriv ei anbefaling om kvar ein flykting bør busettast, basert på kompetansekartlegginga og karriereplanane til den enkelte. IMDi lener seg på desse anbefalingane i tildeling av busettingskommune.

Oppmoding om busetting

IMDis overordna departement fastset endelege oppmodingskriterium på bakgrunn av anbefalingar frå Nasjonalt utval. IMDi er sekretariat for utvalet. Oppmodingskriteria skal

bidra til å styre busettinga i retning av kommunar som er forventa å ha gode føresetnader for en god integrerings- og inkluderingsprosess.¹⁷

Fylkeskommunane har ansvar for å anbefale overfor IMDi talet på flyktningar som bør busettast i kvar enkelt kommune, innanfor fylkesvis fordeling. Dette skal gjerast innanfor ramma av nasjonale oppmodingskriterium. Hausten 2021 gjennomførte IMDi og KS derfor fylkesvise møte med alle fylkeskommunar for å innhente innspel til oppmodinga om busetting for 2022. Anbefalingar frå fylkeskommunen blei i stor grad vektlagde i arbeidet med oppmodinga for 2022.

Ei evaluering av IMDis bruk av oppmodingskriteria frå 2019 anbefalte at IMDi i større grad skulle ta omsyn til bakgrunnen til introduksjonsprogramdeltakarane når kommunar blir samanlikna på grunnlag av resultat i introduksjonsprogrammet.¹⁸ IMDi utvikla derfor ein bidragsindikator som set i samanheng dei oppnådde resultata til deltakarar i introduksjonsprogrammet og bakgrunnen til den enkelte. På den måten blir resultat til lågt utdanna deltakarar vektlagde annleis enn dei same resultata for høgt utdanna deltakarar. Formålet med bidragsindikatoren er å betre fange opp kva kommunane bidreg med til måloppnåinga til deltakarane, og er eit viktig steg i retning av auka treffsikkerheit i oppmodings- og tildelingsarbeidet.

Prognosane for 2022 har variert betydeleg gjennom heile 2021, og det har vore knytt stor usikkerheit rundt busettingsbehovet for neste år. Dette medførte at oppmodinga om busetting for 2022 blei send til kommunane i november 2021, noko seinare enn året før. IMDi oppmoda 212 kommunar om å busette til saman 5 500 flyktningar i 2022.

Kartlegging av kompetanse

Gjennom kartlegging av kompetansen flyktningane har med seg, og andre forhold skal IMDi sørge for at koplinga mellom den enkelte flyktning og busettingskommunen er treffsikker. Kompetansen og yrkeserfaringa flyktningane allereie har, er førande for tildeling av busettingskommune og skal bidra til at flyktningar får relevante kvalifiseringsmoglegheiter og tenestetilbod etter busetting. Integreringslova fordeler ansvaret for kompetansekartlegging på fleire aktørar. IMDi har ansvar for kompetansekartlegging av overføringsflyktningar, mens vertskommunar for mottak kartlegg mottaksbebuarar. I tillegg kartlegg busettingskommunar kompetansen til flyktningar som ikkje har blitt kartlagde før busetting. Av totalt 2 726 i målgruppa hadde 2 349 gjennomført kompetansekartlegging i løpet av 2021 (86 prosent).

IMDi kartlegg kompetansen til alle overføringsflyktningar som blir intervjuet ved uttakskommisjonar. Overføringsflyktningar som er i målgruppa for introduksjonsprogrammet, har etter integreringslova rett og plikt til kompetansekartlegging før innreise til Noreg. Av 1 605 overføringsflyktningar i målgruppa hadde 1 428 gjennomført kompetansekartlegginga i løpet av 2021 (89 prosent).

Overføringsflyktningar behandla som dossier- og/eller hastesaker blir ikkje intervjuet av IMDi før dei kjem til Noreg og blir busette i tildelt kommune. Som regel ligg det føre svært lite kartleggingsinformasjon i desse sakene, og IMDi har avgrensa moglegheit til å vurdere treffsikkerheita.

¹⁷ [Nasjonalt utval for busetting | IMDi](#) og [Oppmoding om busetting for 2022 | IMDi](#)

¹⁸ Hilde Lurfaldet, Asle Høgestøl, Jostein Ryssevik, og Karianne Åsheim: *Anmodningskriterier for busetting av flyktninger i 2019*, ideas2evidence, 2020. Les rapporten [her](#).

Kartlegging av den kompetansen mottaksbebuvarar allereie har, er ei ny oppgåve for vertskommunar for asylmottak i 2021. Tala IMDi har for 2020 (da kartlegginga av mottaksbebuvarar var ei frivillig oppgåve), viser at 42 prosent av mottaksbebuvarar i målgruppa hadde gjennomført kompetansekartlegging før busetting. Av 886 mottaksbebuvarar i målgruppa hadde 780 gjennomført kompetansekartlegginga i løpet av 2021 (88 prosent).

I samband med utvikling av *IMDinett* for nye brukargrupper og tilpassing til ny integreringslov oppstod enkelte mellombelse svakheiter og feil i systemet. IMDi har gjennom kontinuerleg systemvedlikehald i 2021 retta opp i slike feil.

Dei fleste spørsmåla som gjeld kompetansekartlegging, viser at ikkje alle busettingskommunane har orientert seg i rettleiingane frå IMDi om bruk av systema. IMDi har derfor jobba med å formidle meir informasjon om rettleiingsmateriell på heimesida til IMDi.

Personar som ikkje blir kompetansekartlagde før busetting, skal kartleggjast av busettingskommunen etter busettinga. Av 235 busette flyktningar (familiesameinte og andre) i målgruppa hadde 141 gjennomført kompetansekartlegginga i løpet av 2021 (60 prosent).

Fordeling av flyktning til kommune

Det tredje elementet i arbeidet IMDi gjer med treffsikker busetting, er å kople den enkelte flyktningen til ein passende kommune. Ved sida av kompetansen flyktningen har med seg, må også individuelle forhold kartleggjast, slik som familierelasjonar, helseutfordringar og eventuelle særskilde behov med tanke på tilgang til bustad eller oppfølging frå barnevern eller anna tenesteapparat. IMDi bruker den kartlagde informasjonen om den enkelte flyktningen i arbeidet med å finne ein busettingskommune med relevant tilbod om kvalifisering, utdanning og arbeid.

Å kunne kople ein flyktning til ein kommune med relevante tenestetilbod føreset at ein har solid kunnskap og eit godt datagrunnlag om kvar enkelt kommune og om flyktningane som skal busettast. IMDi jobbar kontinuerleg for å forbetre eige kunnskapsgrunnlag. Det blir arbeidd med å forbetre kartlegging av flyktningar og kommunar gjennom det igangsette vidareutviklingsprosjektet for *IMDinett Bosetting*, som starta hausten 2021.

Ein annan viktig del av arbeidet med fordeling av flyktningar er kontakten IMDi har med andre aktørar både før og etter at flyktningar er fordelte til ein busettingskommune. IMDi bruker betydelege ressursar på å svare på spørsmål frå kommunar, asylmottak, enkeltpersonar og andre samarbeidspartnarar. Mange av spørsmåla er knytte til behov for informasjon eller rettleiing om busetting og om enkeltsaker. I 2021 fekk IMDi om lag 2600 telefonar om busetting. Nettsidene til IMDi blir også jamleg brukte for å gi oppdatert informasjon til andre aktørar på busettingsfeltet.

Integreringsmottak

IMDi koordinerer den statlege innsatsen med integreringsmottaka. Integreringsmottak skil seg frå ordinære mottak ved at alle bebuvarar over 18 år får tilbod om, og forpliktar seg til å delta i, eit fulltidsprogram. Tilbodet skal omfatte opplæring i norsk, kultur- og samfunnskunnskap, arbeidsretta aktivitetar i tillegg til kompetansekartlegging og karriererettleiing. Vertskommunen for mottaket, driftsoperatøren, karrieresenter og NAV anbefalar busettingskommune til IMDi basert på den registrerte kompetansen til flyktningen, karriererettleiing og moglegheitene kommunane har. Formålet med

anbefalingsprosedyren er å bidra til at flyktningar blir busette i ein kommune med eit relevant utdanningstilbod eller ein arbeidsmarknad som passar til den bakgrunnen og dei behova flyktingen har. IMDi bruker denne anbefalinga ved tildeling av busettingskommune. I 2021 deltok 173 personar i fulltidsprogram på eitt av dei to integreringsmottaka. 92 flyktningar blei busette frå integreringsmottak. Flyktingane blei i all hovudsak busette i samsvar med anbefalinga.

I juli 2020 vedtok regjeringa å føre integreringsmottak vidare som ei permanent ordning. I den samanheng sette IMDi, UDI, AV-dir og HK-dir i gang eit arbeid med å evaluere og forbetre rammene for ordninga, og arbeidet resulterte hausten 2021 i eit samhandlingsdokument som beskriv hovudprinsippa for ordinær drift av integreringsmottak.

Ei hovudutfordring med integreringsmottaka har vore at berre eit mindretal av målgruppa¹⁹ for ordninga blir rekruttert. IMDi har i samband med dette laga informasjonsfilmar på relevante språk for at nykomne innvandrarakar skal få større forståing for kartlegging av den kompetansen dei har med seg, opplæring i asylmottak og integreringsmottak.²⁰ UDI er ansvarleg for rekrutteringa og utarbeidde saman med IMDi ein pilot for å teste nye rekrutteringsmetodar. Arbeidet med dette held fram inn i 2022.

I 2021 kom fleirtalet av nye deltakarakar direkte frå ankomstsenter og transittmottak, og asylsøkjarakar frå Syria og Tyrkia var dei største to gruppene i fulltidsprogrammet i integreringsmottak. Samla sett har ein noko større del av målgruppa fått tilbod om integreringsmottak i 2021 enn i 2020.

¹⁹ Målgruppa for integreringsmottak er vaksne og familiar som har søkt om beskyttelse i Noreg, og som har fått opphaldsløyve, eller som det er svært sannsynleg at får det.

²⁰ Sjå informasjonsfilmane om tidleg innsats [her](#).

3.2 KVALIFISERING FOR VARIG TILKNYTING TIL ARBEIDSLIVET

Foreløpige tal for 2021

ASYLSØKJARAR I MOTTAK

ca. 550 asylsøkjere i målgruppa for opplæringa i norsk og i samfunnskunnskap

Opplæringa i norsk



67 % deltaking

Samfunnskunnskap



50 % deltaking

INTRODUKSJONSPROGRAM

10 286 deltakere

Formell opplæring

Av 9 333 deltakere (under introduksjonslova)



25 % grunnskole som tiltak



12 % videregående opplæring som tiltak

Slutt mål for deltakere under 25 år utan utdanning på videregående nivå

Av 953 deltakere (under integreringslova)

42 % har slutt mål om å fullføre videregående opplæring

KARRIERERETTLEIING

79 % 842 personer har gjennomført karriererettleiing av i alt 1 060
busatte personer som starta i introduksjonsprogram

61 %

av dei som deltok i
introduksjonsprogram i 2019
var i arbeid eller utdanning eitt
år etter avslutta program



46 %



69 %

Kjelde: SSB

JOBBSJANSEN

Prosjekter for
innvandrerkvinner som
står langt frå arbeidslivet



41 prosjekter

med ambisjon om
1 600 deltakere

120 mill. kr



74 %

av deltakere i
Jobbsjansen i 2020
gjekk over i arbeid
eller utdanning ved
avslutta program

TILSKOT

til tilrettelagd fag- og
yrkesopplæring for voksne
innvandrere



10 prosjekter
i fylkeskommuner

571 deltakere i 2020*

12 mill. kr

*Tal for deltakere i 2021
vil ligge føre i juni 2022

NORSKTRENING

i regi av frivillige
organisasjoner



17 prosjekter
har mottatt tilskot

frå IMDi

5 mill. kr

KLIPPEKORTORDNING

for norskopplæring



ca. 3 000 klippekort
fordelt på 15 tilbydere

30 mill. kr

3.2 Kvalifisering for varig tilknytning til arbeidslivet

Hovudmålet for integreringspolitikken er at innvandrarar i større grad deltar i arbeids- og samfunnsliv. For å oppnå dette er det sentralt at nykomne innvandrarar blir tilbydde og gjennomfører kvalifisering som på sikt kan gi ei varig tilknytning til arbeidslivet. Kvalifiseringstiltaka skal fylle gapet mellom kompetansen den enkelte nykomne innvandrar har, og det arbeidsmarknaden krev.

IMDi har ikkje sjølv kvalifiseringstenester direkte retta mot flyktningar og innvandrarar. Målet med verkemidla til IMDi er å gjere aktørar som skal tilby kvalifiseringstiltak, betre i stand til å gjere gode prioriteringar og utvikle praksisen sin. Arbeidet vårt og tilrettelegginga av verkemiddel har som mål å auke kvaliteten på tenestetilbodet til aktørane slik at kvalifisering av flyktningar og innvandrarar er målretta og tilpassa behova til deltakarane.

Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven) tredde i kraft 1. januar 2021 og inneber den største endringa i integreringspolitikken på mange år. Eit sentralt grep i den nye lova, i tillegg til nytt obligatorisk innhald og differensiering av programtid, er faglege anbefalingar i form av standardiserte element som skal bidra til høgare kvalitet i planlegging og gjennomføring av introduksjonsprogrammet. Implementering av integreringslova og innføring av standardiserte element har hatt høg prioritet i arbeidet til IMDi i 2021.

Arbeidet til IMDi for kvalifisering og varig tilknytning til arbeidslivet blant innvandrarar

Det er mange ulike aktørar på kvalifiseringsfeltet, og kvalifisering av nykomne innvandrarar skjer i skjeringsfeltet mellom introduksjonsprogram, vaksenopplæring, vidaregåande opplæring, arbeidsmarknadstiltak i regi av NAV og tilbod og aktivitetar i frivillig sektor.

Det er eit stort behov for samordning av aktørar, ordningar og verkemiddel. IMDi har ei sentral rolle som pådrivar og samordnar overfor aktørar på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå for å styrkje arbeidet kommunane, sektormyndigheitene og andre samarbeidspartnarar gjer for kvalifisering og mangfald av målgruppa, og like eins styrkje kompetansen deira om dette.

Innsatsen til IMDi skal bidra til at kommunane og fylkeskommunane kan jobbe kunnskapsbasert. IMDi gjennomfører derfor evalueringar og FoU-prosjekt og følgjer opp prosjekt som får tilskot for å vareta behovet i kommunane for rettleiing og sikre utvikling av god praksis på tvers av kommunar i landet. IMDi forvaltar ei rekkje tilskotsordningar der ønskt effekt er auka sysselsetjing av innvandrarar. Gjennom tilskotsordningane *Jobbsjansen*, *tilskot til utvikling av kommunale integreringstiltak* og *tilskot til etablering og gjennomføring av tilbod om tilrettelagd fag- og yrkesopplæring* kan kommunane og fylkeskommunane oppnå auka kvalitet i tilboda sine til målgruppene og dermed også betre integreringsresultata sine. IMDi sørgjer for at ny kunnskap og informasjon om

metodeutvikling, som har sentral overføringsverdi, blir formidla til kommunane og andre relevante aktørar. Kommunane og fylkeskommunane har gjennom året fått tilbod om rettleiing og kompetansehevingstiltak, blant anna gjennom deltaking på fagverkstaden til IMDi, som også i 2021 blei gjennomført digitalt.

IMDi formidlar kunnskap, utviklar og tilbyr verktøy som skal bidra til å gjere arbeidsgivarar meir bevisste på etnisk mangfald som ein ressurs. Dette omfattar kunnskap om korleis verksemdar kan gå fram for å styrkje etnisk mangfald gjennom rekruttering og kompetanseheving i for eksempel mangfaldsleiing. Målgruppa er verksemdar i både offentleg og privat sektor og partane i arbeidslivet. Innsatsen til IMDi skal bidra til å auke rekruttering og sikre berekraftig tilknytning til arbeidslivet for innvandrarakar. For meir om samarbeidet IMDi har med aktørar innan frivilligheit og samfunnsliv, *sjå kapittel 3.3 – Høg deltaking i samfunnslivet*.

I februar 2021 arrangerte IMDi, Utdanningsdirektoratet og Arbeids- og velferdsdirektoratet ei felles leiarsamling. Deltakarar var fylkesutdanningssjefane i fylkeskommunane, fylkesdirektørane i NAV og nøkkelaktørar frå eigne direktorat, Direktorat for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), KS og statsforvaltarane. Formålet med den årlege leiarsamlinga er å styrkje samarbeidet mellom sektormyndigheitene for å bidra til betre integrering og varig tilknytning til arbeidslivet gjennom kvalifisering. I 2021 var søkjelyset særleg retta mot korleis dagens utfordrande arbeidsmarknad som følgje av koronapandemien påverkar innvandrarakar med låge formelle kvalifikasjonar. Det blei parallelt med dette sett søkjelys på kva for moglegheiter som ligg i integreringslova, og kva for moglegheiter som låg i integreringspakkane knytte til pandemien som regjeringa la fram i løpet av året.

Andre samordnings- og rettleiingsaktivitetar for kvalifisering og høgare deltaking blant innvandrarakar i arbeidslivet som IMDi har gjennomført i 2021, omfattar

- ◆ tre korte og to lengre digitale fagverkstader for tilsette som jobbar med kvalifisering av målgruppene
- ◆ formidling av innhaldet i integreringslova på fleire regionale samlingar i regi av statsforvaltaren og innlegg på nasjonale konferansar som ledd i arbeidet med støtte opp under implementering av integreringslova
- ◆ fem nettverkssamlingar for utvikling av kommunale integreringstiltak for prosjektkommunane og samarbeidspartnarane deira. På nettverkssamlingane var blant anna formell opplæring, irekna mål om delkompetanse, i fokus.
- ◆ seks fylkesvise prosjektsamlingar for Jobbsjansen, med deltaking av prosjektkommunar og representantar frå fylkeskommunane
- ◆ ei nasjonal nettverkssamling for Jobbsjansen med vekt på kunnskapsdeling og erfaringsutveksling på tvers, samarbeid mellom prosjektet og fylkeskommunar og rettleiing om tilskot
- ◆ bilaterale rettleiingsmøte med kommunar som får midlar gjennom dei søknadsbaserte tilskotsordningane våre

Stortinget behandla 5. mai 2020 Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes arbeid med å integrere flyktninger og innvandrere gjennom kvalifisering til arbeid.²¹ IMDi deltok

²¹ Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes arbeid med å integrere flyktninger og innvandrere gjennom kvalifisering til arbeid: [Dokument 3:4 \(2019-2020\)](#)

i alle møte i den tverrdepartementale arbeidsgruppa som blei nedsett og leidd av Kunnskapsdepartementet for å svare ut Riksrevisjonens påpeikingar, og samarbeidde med andre relevante direktorat med konkrete innspel til arbeidet. IMDi har aktivt brukt foreslåtte tiltak i rapporten frå den tverrdepartementale arbeidsgruppa inn i eksempelvis samarbeidet om felles oppdrag (oppdrag nr. 2021-28) med Arbeids- og velferdsdirektoratet og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. Rapporten har vore eit nyttig felles utgangspunkt for samarbeidet. Sjå nærmare omtale under *Utvikling av effektive og gode utdannings- og opplæringstenester*.

Samordning, opplæring og rettleiing for betre kvalifisering av flyktningar

Implementering av integreringslova har hatt høg prioritet i 2021. IMDi har utvikla ei juridisk rettleiing til integreringslova og oppdatert informasjonen og rettleiing om lova og tilgjengelege ressursar på imdi.no. IMDi har også publisert ein enkel animert informasjonsfilm om integreringslova, i tillegg til ein brosjyre omsett til ei rekkje språk til deltakarar som skal følgje introduksjonsprogrammet etter føresegnene i integreringslova.

Informasjon om introduksjonsprogrammet er i tillegg til faglege anbefalingar for arbeid med programmet samla i ein ny digital fagressurs for introduksjonsprogrammet.²² Fagressursen blei publisert 7. januar 2021 og har vore eit verktøy som kommunane har brukt hyppig etter lanseringa. Målgruppa er først og fremst tilsette i kommunane, men også andre samarbeidspartnarar som fylkeskommunane og NAV vil kunne ha nytte av innhaldet i fagressursen. Formålet er at praksisfeltet skal finne nødvendig informasjon og anbefalingar for å kunne planleggje og gjennomføre introduksjonsprogram med god kvalitet. Per 31. desember har det vore til saman 397 000 sidevisingar på fagressursen, med eit gjennomsnitt i underkant av 1 500 ulike besøkjande per måned. Dette tyder på at fagressursen blir brukt som eit oppslagsverk i det daglege arbeidet.

På bakgrunn av innføringa av integreringslova var det behov for å oppdatere rundskriv G27-2017 *Samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere*. I samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet utvikla derfor IMDi ei ny rettleiing om samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten om introduksjonsprogrammet.²³ Formålet med rettleiinga er å gi tydelege råd og anbefalingar for samarbeidet mellom den eininga i kommunen som har ansvar for å tilby introduksjonsprogram, og det lokale NAV-kontoret, uavhengig av om arbeidet med introduksjonsprogrammet er organisert inn under NAV-kontoret eller ikkje. Rettleiinga skal danne grunnlag for utarbeiding av samarbeidsavtale eller samarbeidsrutinar internt i NAV om introduksjonsprogrammet. Rettleiinga har per 31. desember hatt 2 358 sidevisingar på imdi.no.

Rettleiinga har blitt delt internt i NAV, og direktorata har deltatt på ei rekkje fylkesvise samlingar og på fagverkstaden til IMDi for å informere om rettleiinga. Direktoratata har i samarbeid utvikla ein mal for lokal samarbeidsavtale som blei publisert i desember 2021.

IMDi arrangerte, på lik linje med tidlegare år, kompetansehevingsprogram i form av fagverkstad for programrådgivarar og andre som jobbar med kvalifisering av målgruppa. Formålet med fagverkstad er først og fremst å betre kvaliteten i introduksjonsprogrammet og kvalifiseringsarbeidet til kommunane gjennom foredrag og gode eksempel. Temaa for fagverkstad i 2021 var i stor grad knytte til integreringslova,

²² [Fagressurs for introduksjonsprogrammet | Introduksjonsprogrammet \(imdi.no\)](#)

²³ [Samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten om introduksjonsprogrammet | IMDi](#)

med unntak av den første fagverkstaden som omhandla tilpassingar kommunane gjorde av kvalifiseringsarbeidet under koronapandemien. Sjå nærmare omtale under Kompetanseheving gjennom Fagverkstad.

Den nasjonale brukarundersøkinga til IMDi for deltakarar i introduksjonsprogram blei gjennomført for andre gong i 2021. Formålet med brukarundersøkinga er å identifisere korleis introduksjonsprogrammet kan betrast både nasjonalt og lokalt. 187 kommunar la til rette for at introduksjonsdeltakarar kunne svare på undersøkinga, og 2 242 introduksjonsdeltakarar svarte på undersøkinga. Dette utgjer 29 prosent av alle som deltok i introduksjonsprogram i tidsperioden for brukarundersøkinga. Kommunane får tilgang til kommunerapportane sine for brukarundersøkinga i februar 2022, og IMDi inviterer kommunane til eit digitalt møte for rettleiing om korleis kommunane kan følgje opp svara i undersøkinga.²⁴ Resultata vil vere klare i april 2022.

Statlege tilsyn

Det blei ikkje gjennomført statleg tilsyn etter introduksjonslova og integreringslova i 2021. Statsforvalterne fekk i oppdrag å gjennomføre minimum to samlingar innan andre kvartal 2021 for å rettleie kommunane i det nye regelverket. Gjennomføringa av dette oppdraget skal rapporterast i årsrapporten til embeta for 2021. I 2021 blei det gjennomført pilottilsyn ved Statsforvaltaren i Agder og Statsforvaltaren i Oslo og Akershus som grunnlag for utarbeiding av tilsynsinstruks for 2022–2024.

Opplæring for asylsøkjjarar i mottak

I følgje formålsparagrafen til integreringslova skal lova leggje til rette for at asylsøkjjarar får tidleg kjennskap til norsk språk og samfunnsliv. Vertskommunar for mottak har ansvar for å tilby asylsøkjjarar 175 timar opplæring i norsk og 25 timar opplæring i samfunnskunnskap. Asylsøkjjarar i mottak har plikt til å delta i opplæringa.

Målet med norskopplæring i mottak er å gi asylsøkjjarar eit ferdigheitsnivå i norsk som set dei i stand til å bruke eller byggje vidare på kompetansen sin i utdanning, arbeid og samfunnsliv. Foreløpige tal for 2021 viser at 376 av 551 asylsøkjjarar i målgruppa fekk norskopplæring i 2021. Delen asylsøkjjarar som deltok i opplæringa, har auka frå 51 prosent i 2020 til 68 prosent i 2021.

Målet med opplæring i samfunnskunnskap er å gi asylsøkjjarar ein tidleg introduksjon til norske lover, verdiar og kultur. Foreløpige tal for 2021 viser at 242 av 548 asylsøkjjarar i målgruppa fekk opplæring i samfunnskunnskap. 44 prosent av asylsøkjjarar i målgruppa for opplæring i samfunnskunnskap har deltatt i opplæringa i 2021, mot 36 prosent i 2020.

Koronasituasjonen har verka inn på måloppnåinga, og enkelte kommunar har måtta justere tilbodet undervegs. Ei tilbakemelding frå vertskommunar er at det er meir krevjande å tilby opplæring i samfunnskunnskap enn opplæring i norsk for asylsøkjjarar. Opplæringa i samfunnskunnskap skal vere tilpassa deltakargruppa og skal tilbydast på eit språk som deltakarane forstår. Vertskommunar rapporterer om at det har vore utfordrande å samle homogene grupper i ein tilstrekkeleg størrelse for å kunne

²⁴ IMDi skal setje i gang ei kvalitativ undersøking på utvald(e) område i 2022 på bakgrunn av resultat frå 2020- og 2021-undersøkinga.

gjennomføre opplæringa. Dei opplyser vidare at dette kjem av lågt belegg og korte opphald i mottaka i 2021.

Før å auke deltakinga blant personar i målgruppa og heve kvaliteten har IMDi i 2020 etablert eit felles nettverk for vertskommunar for mottak og har i 2021 arbeidd systematisk for å følgje opp kommunar med ansvar for opplæringstilbodet til asylsøkjjarar. IMDi har brukt nettverket som arena for samarbeid, erfaringsutveksling og kompetanseutvikling og har i 2021 arrangert tre digitale og éi fysisk nettverkssamling. Fokuset i samlingane har vore kvalifisering i mottak med eit særleg blikk på moglegheitsrom for å kunne tilby opplæring i norsk og samfunnskunnskap til fleire i målgruppa. IMDi har som ein sentral del av arbeidet med kvalifisering i mottak publisert ein informasjonsfilm mynta på mottaksbebuarar som skal informere om opplæringstilbodet på eit språk mottaksbebuarane forstår.

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for nykomne innvandrarar

Eit av dei viktigaste tiltaka for å kvalifisere nykomne innvandrarar for deltaking i arbeids- og samfunnslivet er opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Foreløpige tal for 2021 viser at 21 497 personar deltok i opplæring i norsk og samfunnskunnskap i løpet av året (26 253 deltakarar i 2020). Om lag 6 av 10 deltakarar i norskopplæringa var også deltakarar i introduksjonsprogrammet (5 av 10 i 2020).

**Tabell 3-2-1. Deltakarar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap.
Tal på personar 2014–2021**

År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021*
Deltakarar i opplæring med rett og plikt	33 431	35 039	39 858	42 227	38 479	31 672	24 009	19 418
Deltakarar med berre plikt	1 671	1 908	1 542	1 836	1 766	2 060	2 163	2 033
Deltakarar med berre rett	251	574	626	488	370	296	81	46
Totalt	35 353	37 521	42 026	44 551	40 615	34 028	26 253	21 497

* Foreløpige tal
Kjelde: NIR

Rask oppstart i norskopplæring

Kommunane har ei lovfesta plikt til å gi tilbod om opplæring til personar som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Tilbodet skal givast så snart som mogleg og seinast innan 3 månader etter at personen er folkeregistrert i kommunen.

Blant dei 4 942 personane som fekk rett og plikt til opplæring i 2020, starta 48 prosent i norskopplæringa innan 3 månader.²⁵ Året før starta 52 prosent av deltakarane i

²⁵ IMDi gjer ei måling av delen personar som har starta norskopplæring innan 3 månader og innan 6 månader etter at personen har komme inn i personkrins «rett og plikt til å delta i norskopplæring». For å måle tidspunktet for start i norskopplæring må det ha gått tilstrekkeleg tid. Eksempelvis vil informasjon som fortel om ein person som kjem inn i personkrins «rett og plikt til å delta i

norskopplæring innan 3 månader. Deltakarar i introduksjonsprogram startar noko raskare i norskopplæring enn resten av målgruppa.²⁶ IMDi antar at delen med rask oppstart i 2020 er påverka av pandemien. Kommunar har både i 2020 og 2021 meldt at det i periodar har vore utfordrande med kartlegging og igangsetjing av norskopplæring for nye deltakarar på grunn av smittevernrestriksjonar.

Tabell 3-2-2. Personar som fekk rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og som startar i opplæring innan 3 og 6 månader. Tal og delar. 2016–2020

Kohort	Tal på personar som fekk rett og plikt	Del som starta i opplæring innan 3 månader	Del som starta i opplæring innan 6 månader*
2016	19 096	51 %	75 %
2017	11 721	48 %	70 %
2018	8 453	50 %	67 %
2019	7 282	52 %	71 %
2020	4 942	48 %	70 %

* Inkluderer personar som starta innan 3 månader.

Kjelde: NIR

Det er stor variasjon mellom kommunane når det gjeld kor mange månader det tar før deltakarane begynner i norskopplæring.

På lik linje med 2019 viser tal for 2020 at mange personar i aldersgruppa 16–25 år blir registrerte som «sene oppstartere». Det er ein ønskt praksis at desse ungdommane deltar i ordinær grunnopplæring i staden for opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Først på eit seinare tidspunkt, når person i målgruppa søker om fritak frå plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, vil personane det gjeld, ikkje lenger komme fram i statistikken over deltakarar som startar seint.

Kvinner har seinare oppstart i norskopplæring enn menn, med unntak av personar i aldersgruppa 33–48 år der delen er ganske lik. Tidlegare gjennomført kartlegging viser at ei utbreidd årsak til seinare oppstart norskopplæring blant kvinner kjem av mangel på barnepass. Samla viser dataa at 53 prosent av menn starta norskopplæring innan 3 månader, mens blant kvinner var delen 46 prosent. Personar i aldersgruppa 41–56 år har raskast oppstart norskopplæring samanlikna med andre aldersgrupper. Seinast oppstart har personar i aldersgruppa 57–67 år, og denne gruppa utgjer berre ein liten del av målgruppa.

Nokre kommunar hadde første halvår 2021 utfordringar med å tilby norskopplæring innan 3 månader til målgruppa som følgje av smittevernrestriksjonar. Kommunane opplevde at det var praktisk utfordrande å gjennomføre inntakssamtalar og kartlegging av nye deltakarar med fysisk oppmøte fordi tenestene til kommunen i periodar i hovudsak var digitale. Sidan opplæringa skjedde digitalt, medførte dette at kommunane måtte gi deltakarane tilgang til digitale verktøy og system, noko som kunne vere ei

norskopplæring» i desember 2021, starta norskopplæring innan 3 eller 6 månader, først kunne lesast hhv. i april og juli 2022. Kommunane har i tillegg tilgang til etterregistrering i 2 månader, og endelege tal er dermed klare i hhv. juli og oktober 2022

²⁶ I 2019-kohorten (2 569 i 2019) starta 64 prosent i norskopplæring innan 3 månader.

særleg utfordring dersom personar hadde svake digitale ferdigheiter. IMDi vil komme tilbake med meir informasjon om dette på eit seinare tidspunkt.

Karriererettleiing i kommunane

Etter busetting, men før oppstart av introduksjonsprogrammet, skal deltakarane delta i karriererettleiing i regi av karrieresentera til fylkeskommunane. Dette skal danne grunnlag for innhald og målsetjingar til den enkelte deltakaren i introduksjonsprogrammet.

Status for karriererettleiing etter integreringslova

Frå 2021 fekk fylkeskommunane ei lovpålagd oppgåve med å yte karriererettleiing til personar i målgruppa for introduksjonsprogrammet. Karriererettleiinga skal byggje på den gjennomførte kompetansekartlegginga. Målet er at karriererettleiinga skal bidra til at den enkelte kan ta reflekterte val om kvalifisering, utdanning og arbeid, og at introduksjonsprogrammet blir tilpassa behova til den enkelte. Formålet er også at introduksjonsprogrammet skal bli meir målretta og dermed bidra til meir varig tilknytning til arbeidslivet for den enkelte.

Karriererettleiaren kan skrive eit notat med anbefalinga si for sluttmål og programinnhald i introduksjonsprogrammet. Notatet blir synleg for busettingskommunen som skal gjere vedtak om introduksjonsprogrammet. Tal for 2021 viser at 842 personar har gjennomført karriererettleiing av 1 060 busette personar som starta introduksjonsprogram. Dette svarer til 79 prosent.

Gitt at kompetansekartlegging og karriererettleiing har vore ei ny oppgåve for høvesvis kommunar og fylkeskommunar i 2021, har IMDi brukt eit breitt verkemiddelapparat for å støtte aktørane med oppgåvene:

- ◆ informasjonsbrev til vertskommunar og busettingskommunar
- ◆ publisert eiga informasjonsside på imdi.no
- ◆ webinar
- ◆ E-læring om kompetansekartlegging
- ◆ digitale samlingar for vertskommunar og fylkeskommunar
- ◆ rettleiingsfilmar om kompetansekartlegging til sluttbrukar på åtte språk
- ◆ kompetansekartlegging og karriererettleiing som tema under den digitale sendinga frå IMDi: *Busettingsveka 2021*

Karrieresentera er nye brukarar av *IMDinett* frå 2021, og IMDi har gjort rettleiingsmateriell for gruppa tilgjengeleg på nettsidene våre. IMDi vil utvikle ei forbetra løysing for notat frå karriererettleiaren i vidareutviklingsprosjektet for *IMDinett Bosetting* (2023).

Introduksjonsprogrammet

Foreløpige tal viser at det i 2021 var det totalt²⁷ 10 286 personar som hadde deltatt i introduksjonsprogram (13 942 deltakarar i 2020). Av desse var 1 982²⁸ nye deltakarar i 2021 (2 227 nye deltakarar i 2020).

Av dei 2 252²⁹ personane som fekk rett og plikt til introduksjonsprogram i 2021³⁰, starta 51 prosent i programmet innan 3 månader (foreløpige tal). Dette er ein lågare del enn i 2020, da 61 prosent starta innan 3 månader. Kommunar har i dialog med IMDi opplyst at dei ikkje er à jour med å registrere deltaking i NIR for introduksjonsdeltakarar under integreringslova. Vi forventar dermed at endelege tal vil vise at ein høgare del starta opplæringa innan 3 månader enn det foreløpige tal viser. I kommunepanelet til IMDi har fleire kommunar rapportert at lang saksbehandlingstid hos politiet har medført at det tar lang tid å få avtalar om registrering, spesielt for familiesameinte. Dette gir tregleik i systemet for gjennomføring av karriererettleiing og kompetansekartlegging.

Som i 2020 starta menn raskare enn kvinner.

Tabell 3-2-3. Deltakarar i introduksjonsprogram, nye deltakarar og deltakarar som har avslutta program. Tal på personar. 2016–2021 (foreløpige tal for 2021)

År	2016	2017	2018	2019	2020	2021*
Deltakarar i alt **	24 074	28 944	27 141	20 968	13 942	10 286
Av desse deltakarar med rett og plikt	23 961	28 811	27 067	19 262	12 727	9 460
Av desse deltakarar som kan tilbydast program	113	133	74	1 706	1 215	826
Nye deltakarar **	9 903	9 672	4 419	3 072	2 227	1 982
Deltakarar som avslutta **	4 790	6 391	8 310	8 207	4 820	2 697

* Foreløpige tal

** Inkluderer både personar med rett og plikt og personar som kan tilbydast introduksjonsprogram

Kjelde: SSB og IMDi/NIR

Grunnskole og vidaregåande opplæring som tiltak i introduksjonsprogrammet i 2021

Foreløpige tal for 2021 viser at 25 prosent av deltakarane hadde grunnskoleopplæring og 12 prosent hadde vidaregåande opplæring som del av sitt program.³¹ I 2020 var tala høvesvis 30 prosent og 12 prosent.

²⁷ Inkluderer personar med rett og plikt til introduksjonsprogram og personar kommunen kan velje å tilby program.

²⁸ Inkluderer personar med rett og plikt til introduksjonsprogram og personar kommunen kan velje å tilby program.

²⁹ Inkluderer personar med rett og plikt til introduksjonsprogram

³⁰ Gjeld perioden 01.10.2020–30.09.2021.

³¹ Deltakarar i introduksjonsprogram med vedtak etter introduksjonslova. Kommunane har eit stort etterslep på registrering av tiltak i NIR for personar under integreringslova, og desse er derfor ikkje inkluderte i delen som blir oppgitt her.

Inndeling i opplæringsspor som gir indikasjon på utdanningsnivået til deltakarane, er uendra frå tidlegare år.³² Dette inneber at delen deltakarar som har behov for å tileigne seg formelle kvalifikasjonar, framleis er høgt.

Ved at 25 prosent av deltakarane i 2021 har grunnskoleopplæring i introduksjonsprogrammet, samanstillt med at om lag 39 prosent av deltakarane har utdanning lågare enn eller har tilsvarande fullført norsk grunnskole ved oppstart i program, går vi ut frå at behovet deltakarane har for grunnskoleopplæring, i høg grad blir dekt.

Vi vurderer derimot at behovet for vidaregåande opplæring/fagopplæring i introduksjonsprogrammet ikkje blei dekt i same grad. Delen som har vidaregåande opplæring som del av sitt introduksjonsprogram i 2021, er 12 prosent, og vi reknar med at ein høgare del av deltakarane vil kunne ha behov for vidaregåande opplæring i introduksjonsprogrammet. Vurderinga er gjord med bakgrunn i utdanningsnivået deltakarane har, sett opp mot utdannings- og kompetansekrav i norsk arbeidsliv. Deltakarar på spor 1 (analfabetar/begynt eller fullført grunnskoleopplæring) utgjør 39 prosent. Deltakarar på spor 2 og spor 3 (begynt eller fullført vidaregåande opplæring og høgare utdanning) utgjør 61 prosent.

Derimot ser vi at tidlegare introduksjonsdeltakarar i større grad enn tidlegare år³³ går over i vidaregåande opplæring etter avslutta introduksjonsprogram. Dette kan vere ein indikasjon på at ein høg del av deltakarane ikkje når eit tilstrekkeleg ferdigheitsnivå til å følgje opplæring på vidaregåande nivå innanfor perioden dei deltar i introduksjonsprogram, og at opptak til vidaregåande opplæring først er aktuelt etter avslutta program. Det kan også vere ein indikasjon på at fylkeskommunar ikkje i tilstrekkeleg grad har lykkast i å gi tilbod om vidaregåande opplæring, eventuelt i kombinasjon med kommunal grunnskoleopplæring, som er godt nok tilpassa deltakarar i introduksjonsprogrammet.

I 2021 har IMDi vektlagt endringar som følgje av integreringslova i formidlingsarbeidet sitt overfor kommunar og fylkeskommunar. Som ledd i denne formidlinga har det vore søkjelys på målsetjinga om auka tilbod om formell opplæring til deltakarar i introduksjonsprogrammet. IMDi gjennomførte i november ei nasjonal fagsamling for fylkeskommunar og andre samarbeidspartar om tilrettelagd vidaregåande fagopplæring for vaksne innvandrarar som eit ledd i oppfølging av tilskot til tilrettelagd fag- og yrkesopplæring. Sjå nærmare omtale under *Tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarar*.

I kommuneundersøkinga 2021 blei kommunane spurde om korleis dei legg til rette for at deltakarar i introduksjonsprogrammet skal få moglegheit til å delta i grunnskoleopplæring. Ein majoritet av kommunane (61,5 % av totalt 135 kommunar) som svarte på spørsmålet, svarte at det blir lagt til rette for dette gjennom samarbeid i form av avtale / felles definerte mål mellom eininga med ansvar for å tilby introduksjonsprogram, vaksenopplæringscenter og/eller andre kommunale instansar som tilbyr grunnskoleopplæring for vaksne. Ein relativt høg del (48,1 %) svarte også at timeplanar for grunnskole blir samkørde med norskopplæring og samfunnskunnskap og anna opplæring for deltakarar i introduksjonsprogrammet. Ein mindre del av

³² I 2021 var delen med spor 1: 39 prosent, spor 2: 45 prosent og spor 3: 16 prosent (foreløpige tal).

³³ Frå før år 2020.

respondentane gav også opp at kommunen legg til rette undervisningstida individuelt, og/eller at kommunen tilbyr undervisning på kveldstid.

Kommunane blei også spurde om korleis dei legg til rette for at deltakarar i introduksjonsprogrammet skal få moglegheit til å delta i vidaregåande opplæring. Omtrent halvparten av kommunane som svarte på spørsmålet (N = 134), svarte at dette blir gjort gjennom samarbeid i form av avtale / felles definerte mål mellom eininga med ansvar for å tilby introduksjonsprogram, vaksenopplæringscenter og fylkeskommunen. I underkant av ein tredel av respondentane gav opp at timeplanar på VGO blir samkørde med anna opplæring for deltakarar i introduksjonsprogrammet. Ein mindre del av respondentane gav også opp at undervisningstida blir lagd til rette individuelt, og/eller at undervisning blir tilbydd på kveldstid.

Sluttmål for deltakarar under 25 år utan utdanning på vidaregåande nivå

Det er ei målsetjing i integreringslova at deltakarar under 25 år utan utdanning på vidaregåande nivå primært skal ha som sluttmaal å fullføre vidaregåande opplæring. Som det kjem fram av oversikta under, ser vi at sluttmaal for ein høg del av målgruppa er på eit lågare ambisjonsnivå. I 2022 vil IMDi vil rette innsats mot å sjå nærmare på arbeidet til kommunane knytt til denne målgruppa.

Blant deltakarar under 25 år utan utdanning på vidaregåande nivå hadde 42 prosent sluttmaal om å fullføre vidaregåande opplæring i 2021 (foreløpige tal).

Tabell 3-2-4. Sluttmaal for deltakarar under 25 år som ikkje har fullført utdanning på vidaregåande nivå ved oppstart introduksjonsprogram i 2021 (foreløpige tal)

Sluttmål 2021 (foreløpige tal)	Tal på deltakarar	Prosent
Arbeid – person har ikkje utdanning på vidaregåande nivå frå før	4	3 %
Fullføre delar av grunnskole	12	10 %
Fullføre delar av vidaregåande opplæring	21	18 %
Fullføre grunnskole	32	27 %
Fullføre vidaregåande opplæring – under 25 år	50	42 %
Totalt	119	100 %


Deltakarar som avslutta introduksjonsprogram 2021

Det var færre deltakarar som avslutta introduksjonsprogrammet i 2021 enn i 2020. Foreløpige tal viser at om lag 2 697 deltakarar avslutta programmet i 2021, mens 4 820 deltakarar avslutta i 2020.³⁴ Mange deltakarar fekk utvida introduksjonsprogram med heimel i mellombels lov i 2020 og 2021 som følgje av koronasituasjonen og/eller forlengd introduksjonsprogrammet med inntil tre år.

Foreløpige tal for 2021 viser at 49 prosent gjekk over til arbeid eller utdanning direkte etter avslutta program. 30 prosent av deltakarane gjekk over til vidaregåande opplæring og høgare utdanning direkte etter avslutta program, mens 19 prosent gjekk over til arbeid (foreløpige tal). Blant dei som avslutta program i 2020, gjekk 50 prosent over i arbeid eller utdanning direkte etter avslutta introduksjonsprogram, fordelt med 17 prosent til arbeid og 33 prosent til utdanning.

³⁴ Dei som avslutta program, utgjorde 26 prosent av deltakarane i 2021 (foreløpige tal). Deltakarane som avslutta i 2020, utgjorde 35 prosent.

Figur 3-2-1: Delen deltakarar med overgang til arbeid og utdanning direkte etter avslutta introduksjonsprogram. Prosent 2016–2021 (foreløpige tal for 2021)



**Både i 2020 og i 2021 gjekk ein forholdsvis høg del over til vidaregåande opplæring direkte etter avslutta program samanlikna med tidlegare år.

Delen som hadde grunnskoleopplæring som del av programmet sitt, auka jamt i perioden 2017–2020, frå å utgjere 19 prosent i 2017 til å utgjere 30 prosent i 2020.³⁵ Dette kan ha bidrege til at delen av deltakarane som er kvalifisert for opptak til vidaregåande opplæring etter avslutta introduksjonsprogram, har vore høgare i 2020 og 2021 samanlikna med tidlegare år.

Foreløpige tal viser at det er fleire kvinner enn menn som avslutta introduksjonsprogram i 2021. I 2021 utgjorde kvinner 56 prosent av dei som avslutta, og menn 44 prosent (foreløpige tal). I 2020 utgjorde kvinner 49 prosent og menn 51 prosent. Fordi kvinner erfaringsmessig har om lag 20 prosentpoeng lågare måloppnåing enn menn etter avslutta introduksjonsprogram, kan det at kvinner i 2021 utgjør ein større del enn menn blant dei som avsluttar program, ha noko å seie for resultatet i 2021.

Resultat for deltakarar som avsluttar introduksjonsprogram – målt eitt år etter avslutta program

Foreløpige tal frå SSB over tidlegare deltakarar i introduksjonsprogram viser at 61 prosent av dei som avslutta introduksjonsprogrammet i 2019, var i arbeid eller utdanning eitt år etter enda program. Blant dei som avslutta programmet i 2018, var 66 prosent i arbeid og/eller utdanning eitt år etter enda program (per november 2019).

Til liks med tidlegare år er det store forskjellar mellom menn og kvinner. 69 prosent av mennene og 46 prosent av kvinnene var i arbeid og/eller utdanning eitt år etter avslutta program. Året før, i 2019, status for 2018-kohorten, var dei tilsvarande delane 73 og 48 prosent.

³⁵ I 2021 hadde 25 prosent av deltakarane grunnskoleopplæring som del av introduksjonsprogrammet sitt.

Dei foreløpige tala frå SSB (september 2021) viser at blant dei som avslutta introduksjonsprogram i 2019, var det eitt år etter, i november 2020, ein nedgang i delen sysselsette, mens delen under utdanning hadde auka noko. Den samla delen som var sysselsett og/eller under utdanning, var redusert med så mykje som 5 prosentpoeng sidan førre måling. Vi går ut frå at nedgangen kom av situasjonen på arbeidsmarknaden i 2020 som følgje av covid-19, og at moglegheitene på arbeidsmarknaden under ein pandemi er særleg utfordrande for dei som ikkje har tidlegare tilknytning til arbeidsmarknaden, medrekna for «tidligere introduksjonsdeltakere». Vi merkar oss at delen kvinner som er oppførte som arbeidsledig og/eller er på tiltak, er noko redusert dei siste tre år, mens delen menn har auka i same perioden.

Innsatsen frå IMDi for å forbetre resultata i introduksjonsprogrammet

Kompetanseheving gjennom fagverkstad

IMDi arrangerte fem fagverkstader i 2021 for kompetanseheving av programrådgivarar og andre som jobbar med kvalifisering av innvandrarakar. På grunn av varige restriksjonar knytte til koronapandemien blei fagverkstad 2021, på lik linje med fagverkstad i 2020, arrangert som digitale webinar. Alle sendingane av fagverkstad 2021 er tilgjengelege på nettsidene til IMDi i 6 månader etter sending.

Dei tre webinarane som blei haldne på våren, hadde i snitt 350 sjåarar per sending, mens dei to sendingane om hausten i snitt hadde 450 sjåarar. Evalueringa av fagverkstad om hausten viser at 27 prosent av sjåarane har sett på sendinga saman med andre, og at nokre kommunar har brukt fagverkstadsendingane som kompetanseheving for sine tilsette. Dette tilseier at talet på sjåarar per fagverkstad er høgare enn det vi har greidd å måle.

Temaa i 2021 var hovudsakleg integreringslova og relaterte tema, med unntak av første sending som handla om kvalifisering under koronapandemien. Alle sendingane har innehalde eksempel og modellar frå kommunar og fylkeskommunar. Temaa gjennom året har vore:

- ◆ Integreringspakkane og midlertidige lover om tilpassingar i introduksjonsloven og integreringsloven for å avhjelpe konsekvensar av utbrudd av covid-19
- ◆ Digitalisering av tilskotsordningar
- ◆ Nasjonalt introduksjonsregister (NIR)
- ◆ Målretta kvalifisering gjennom samarbeid
- ◆ Presentasjon av den nye rettleiinga: *Samarbeid mellom kommunen og arbeids- og velferdsetaten om introduksjonsprogram* ³⁶
- ◆ Nasjonal brukarundersøking for deltakarane i introduksjonsprogram 2021
- ◆ Lansering av den nye rettleiinga *Kvalifiseringsløp for voksne innvandrere* ³⁷
- ◆ Presentasjon av nye læreplanar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar
- ◆ Slutt mål i introduksjonsprogrammet
- ◆ Livsmeistring i eit nytt land

³⁶ [Samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten om introduksjonsprogrammet | IMDi](#)

³⁷ [Veileder: Kvalifiseringsløp for voksne innvandrere | IMDi](#)

Implementering av integreringslova og standardiserte element

I 2021 har IMDi utvikla kompetansehevande tiltak og støtteverktøy som skal bidra til implementering av integreringslova. I samband med dette har IMDi oppretta eit kommunepanel. Formålet med kommunepanelet er å gi IMDi moglegheita til å følgje implementeringa av integreringslova gjennom fortløpande og uformelle tilbakemeldingar frå tilrettelegginga kommunane har gjort for det første «kullet» av deltakarar som inngår i målgruppa for den nye lova. Kommunepanelet består av ein kommune frå kvart fylke. Kommunane som deltar, er Oslo, Stavanger, Sykkylven, Hadsel, Lørenskog, Nord-Aurdal, Flekkefjord, Sunnfjord, Levanger, Sør-Varanger og Holmestrand. Det blei halde to digitale møte i kommunepanelet i 2021.

Gjennom 2021 har vidareutviklinga av standardiserte element i introduksjonsprogrammet i hovudsak handla om å utvikle faglege anbefalingar for integreringsfremjande element i regi av frivillig sektor og om å utvikle ein rettleiingsressurs for elementet *Livsmeistring i eit nytt land*.

IMDi har i samarbeid med Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) utvikla faglege anbefalingar og verktøy for integreringsfremjande element i regi av frivillig sektor. Integreringsfremjande element skal støtte opplæring i norsk og samfunnskunnskap og arbeids- og utdanningsretta innhald i introduksjonsprogrammet og bidra til god integrering av deltakarar i introduksjonsprogrammet.

Dei faglege anbefalingane for integreringsfremjande element i regi av frivillig sektor er baserte på relevant kunnskap frå forskning og erfaring frå praksisfeltet i form av anbefalingar og innspel frå ei ekstern faggruppe. Den eksterne faggruppa var samansett av personar frå fire kommunar, to fylkeskommunar og to frivillige organisasjonar. Anbefalingane og verktøya vil bli formidla gjennom fagressursen for introduksjonsprogrammet i løpet av første kvartal av 2022.

Arbeidet med vidareutviklinga av det obligatoriske elementet *Livsmeistring i eit nytt land* har vore delt mellom HK-dir og IMDi, der IMDi har ansvaret for temaområde migrasjon, helse og mangfald og HK-dir har ansvaret for temaområde karrierekompetanse. IMDi etablerte våren 2021 ei prosjektgruppe for å utvikle ein rettleiingsressurs for kurshaldarar i elementet. Rettleiinga skal gi utdjupande beskrivingar av ønskt utbytte for temaa innanfor begge temaområde og er meint å fungere som fagleg støtte for kurshaldarar og andre innleiarar i desse temaa. Prosjektgruppa i IMDi har etablert ei ekstern faggruppe med representantar frå vaksenopplæring, flyktningskontor, Helsedirektoratet og andre med migrasjonshelsefagleg kompetanse og i tillegg hatt jamlege statusmøte med HK-dir.

Eit førsteutkast av rettleiinga med innleiingskapittel og forslag til kursopplegg for dei obligatoriske timane har blitt pilotert i november/desember 2021 ved vaksenopplæringane i Ålesund og Bergen. Rettleiinga vil i si ferdige form publiserast på fagressursen for introduksjonsprogrammet og vil innehalde forslag til konkrete kursopplegg, både for det obligatoriske minimumstimetalet på 10 timar og for eit behovsbasert tilbod. Planlagd ferdigstilling av rettleiinga er første halvår i 2022.

Utgreiing av kompetansekrav for programrådgivarar

I integreringslova er det oppført kompetansekrav for lærarar som underviser i norsk etter integreringslova. IMDi fekk i 2021 i oppdrag å greie ut moglegheita for og på kva måte kompetansekrav kan innførast for programrådgivarar i introduksjonsprogrammet. Bakgrunnen for oppdraget var at kompetansen til programrådgivarane er viktig for god

kvalitet på tilbudet. IMDi anskaffa eksterne ressursar ved Oslo Economics, som samarbeidde med Agenda Kaupang og OsloMet/NIBR for å greie ut dette. På bakgrunn av rapporten blei kompetansekrav vurdert som et lite treffsikkert tiltak for å oppfylle kompetansebehovet. Kompetansebehovet er samansett, varierende mellom kommunar og organisasjonar, og behovet enkelte stader kan vere å sikre ei breidd i kompetansen. IMDi anbefalte derfor ikkje å innføre kompetansekrav på noverande tidspunkt.

ICDP-foreldrerettleiingskurs i introduksjonsprogrammet

I 2021 arrangerte IMDi, i samarbeid med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), 9 sertifiseringskurs i ICDP foreldrerettleiing for 110 kommunetilsette i 52 kommunar inkludert 3 bydelar i Oslo kommune. Kompetansehevinga bidreg til at kommunar kan gi god og kompetent foreldrerettleiing til deltakarar i introduksjonsprogram, og skal medverke til god integrering av nykomne innvandrarak i det norske samfunnet. Dette har vore viktig i 2021 der foreldrerettleiing har blitt eit nytt obligatorisk innhald i introduksjonsprogrammet for deltakarar som har eller ventar barn. Som følge av koronapandemien skjedde opplæringa digitalt også i 2021. Kompetansehevinga bidreg til at kommunar har tilsette som kan gi fagleg og kompetent foreldrerettleiing til deltakarar i introduksjonsprogram. Formålet er at foreldrerettleiing skal bidra til god integrering.

Informasjon om stipendfinansiering av vidaregåande opplæring

IMDi har eit løpande samarbeid med Statens lånekasse. Statens lånekasse har i både 2020 og 2021 produsert informasjonsmateriell om stipendfinansiering av vidaregåande opplæring for flyktningar. I undervisningsåret 2020–2021 var det 11 947 personar som fekk tildelt flyktningstipend, fordelt på 4 757 kvinner og 7 190 menn. Ein informasjonsfilm om stipendordning for flyktningar blei ferdigstilt i 2021. IMDi har også i 2021 publisert og formidla informasjon om Lånekassens stipendordning for flyktningar i nettartikkel,³⁸ nyheitsbrev, fagressurs for introduksjonsprogrammet og på konferanse for tilsette i fylkeskommunane i november 2021.

Utvikling av effektive og gode utdannings- og opplæringstenester

IMDi deltar vidare i eit felles oppdrag, oppdrag nr. 2021-28, med Arbeids- og velferdsdirektoratet og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse med mål om å utvikle effektive og gode utdannings- og opplæringstenester for ledige, permitterte og utsette grupper på arbeidsmarknaden. I tillegg nr. 6 til tildelingsbrev 2021 til IMDi blei det presisert at oppdraget skal utvidast til å omfatte eit samarbeid med IMDi om integreringsfeltet, som følge av ansvaret direktoratet har for implementering av integreringspolitikken. IMDi blei bede om deltaking i det vidare arbeidet med oppdraget, med særleg vekt på deloppdraga (tiltaka) der innvandrarak utgjerk ein større del av målgruppa. IMDi leverte i tråd med oppdraget den 15. september 2021 ein modell for utviding av oppdraget til å inkludere integreringsfeltet og innvandrarak og leverte utgreiing om bidraget frå IMDi til departementa. IMDi skal sikre at satsinga varetar behova til nykomne og andre innvandrarak som har svake norskferdigheiter og behov for kvalifisering i møte med tenestene til NAV og fylkeskommunane. Det er likevel eit felles ansvar for direktorata å sikre at IMDi blir kopla på dei ulike delprosjekta og tiltaka etter behov. IMDi vil særleg kunne bidra med sin sektorkunnskap om kvalifisering av nykomne innvandrarak og kvinner som står utanfor arbeidslivet. Som fagdirektorat og nasjonalt kompetansesenter med ansvar for integreringsfeltet har IMDi både brei innsikt i og kunnskap om målgrupper som er omfatta av satsinga.

³⁸ [Grunnskole og vidaregåande opplæring | IMDi](#)

Deltakinga til IMDi har særleg vekt på deloppdrag 06 som har som hovudformål å vidareutvikle og prøve ut samarbeidsmodellar for tilpassa opplærings- og utdanningstiltak, realkompetansevurdering og karriererettleiing. IMDi har knytt «Forsøk med å utvikle en nasjonal samarbeidsmodell for tilrettelagt fag- og yrkesopplæring for voksne innvandrere» til dette felles oppdraget.

Utvikling av digitale løysingar og tenester

Kommunane bruker Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) til å registrere deltakinga til enkeltpersonar i introduksjonsprogram, opplæring i norsk og samfunnskunnskap og opplæring for asylsøkjjarar. Data frå NIR blir brukte til rapportering til departementet, til publisering av statistikk og analysar av SSB og IMDi og som grunnlag for vidareutvikling og forskning på integreringsfeltet. IMDi har i 2021 ferdigstilt arbeidet med å tilpasse NIR til ny integreringslov, sjå nærmare omtale under kapittel 4 *Styring og kontroll i verksemda*.

Grunnleggjande systemstøtte for ny lov blei levert 1. januar 2021, da lova tredde i kraft. Funksjonalitet for å registrere deltaking og andre tilpassingar til ny lov blei levert i løpet av våren, med siste delleveranse i juni 2021. IMDi har også i 2021 lagt til rette for endringar i NIR som følgje av ny ordning samfunnskunnskap med iverksetjing 1. januar 2022.

Brukarstøtta hos IMDi tar imot og svarer på førespurnader og spørsmål frå kommunane som blant anna er knytte til kva rettar og plikter enkeltpersonar har etter introduksjonslova og integreringslova, regelverk, norskskilt, pålogging, tekniske feil og registreringar i NIR. IMDi fekk og svarte på rundt 4 900 skriftlege saker og 3 300 telefonar i løpet av 2021.

Andre ordningar og verkemiddel for auka deltaking i arbeidslivet

Tilskot til utvikling av kommunale integreringstiltak

Tilskotsordninga for utvikling av kommunale integreringstiltak har som formål å auke kvaliteten og betre resultata i integreringsarbeidet til kommunane. Tilskotsordninga skal bidra til kunnskaps- og metodeutvikling av nasjonal interesse med overføringsverdi til andre kommunar på tvers av landet. I 2021 utvikla 67 prosjekt tiltak, metodar og modellar innanfor seks prioriterte område.³⁹

To av satsingsområda endra innhald i 2021:

- ◆ Område 1 *Lengre kvalifiseringsløp* (år 4 etter gjennomført treårig introduksjonsprogram) blei avgrensa til berre å gjelde forsøk med utdanningsretta tiltak. IMDi har fått tilbakemelding frå kommunar om at denne endringa har vore negativ for deltakarar som har behov for eit lengre kvalifiseringsløp for å komme i jobb.
- ◆ Område 4 blei endra frå *Standardiserte element* til *Kvalitet i innhald i introduksjonsprogrammet* med prioritering av innhaldselementa livsmeistring i eit nytt land, korte bransjekurs og arbeid på deltid.

³⁹ [Prosjektkatalog 2021 - Tilskudd til utvikling av kommunale integreringstiltak - område 1-3 \(imdi.no\)](https://www.imdi.no/prosjektkatalog-2021)

Prosjekta har med nokre få unntak hatt god framdrift. Nokre av prosjekta har hatt problem med å rekruttere deltakarar, i tillegg til nokre avvik og forseinkingar frå opphavlege planar grunna pandemien. Likevel er det iverksett mange kreative løysingar for å kvalifisere til ein omskifteleg arbeidsmarknad under pandemien, blant anna endring av yrkes-/bransjerettinga på kurs for å tilpasse tilbodet til etterspørselen på arbeidsmarknaden.

IMDi har i møte med eit utval fylkeskommunar formidla informasjon om dei kommunale prosjekta i dei enkelte fylka og hatt samtalar om vidare samarbeid. I tillegg har alle fylkeskommunar blitt inviterte til å delta på digitale nettverkssamlingar for prosjekta. I prosjektoppfølginga, både i oppfølgingssamtalar og på digitale nettverkssamlingar, har IMDi lagt vekt på erfaringsdeling mellom prosjekta og klargjering av kva nasjonal overføringsverdi inneber. IMDi formidlar og følgjer også opp at prosjekt blir leiarforankra tidleg i prosjektperioden for å sikre at tiltak og metodar som blir utvikla i prosjektet, etter kvart blir ein del av ordinær drift.

For at produkt slik som rettleiingar, verktøy, metodar og liknande som prosjekta utviklar, skal ha ein reell overføringsverdi, har det vore behov for å spisse forma på og innhaldet i produkta. I 2021 har IMDi hatt auka fokus på produkta til prosjekta. Dette har ført til ei kvalitetsmessig forbetring og klarare bevisstheit hos prosjektkommunane om at det er nytten for andre kommunar som er den faktiske verdien av leveransane tilbake til IMDi. Som eit ledd i tilgjengeleggjering av produkta til alle kommunar er kommunane bedne om å laste opp produkta på heimesida til kommunen. Ein produktkatalog med oversikt over dette er publisert på nettsidene til IMDi.⁴⁰

Tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarar

Tilskotet til tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarar skal stimulere til etablering og gjennomføring av opplæring for vaksne innvandrarar som har rett til vidaregåande opplæring, men som har for svake norskferdigheiter til å følgje ordinær opplæring utan tilrettelegging. Ramma for 2021 var 15 mill. kroner, og søknadssummen var 22 mill. kroner. Ti fylkeskommunar fekk tildelt midlar. Oslo søkte ikkje midlar.

Tala for 2021 vil vere klare i løpet av første halvår 2022. Måloppnåinga for 2021 blir vurdert etter talet på deltakarar som har begynt på opplæring, talet på læreplassar, talet på personar som har avlagt fagbrev, og etablerte samarbeidskanalar som skal sikre rekruttering. I 2020 var det 571 vaksne innvandrarar som deltok i ordninga, av desse var 13 prosent deltakarar i introduksjonsprogram.

Fylkeskommunane har rapporteringsfrist den 15. februar 2022. Rapportering for tilskotsordninga vil inngå i ei samla tilskotsrapportering i juni 2022.

I 2020 var det 571 vaksne innvandrarar som deltok i ordninga, av desse var 13 prosent deltakarar i introduksjonsprogram.

Prosjekta tar i bruk ulike metodar og set i stor grad i verk tiltak utanfor klasseromma. Eit utval eksempel på metodar er:

- ◆ Planmessig internt samarbeid om integrert fag- og yrkeslæring på lærestadene
- ◆ Samarbeid med formidlarar og opplæringskontor lokalt på opplæringsstadene
- ◆ Utarbeiding av rutinar med introduksjonsprogramma
- ◆ Karriererettleiarar og søking til vidaregåande opplæring

⁴⁰ [Produktkatalog for prosjekter i perioden 2020-2021 | IMDi](#)

- ◆ Nettbaserte kurs i studieteknikk
- ◆ Tett oppfølging av inntektssikring for deltakarane
- ◆ Pedagogstøtte til lærestadene

IMDi arrangerte ein konferanse over to dagar i andre halvår 2021 for tilskotsordninga tilrettelagd fag- og yrkesopplæring. Temaa var rolla til fylkeskommunen, erfaringsutveksling, ny opplæringslov, sektorsamarbeid, realkompetansevurdering og pedagogiske metodar og ressursar.

Utvikling av rettleiande materiale som beskriv ulike brukarforløp

IMDi, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, Utdanningsdirektoratet og Arbeids- og velferdsdirektoratet fekk i 2020 i oppdrag å samarbeide om utvikling av rettleiande materiale som skulle illustrere brukarforløp i form av eksempel på gode kvalifiseringsløp for vaksne innvandrarar. IMDi var hovudansvarleg for oppdraget.

Den 30. april blei rapporten *Kvalifiseringsløp for vaksne innvandrere – utvikling av digital visuell veileder* overlevert til Kunnskapsdepartementet.⁴¹ Skisser til rettleiinga og fire eksempelreiser på kvalifiseringsløp følgde også med leveransen. 25. juni blei rettleiinga *Kvalifiseringsløp for vaksne innvandrere* publisert på nettsidene til IMDi.⁴² Dei samarbeidande direktorata har informert om rettleiinga i sine respektive kommunikasjonskanalar og hatt jamleg dialog gjennom året om vidareutvikling av innhaldet. Rettleiinga har i løpet av 2021 hatt 13 420 sidevisingar.

Norsktrenings- og opplæringstilbod gjennom norskinnsatsen

Det blei som del av norskinnsatsen løyvd 15 mill. kroner ekstra i øyremerkte støtte til norsktrening over post 71 *Tilskot til integreringstiltak i regi av frivillige organisasjonar*, del B. Norsktrening er eit lågterskeltilbod til dei som vil snakke og øve seg på norsk. Norsktrening skil seg derfor frå norskopplæring hos ein kurstilbydar eller ved ein vaksenopplæringsstad. Å organisere norsktrening betyr å leggje til rette for at dei som vil øve seg i norsk, har nokon å kommunisere med. Dei som snakkar norsk, støttar dei som vil lære. Norsktrening kan vere alt frå at norsktrenaren sender ein sms eller ein snap, tar ein prat på telefonen til faste tider, til at ein leier organiserte norsktreningsøktar.

Totalt har 17 prosjekt som omfattar norsktrening, fått støtte frå IMDi, i tillegg har IMDi tildelt 5,3 mill. kroner til dei 20 kommunane for vidaretildeling til lokale prosjekt.⁴³ Tilboda inkluderer reine norsktreningsprosjekt og prosjekt som omfattar andre tiltak og aktivitetar. Den største tildelinga gjekk til Raudekrossen Noreg for å halde ved lag og tilpasse norsktrening i 77 lokallag, til etablering av digitale norsktreningstilbod i seks lokallag og til auka rekruttering og opplæring av norsktrenarar. Støtta bidrog til å auke talet frivillige frå 1 050 til 1 334, smittevernrettleiing, erfaringsutveksling og rettleiing til frivillige.

Tilskot til klippekortordning for norskopplæring blei etablert som ei prøveordning i 2021 som ein del av norskinnsatsen. Formålet med tilskotsordninga er å gi eit målretta og fleksibelt tilbod og at deltakarane på sikt når språknivå B1 eller høgare. Ordninga skal også bidra til innovasjon i metodar for norskopplæring der frivillige organisasjonar og offentlege og private aktørar samarbeider. Ordninga er eit supplement til tilbodet om norskopplæring kommunane tilbyr gjennom integreringslova og introduksjonslova.

⁴¹ [Informasjon om koronavaksinasjonsprogrammet gjennom opplæringen i norsk og samfunnskunnskap for innvandrere | IMDi](#)

⁴² [Veileder: Kvalifiseringsløp for vaksne innvandrere | IMDi](#)

⁴³ Datamateriale med totalt tal på deltakarar vil vere klart når kommunane rapporterer i mars/april.

Målgruppa for opplæringa femner breitt og omfattar innvandrarak som har behov for å styrkje norskferdigheitene sine uavhengig av innvandringsårsak og butid. Formålet med ordninga er å gi fleire innvandrarak tilgang til eit målretta og fleksibelt norskopplæringstilbod frå godkjende private tilbydarar. Kvart klippekort gir deltakaren eit norskkurs på 80–100 timar lærarstyrt norskundervisning etter læreplan i norsk for vaksne innvandrarak.

IMDi fordelte 30 mill. kroner gjennom klippekortordninga, noko som svarte til 3 030 klippekort. Midlane blei fordelte på 15 unike tilbydarar, under dette store private tilbydarar som AOF og Folkeuniversitetet, mindre tilbydarar og frivillige organisasjonar. Tilboda er fleksible og varierer frå rein nettbasert undervisning, til klasseromsundervisning og kombinasjonar av desse. Det har vore god pågang av deltakarak til klippekorttilboda. Tilbydarar av norskkurs rapporterer om at fleire deltakarak tar norskprøve etter enda kurs, og at norskopplæringa også kan bidra til gjennomføring av opplæringsløp. Rapportane beskriv også individuelle forskjellar, nokre deltakarak vil trenge fleire kurs for å kunne beherske norsk på eit høgare språknivå.

Det at ordninga er svært etterspurd, blir underbygd av følgjeevalueringa av ordninga som er i gang. Første delrapport blei levert i desember 2021 (Ideas2Evidence, Rapport 12:2021), og rapporten viser overordna sett at aktuelle tilskotsmottakarak opplever ordninga som attraktiv. Følgjeevalueringa⁴⁴ dannar, saman med tilbakemeldingar frå tilbydarane, grunnlag for justering av prøveordninga.

Informasjonskampanje om tilboda i norskinnsatsen

For å rekruttere deltakarak til tilboda gjennomførte IMDi ein målretta informasjonskampanje, der hovudformålet var å rekruttere deltakarak til norsktrening. Kampanjen var opphavleg planlagd å også omfatte rekruttering av deltakarak til norskopplæring gjennom klippekortordninga, men tilbydarane har så langt hatt stor pågang av deltakarak som ønskjer opplæring utan ein slik nasjonal kampanje.

Hovudkampanjen for å rekruttere deltakarak til norsktrening gjekk blant anna for seg i sosiale medium og nettaviser hausten 2021. Filmar og annonsar formidla enkle budskapar om viktigheita av å snakke norsk og var teksta på seks ulike språk. Kampanjen har vore svært vellykka. Filmane blei viste over 1,5 mill. gonger på sosiale medium, og dei største frivillige aktørane innan norsktrening har meldt om auka pågang til tilboda sine. Gjennom hovudkampanjen blei det også utvikla plakatmateriell til bruk for lokale lag og foreiningar som tilbyr norsktrening. Film- og plakatmateriell vil vere tilgjengeleg for organisasjonar og folkebibliotek ut 2023.

Mindre informasjonstiltak om norskinnsatsen retta mot aktørar som frivillige organisasjonar, folkebibliotek og tilbydarar av norskopplæring gjekk for seg i heile 2021.

Som ledd i kampanjen har IMDi, med fagleg støtte frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, inngått avtalar med KIA Norge, Norges Frivilligsentraler, Norske Kvinners Sanitetsforening og Raudekrossen Noreg om arenaer for opplæring retta mot frivillige norsktrenarak. Opplæringa vil setjast i verk i 2022 og vil blant anna møte det auka behovet for nye norsktrenarak.

Jobbsjansen

Formålet med Jobbsjansen er å auke sysselsetjinga blant innvandrankvinner som står langt frå arbeidsmarknaden, og som har behov for grunnleggjande kvalifisering. IMDi gir

⁴⁴ [Delrapport1: Følgjeevaluering av Tilskudd til norskopplæringsordningen | IMDi](#)

tilskot til kommunane til gjennomføring av prosjekt. I statsbudsjettet for 2021 blei det sett av 110,3 mill. kroner til Jobbsjansen. Tilskotsramma blei seinare auka med 25 mill. kroner gjennom integreringspakke II. Målgruppa for Jobbsjansen blei utvida til å inkludere innvandarkvinner i hushald som er blitt avhengige av offentlege ytingar på grunn av koronakrisa, under dette arbeidsløyse, permittering og konkurs av næringsverksemd. Den totale tilskotsramma for ordninga i 2021 var dermed på 135,3 mill. kroner.

I 2021 fekk IMDi 41 søknader om Jobbsjansen-prosjekt, og alle blei innvilga. 30 av dei 41 innvilga prosjekta var vidareføring frå 2020. Dette er kostnadseffektive prosjekt med god måloppnåing over fleire år. Prosjekta tilbyr differensierte kvalifiseringsløp som dekkjer behovet deltakarane har for formell kompetanse og arbeidsretta kvalifiseringskurs/-praksis. Jobbskaping,⁴⁵ samarbeid med sosiale entreprenørar⁴⁶ og bruk av *Supported Employment*-metodik⁴⁷ er blant dei viktige tiltaka i Jobbsjansen-prosjekta. Prosjekta har også lagt stor vekt på å utvikle ulike kvalifiseringsløp som gir formell kompetanse, inklusive delkompetanse, i form av eksempelvis praksisbrev eller fagbrev gjennom praksiskandidatordninga og fagbrev på jobb.

IMDis oppfølging og rettleiing av prosjekta

IMDi følgjer opp og rettleier tilskotsmottakarane for å sikre ei god og effektiv forvaltning av midlane. Vi innhentar kunnskap på tvers av prosjekta for å vidareutvikle ordninga nasjonalt. I 2021 arrangerte IMDi ei nasjonal nettverkssamling for prosjekta, og vi heldt seks fylkesvise oppfølgingsmøte med prosjekta der også representantar for fylkeskommune deltok. IMDi har i tillegg hatt bilateral oppfølging av prosjekta. Formålet med samlingane er å bidra til kunnskapsheving, erfaringsdeling og formidling av god praksis, samtidig som samlingane skal bidra til nettverksbygging. Erfaringa viser at det er viktig med tett oppfølging og god rettleiing frå IMDi for å sjå til at prosjekta blir drifta i tråd med kriterium i rundskrivet, og for å bidra til høgare måloppnåing. Tilbakemeldingane frå kommunane viser at det også er behov for kortare kvalifiseringstiltak og tettare samarbeid med arbeidsgivarar/næringslivet. Prosjekta etterlyser i tillegg at tildelingsramma blir meir føreseieleg, og at denne bør dekkje drift av prosjekta i minst 3 år.

IMDi har gjennom heile 2021 gitt råd og rettleiing for handtering av utfordringar knytte til koronasituasjonen.

Tal på deltakarar og resultat

Det har vore mål om 1 600 deltakarar i Jobbsjansen-prosjekta i 2021. Resultatkravet for delen deltakarar i Jobbsjansen som går over til arbeid eller utdanning etter avslutta program, er 70 prosent. I 2020 gjekk 73,5 prosent av deltakarar over til jobb eller utdanning ved avslutta program.⁴⁸

Resultatet for 2021, faktisk tal på deltakarar, og resultat for 2021 i form av at deltakarane går over til arbeid og utdanning, vil først vere klare i 2. kvartal 2022.

⁴⁵ Jobbskaping betyr aktivitetar som bidreg til at nye jobbar blir skapte.

⁴⁶ Med sosiale entreprenørar er det meint verksemdar som bidreg med nyskapande løysingar på eit sosialt problem. Organisasjonsforma kan for eksempel vere AS, stiftelse eller ein frivillig organisasjon.

⁴⁷ Sjå rettleiingshefte: [Veiledningshefte om Supported Employment-metodik rett mot innvandrere | IMDi](#) for ei innføring i metodikken.

⁴⁸ [Individ- og prosjektrapporteringer i 2020 fra Jobbsjansen | IMDi](#)

Pandemien er likevel venta å gi negative konsekvensar på både kort og lengre sikt for deltakarar i Jobbsjansen-prosjekta. På kort sikt gjeld dette stans i, eller redusert innhald i, program og opplæring. Ein del prosjekt hadde utfordringar når det gjeld rekruttering av deltakarar i 2021. Dette kan medføre at måltalet, tal på deltakarar i det enkelte prosjekt ved rapportering, blir lågare enn oppgitt i prosjektsøknadene. Tilbakemeldingar frå tilskotsmottakarane går ut på at deltakarar i Jobbsjansen-prosjekta i 2020 og 2021 kan ha fått mindre utbytte av opplæringa enn i ein normalsituasjon. Det har vore utfordrande for prosjekta å skaffe praksisplassar til deltakarar. I tillegg er arbeidsmarknaden påverka av pandemien som enno er i gang, og dette kan redusere moglegheitene den enkelte har for overgang til arbeid, og kan medføre ein resultatnedgang for Jobbsjansen.

Mindreforbruk av midlar

Det blei løyvd ekstramidlar til Jobbsjansen i 2020 og i 2021 i samband med integreringspakkane for å avhjelpe konsekvensar av utbrot av covid-19. Tilskotsmidlane, under dette ekstramidlane som blei løyvde til Jobbsjansen i 2020 og i 2021 i samband med integreringspakkane, blei ikkje brukte fullt ut. Bakgrunnen for mindreforbruket på 6,3 mill. kroner i 2020 og ca. 15,1 mill. kroner i 2021 var blant anna at ekstramidlane blei lyste ut på kort varsel. Dette medførte at ikkje alle prosjektkommunar kunne søkje om meir prosjektmidlar fordi kommunane er avhengige av både interne politiske og administrative avklaringar og avsetjing av eigenfinansiering til etablering og utviding av prosjekta sine.

På grunn av smittevernrestriksjonar hadde dei fleste prosjektkommunane også i 2021 utfordringar med rekruttering av deltakarar, utvikling av tiltak og prioritering av utviding av prosjekt. I tillegg brukte fleire prosjekt ikkje opp tilskotsmidlar dei hadde fått i 2020, på grunn av covid-19-pandemien. Kommunane fekk moglegheit til å få overført dei ubrukne midlane på totalt ca. 12,6 mill. kroner frå 2020 til 2021. Dette er også ei forklaring på mindreforbruk av tilskotsramma på ca. 15,1 mill. kroner i 2021. Dersom det ikkje hadde vore overført midlar frå 2020 til 2021, hadde mindreforbruket berre utgjort 2,5 mill. kroner.

Jobbsjansen-register og per capita-basert Jobbsjansen-ordning

IMDi har i tråd med oppdrag nr. 2021-10 del 1 gjennomført ei utgreiing (konseptfase) om etablering av eit Jobbsjansen-register i tråd med beskrivinga av oppdraget og har ved slutten av året begynt på planleggingsfasen for det digitale utviklingsprosjektet.

I tråd med del 2 av oppdraget har IMDi levert ei utgreiing til Kunnskapsdepartementet som presenterer forslag for korleis ei per capita-basert Jobbsjansen-ordning kan innrettast. Utgreiinga omhandlar også korleis piloteringa av forsøket kan gjennomførast i to fylke. Arbeid er no i gang med å førebu gjennomføring av ein pilot og følgjeevaluering i perioden 2022–2025 for å prøve ut per capita-basert Jobbsjansen.

Mangfald i arbeidslivet

IMDi har ei viktig rolle som pådrivar og samordnar for varig deltaking i arbeidslivet for flyktningar og andre med innvandrarakgrunn. IMDi utviklar og formidlar kunnskap, utviklar og tilbyr verktøy og deler erfaringar om korleis verksemdar kan auke det etniske mangfaldet gjennom rekruttering. IMDi formidlar kunnskap om korleis mangfaldsleing kan bidra til meirverdi for verksemdar. Målgruppa er verksemdar i både offentleg og privat sektor og partane i arbeidslivet. Innsatsen til IMDi skal bidra til å auke

rekrutteringa og sikre berekraftig tilknytning til arbeidslivet for innvandrarak, ein god bruk av den kompetansen innvandrarak har, i arbeidslivet, og auka bevisstheit hos arbeidsgivarar om etnisk mangfald som ein ressurs.

Mangfaldsprisen

I 2021 blei *Mangfaldsprisen* på nytt gjennomfrt som ein del av integreringsstrategien til regjeringa for å stimulere arbeidsgivarar til auka bevisstheit om mangfald som ressurs. Formålet med prisen er å fremje etnisk mangfald, betre bruk av kompetansen som innvandrarak har, og å auke rekrutteringa av innvandrarak i arbeidslivet. Dette skal skje gjennom å løfte fram dei gode eksempla på etnisk mangfald i arbeidslivet som kan inspirere andre.

Det ble kåra to vinnarak av *Mangfaldsprisen* i kvart fylke, éin frå kvar av dei to verksemdskategoriane til prisen: *små verksemder* (inntil 19 årsverk) og *mellomstore og store verksemder*. Vinnarak ble kåra av regionale juryar beståande av representantar frå fylkeskommunane, NAV, partane i arbeidslivet og regionale og lokale næringsforeiningar. Dei regionale vinnarak kjempa deretter om å vinne dei nasjonale gull-, sølv- og bronseprisar som høyrer til Mangfaldsprisen. I tillegg blei *Årets mangfaldsverksemd* delt ut til éin av dei to gullvinnarak.

Totalt blei 320 verksemder frå heile landet foreslått som kandidatar til dei regionale prisane til Mangfaldsprisen. Dei 22 regionale vinnarak gjekk automatisk vidare til å konkurrere om dei nasjonale prisane. Talet på foreslåtte kandidatar var ein liten auke frå 2020.

Kriteria for å få prisen var god bruk av kompetansen som innvandrarak har, etnisk mangfald på ulike nivå og kategoriar i verksemda, i tillegg til strategisk arbeid for å auke det etniske mangfaldet i verksemda.

I kategorien *små verksemder* var dei nasjonale vinnarak:

- ◆ Gull: VestfoldLAB AS (Vestfold & Telemark)
- ◆ Sølv: Skoglyvegen barnehage AS (Trndelag)
- ◆ Bronse: Martin Walderhaug eftf. AS (Mre og Romsdal)

I kategorien *mellomstore og store verksemder* var dei nasjonale vinnarak:

- ◆ Gull: Lery Norway Seafoods AS (Nordland)
- ◆ Sølv: Oda Norway AS (Oslo)
- ◆ Bronse: Semine AS (Agder)

Prisen for årets mangfaldsverksemd gjekk til Lery Norway Seafoods AS (Nordland).

Mangfaldsprisen set etnisk mangfald i arbeidslivet på dagsordenen ved å løfte fram konkrete eksempel på korleis kompetansen til innvandrarak kan utnyttast. Prisen og vinnarak har vore breitt omtalte i lokale og regionale medium (radio og aviser) og på heimesider til næringsforeiningar, kommunar, arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonar og bransjeorganisasjonar. I tillegg til tradisjonelle medium har prisen si eiga nettside www.mangfaldsprisen.no, www.imdi.no, og kommunikasjon via sosiale medium som LinkedIn, Facebook og Instagram har bidrege ytterlegare til merksemd og informasjon om etnisk mangfald som ein ressurs i arbeidslivet.

Informasjonskampanje

I anledning den nye tilskotsordninga til IMDi for auka etnisk mangfald i arbeidslivet blei det gjennomført ein tilhøyrande informasjonskampanje. Kampanjen hadde ei todelt tilnærming.

Det blei i første omgang utvikla ein overordna landsomfattande informasjonskampanje retta mot både private og offentlege arbeidsgivarar, uavhengig av bransje og størrelse. Målet var å gjere norske verksemder og arbeidsgivarar meir bevisste om etnisk mangfald som ressurs og å engasjere arbeidsgivarar til å gjere nødvendige endringar for å oppnå eit etnisk mangfaldig og inkluderande arbeidsliv.

Kampanjen «Anbefal mangfold» (www.anbefalmangfold.no) blei lansert i juni. Kampanjen lanserte «Mangfold», ein fiktiv person med ein imponerende CV, samansett ved hjelp av kunstig intelligens av 15 faktiske personar med innvandrarbakgrunn. Målet med «Mangfold» var å gi eit «ansikt» til dei meir enn 45 000 ikkje-etniske nordmenn utan jobb, og dei tusenvis som er overkvalifiserte til stillinga si, for at fleire kan sjå verdien av mangfald på arbeidsplassen. Til dette fekk IMDi hjelp av 31 næringslivstoppar og toppleiarar innan det offentlege ved at alle desse gav si anbefaling av «Mangfold». Kampanjen blei hovudsakleg lansert i sosiale medium (LinkedIn og Facebook), men fekk også redaksjonell dekning i tradisjonell presse og fagblad.

Dernest blei kampanjen retta spesifikt mot dei bransjane som tilskotsordninga avgrensa seg til. Ein viktig del av dette arbeidet blei gjennomført i samarbeid med arbeidsgivarorganisasjonane Virke og KS og Byggenæringens Landsforening (BNL). I tillegg gjennomførte IMDi målretta annonsering via LinkedIn og Facebook og i nettaviser.

Rettleiingsteneste og tilskot til tiltak for auka etnisk mangfald i arbeidslivet

Tilskotsordninga *Tilskot for auka etnisk mangfald i arbeidslivet* blei i 2021 utvikla, lansert og formidla i samarbeid med partane i arbeidslivet, for å stimulere til auka rekruttering og betre bruk av kompetansen til arbeidstakarar med innvandrarbakgrunn. Tilskotet blei gitt til 16 verksemdsinitierte tiltak. Resultata og erfaringa frå tiltaka blir oppsummerte og tilgjengeleggjorde som eit ledd i IMDis rettleiingsteneste til arbeidsgivarar. I tillegg til oppfølging og rettleiing overfor tilskotsmottakarar har IMDi gitt råd og rettleiing til verksemder ved direkte spørsmål.

Tabellen under viser fordelinga av tilskotsmidlar per bransje, tal på tilsette og region. Av 31 søknader blei 16 innvilga. I søknadene som blei innvilga, blei det søkt om til saman 5 096 975 kroner, og 3 977 975 kroner blei innvilga.

Tabell 3-2-5. Fordeling av tilskot for auka etnisk mangfald i arbeidslivet

Bransje/ sektor	Tal på verksemder	Tildelte midlar	Gjennom- snittleg tal på tilsette	Regionar
Butikk og salsarbeid	3	853 700	493	2 nasjonale, 1 Sørlandet
Bygg og anlegg	5	1 344 375	886	4 nasjonale, 1 Nord-Noreg
Helse, pleie og omsorg	2	575 000	95	1 Oslo, 1 Vestlandet
Kommunal	5	1 162 400	7 849	1 Oslo, 2 Sørlandet, 1 Midt-Noreg, 1 Nord-Noreg
Statleg	1	42 500	25 846	1 Oslo

Kunnskapsutvikling (FoU) om etnisk mangfold i arbeidslivet

Rapport frå FoU-prosjektet *Sammenhenger mellom etnisk mangfold og lønnsomhet i norske virksomheter* blei levert av Institutt for Samfunnsforskning (ISF) i desember 2021. Rapporten gir ei oppdatert kunnskapsoppsummering over internasjonal forskning på temaet, saman med ei kartlegging av lønnsomdssamanhengar i Noreg, i tillegg til ei kvalitativ undersøking av eit utval norske verksemder. IMDi reknar rapporten som eit viktig bidrag til forbetra kunnskapsgrunnlag om temaet og planlegg ei lansering i januar 2022.

I 2021 sette IMDi også i gang eit FoU-prosjekt om å utvikle mangfaldsindikatorar, som er eit verktøykonsept som har til hensikt å gi ei kvantitativ oversikt over fordelinga av etnisk mangfold i arbeidslivet, i tillegg inneheld FoU-prosjektet ei kvalitativ undersøking av haldningar til etnisk mangfold i arbeidslivet blant arbeidsgivarar, målt over tid. IMDi utlyste oppdrag for gjennomføring av haldningsundersøking og innspel til konseptutvikling. Arbeidet begynner tidleg i 2022.

I samband med at IMDi lanserte *Mangfaldsprisen* i 2019, og ei rettleiingsteneste for arbeidsgivarar og ei ny tilskotsordning for verksemder i april 2021, er det sett i gang ei 3-årig følgjeevaluering for å betre forstå kva verknad tiltaka har på målområdet auka mangfold i arbeidslivet. Det er NTNU og Oxford Reaserch AS som gjennomfører følgjeevalueringa. Første delrapport levert i desember 2021 gjorde greie for aktivitetane, mens andre delrapport om endringar i tilsetjingsprosessar blir levert i midten av 2022.

Pådrivar for auka bevisstheit om etnisk mangfold som ein ressurs i norsk arbeidsliv

IMDi deltar i det statlege mangfaldsnettverket. Nettverket består av åtte statlege verksemder på direktoratsnivå og har som formål å styrkje mangfaldsarbeidet i verksemdene gjennom erfaringsdeling og kunnskapsutvikling. Nettverket sette hausten 2021 i verk FoU-prosjektet *Gode tiltak for økt mangfold i statlige virksomheter* som blir ferdigstilt august 2022.

IMDi bidrog i perioden 2016–2020 i arbeidet med å utvikle internasjonal standard for mangfold og inkludering. Juni 2021 blei *Human Resource Management — Diversity and Inclusion* publisert.⁴⁹ Standarden er vedtatt å gjelde i Noreg. For å sikre fokus på etnisk mangfold i andre internasjonale standardar på HR-området som gjeld i Noreg, deltar IMDi i den norske spegelkomiteen for ISO/TC 260 *Human Resource Management* i regi av Standard Norge.

IMDi formidlar oppdatert kunnskap og erfaringar og tips knytte til etnisk mangfold i arbeidslivet gjennom LinkedIn-profilen vår. Ved utgangen av 2021 hadde IMDi i overkant av 5 500 følgjarar på profilen.

⁴⁹ [ISO - ISO 30415:2021 - Human resource management — Diversity and inclusion](#)

3.3 HØG DELTAKING I SAMFUNNSLIV

Tal for 2021

TILSKOT TIL FRIVILLIGHEITA

IMDi forvalta tilskot som skal styrkje frivillige organisasjonar sin rolle i arbeid med inkludering og integrering



Tilskot til integreringsarbeid

i regi av frivillige organisasjonar

106 mill. kr



Tilskot til nasjonale ressursmiljø

på integreringsfeltet

38 mill. kr



Ekstraordinære tilskot til informasjonstiltak om **koronaviruset for innvandrarbefolkninga** i regi av frivillige organisasjonar

40 mill. kr

ARBEID MOT NEGATIV SOSIAL KONTROLL OG ÆRESRELATERT VALD



IMDi har

59 minoritetsrådgivarar

som jobber på utvalde skolar



Minoritetsrådgivarane har gitt råd og rettleiing i

983 saker

36 % auke fra 2020



4 integreringsrådgivarar

jobbar ved fire utanriksstasjonar og dekkjer

8 land



TOLKING I OFFENTLEG SEKTOR

Bruk av tolk i offentlig sektor



52 %

av tolkeoppdragar er utført av kvalifiserte tolkar (2020)



88 %

av oppdragar er i dei 20 største språka (2020)



99 %

i språk der det finnes kvalifiserte tolkar i Nasjonalt tolkeregister (2020)

Nasjonalt tolkeregister



1 948

oppførte tolkar



74

språk



57 %

er høgt kvalifiserte tolkar (1 119 av 1 948 oppføringer)

3.3 Høg deltaking i samfunnsliv

Det er eit overordna mål for integreringspolitikken at innvandrarakar skal delta i det norske samfunnslivet. Sivilsamfunnet og særleg frivillige organisasjonar er viktige og nødvendige bidragsytarakar når det gjeld å oppfylle målet om eit inkluderande samfunn for alle.

Frivilligheita spelar også ei viktig rolle som brubyggjar og informasjonsformidlar mellom myndigheiter og innvandrarbefolkninga, noko som blei særleg synleg under koronapandemien. IMDi har forvalta ei rekkje tilskotsordningar retta mot frivillige organisasjonar, inkludert tilskot til informasjonstiltak om korona.

Negativ sosial kontroll og æresrelatert vald utgjær alvorlege hindringar for fridommen den enkelte har til å delta i samfunnet. Arbeidet med å bryte ned desse barrierane gjennom innsatsen frå regjeringa mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald er derfor ein viktig føresetnad for å nå målsetjinga om auka deltaking i samfunnslivet. Arbeidet til IMDi omfattar utplassering av minoritetsrådgivarar, fagleg oppfølging av integreringsrådgivarar på utvalde ambassadar, kompetanseheving og samarbeid med kommunar, fylkeskommunar, sektormyndigheiter, frivillige organisasjonar og andre.

IMDi er fagmyndigheit for tolking i offentleg sektor. Denne rolla inneber rettleiing om bestilling og bruk av tolk og eit bevillingsansvar for statsautorisasjon av tolkar. IMDi bidreg til utvikling av organisatoriske rammer og god praksis som sikrar forsvarleg tolking innanfor offentleg tenesteyting og at offentleg sektor får tilgang på nok kvalifiserte tolkar i aktuelle språk. Det viktigaste arbeidsområdet til IMDi på feltet har vore å gjennomføre eit kraftig løft for å auke kapasiteten i kvalifiseringsordningar for tolkar, styrkje rettleiingstenesta for offentlege tolkebrukarakar og gjennomføre ei satsing på skjermtolking.

Arbeidet til IMDi for auka samfunnsdeltaking blant innvandrarakar

IMDi har ei viktig oppgåve i å styrkje både rolla og kompetansen kommunane og frivillige har i integrerings- og inkluderingsarbeidet. IMDi skal bidra til auka deltaking i og bruk av sivilsamfunnet for å oppnå målet om at fleire innvandrarakar deltar i arbeids- og samfunnsliv.

Pådrivar- og samordningsrolla til IMDi er avgjerande blant anna for å sikre at økonomiske verkemiddel, som tilskot til frivillige organisasjonar, bidreg til auka samfunnsdeltaking. Det pedagogiske verkemiddelet til IMDi består av informasjon og rettleiing, i hovudsak til frivillige organisasjonar og utvalde kommunar som forvaltar tilskot til lokalt integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar. Samarbeidet er gjensidig, og dialogen omkring tilskotsforvaltninga gir IMDi nyttige tilbakemeldingar som både kan bidra til å utvikle tilskotsordningane, informasjon og rettleiing og til systemet for tilskotsforvaltning. Samarbeidet bidreg også til at organisasjonar og kommunar dreg nytte av erfaringsdeling seg imellom, både fordi IMDi legg til rette for gode møteplassar mellom kommunar og frivillig sektor gjennom seminar, møte, erfaringsutveksling og

gjennom deling av gode eksempel på nettsidene til IMDi.⁵⁰ Tilskotsordningane er derfor sentrale verkemiddel for pådrivar- og samordningsrolla IMDi har. IMDi har følgd opp kommunane gjennom fleire digitale møte og samlingar og hatt løpande kontakt i 2021, spesielt for å betre og standardisere praksis knytte til tilskotsforvaltninga, særskilt mål- og rapporteringspraksisar.

Som følgje av smittevernrestriksjonar har erfaringsdeling og oppfølging av kommunar og tilskotsmottakarar i all hovudsak skjedd digitalt i 2021.

Arbeidet til IMDi retta mot frivillige organisasjonar

Ny sivilsamfunnsstrategi

IMDi har bidrege til å utvikle strategien frå regjeringa: *Hverdagsintegrering – Strategi for å styrke sivilsamfunnets rolle på integreringsfeltet (2021–2024)*, som blei lansert i juni 2021. Innsatsen til IMDi inngjekk som ein del av oppdrag 2021–2014. IMDi deltok i arbeidsgruppa til strategien som var leidd av Kunnskapsdepartementet, og bidrog med innspel basert på erfaringane sine frå forvaltning av tilskot til sivilsamfunn og frivilligheit. IMDi har også ein direkte tilgang til nasjonale/lokale frivillige organisasjonar og miljø og hjelpte med innhenting av perspektiv og eksempel etter behov.

Strategien skal støtte opp om og styrkje sivilsamfunnet i lokalt og nasjonalt integreringsarbeid og bidra til å synleggjere arbeidet som blir gjort. Tiltaka i strategien har som mål å bidra til å auke deltakinga i sivilsamfunnet blant barn, unge og vaksne med innvandrarakgrunn, løfte og støtte innsatsen til sivilsamfunnet og utvikle betre samarbeid og rammevilkår.

IMDi har allereie iverksett fleire av dei 27 tiltaka i strategien, blant anna etablering av ein idébank for formidling av god praksis om sivilsamfunnet i integreringsarbeid og bistand i utviklinga av Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) og Kulturdepartementet sitt prosjekt *Digitilskudd*. IMDi har førebudd tre forskings- og utviklingsoppdrag om sivilsamfunnet med tilbodsfrist tidleg i 2022: evaluering av ekstraordinært tilskot til informasjonstiltak for innvandrarbefolkninga i regi av frivillige organisasjonar 2021, til innvandrarar si deltaking i sivilsamfunnet og utgreiing av kompetansesenter for frivillig innsats for integrering.

Intensjonsavtalar med landsdekkjande frivillige organisasjonar

Landsdekkjande frivillige organisasjonar har vore viktige samarbeidspartnarar for IMDi over fleire år gjennom intensjonsavtalar om samarbeid på integrerings- og inkluderingsfeltet. Dei ni organisasjonane IMDi har avtaler med, bidreg til å styrkje og utvikle lokalt integreringsarbeid i regi av lag, foreiningar, frivilligsentralar, klubbar og krinsar over heile landet. Samarbeidet gjennom avtalane bidreg også til god informasjons- og erfaringsformidling løpande og gjennom bilaterale og felles møte.

IMDi vurderer det slik at intensjonsavtalane bidreg til fleire og stadig betre integreringstiltak innan heile breidda av integreringsfeltet, gjennom overføring av erfaringar, metodar og verktøy både innan og mellom organisasjonane. Intensjonsavtalane bidreg også til at organisasjonane held fokus på det kontinuerlege og langsiktige arbeidet for mangfald og inkludering i organisasjonane. IMDi erfarer at fleire av organisasjonane har etablert og styrkt lokale tilbod om norsktrening, og

⁵⁰ [Lær fra andre | IMDi](#)

integreringsaktivitetar generelt er stadig aukande i organisasjonane med avtale. Nokre av organisasjonane har også hjelpt IMDi med verdifulle perspektiv og innspel knytte til oppfølging av nokre av tiltaka i sivilsamfunnstrategien.

Dei treårige avtalane gjekk ut i 2021, men IMDi har vedtatt at intensjonsavtalane vil fornyast frå 2022.

Tilskotsordningar til frivillige organisasjonar

Frivillige organisasjonar, lokale lag og foreningar tilbyr til saman eit mangfald av ulike integreringstiltak, som utgjer eit viktig supplement til integreringsarbeidet kommunane gjer. Frivillige organisasjonar kan søkje IMDi om tilskot til ulikt integreringsarbeid. Nokre av ordningane går det an å søkje på, mens andre blir tildelte til organisasjonar over statsbudsjettet.

Vurderinga til IMDi av måloppnåing for tilskotsordningane er basert på dialog og tilbakemeldingar frå tilskotsmottakarar gjennom 2021 og på sluttrapporteringar frå 2020. Ytterlegare vurderingar av resultat- og måloppnåinga til dei ordningane som kan søkjast på, vil til liks med for andre år, sendast over i dei heilskaplege rapporteringane på post 71 og post 73 våren 2022.⁵¹

Nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet

Driftsstøtta på 37,5 mill. kroner blei i 2021 fordelt på 14 nasjonale ressursmiljø.⁵² Det er Stortinget som namngir støttemottakarane over ordninga og vedtar tilskotsbeløpa.⁵³

Tilskotsordninga skal fremje kunnskap om moglegheiter og utfordringar ved integreringsprosessen i befolkninga. Ho skal også medverke til auka deltaking i og auka tillit til samfunnet blant innvandrarar og barna deira.

Fleire nasjonale ressursmiljø tilbyr rådgiving og rettleiing som supplerer det offentlege tenesteapparatet. Eksempel på slike tiltak er rettshjelp, språkkurs og arbeidskvalifiserande tiltak som bidreg til å byggje ned barrierar som står i vegen for at brukarane kan delta i arbeids- og samfunnsliv. Enkelte ressursmiljø tilbyr også krise- og konflikthandtering til enkeltindivid og grupper utsette for diskriminering, utanforskap og vald i nære relasjonar.

Pandemien avgrensa gjennomføringa av fysiske arrangement i 2021. Nokre av ressursmiljøa utvikla nye tiltak tilpassa behova til målgruppene under pandemien, med særskilt fokus på ekstra sårbare grupper. Enkelte organisasjonar, blant anna Mirasenteret, rapporterte om ein betydeleg auke i førespurnader frå sårbare grupper relaterte til krisehjelp og rådgiving, juridisk bistand og arbeid mot vald i nære relasjonar i 2021.

Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar

Gjennom tilskotsordninga *Integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar* kan frivillige organisasjonar få støtte frå tre delordningar (sjå tabell 3-3-2) til prosjekt,

⁵¹ Sluttrapportar for tilskotsmottakarar i rapporteringsåret 2021 er klare først våren 2022.

⁵² Organisasjonar som fekk støtte, er: Selvhjelp for innvandrere og flyktninger (SEIF), Antirasistisk senter (ARS), Minotenk – Minoritetspolitisk tenketank, MiRA – Ressurssenter for innvandrere- og flyktningkvinner, Norsk Organisasjon for Asylsøkere (NOAS), Organisasjonen Mot Offentlig Diskriminering (OMOD), Caritas Norge, LIM – Likestilling, integrering, mangfold, Stiftelsen Fargespill, Samora, Utrop, Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA), Bydelsmødre og Multikulturelt Initiativ- og Ressursnettverk.

⁵³ For oversikt over tildelte beløp til nasjonale ressursmiljø 2021: [Tilskudd til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet | IMDi](#)

enkelttiltak eller aktiviteter som bidreg til å auke arbeids- og samfunnsdeltakinga blant innvandrarak og barna deira. IMDi gir tilskot til nasjonale prosjekt, mens 20 utvalde kommunar med høg innvandrandel forvaltar tilskotet til lokale aktiviteter. IMDi forvaltar 40 prosent av ramma til nasjonale prosjekt og kommunane 60 prosent til lokale prosjekt og tiltak. IMDi rettleier kommunar som forvaltar ordningar, bidreg med kunnskap og legg til rette for erfaringsdeling mellom stat og frivilligheit. Samarbeidet om forvaltninga av ordninga har bidrege til å styrkje samhandlinga og erfaringsutvekslinga mellom dei 20 kommunane⁵⁴ og IMDi.

(i mill. kroner)

Tilskotsordning	Innvilga beløp 2019	Innvilga beløp i 2020	Innvilga beløp i 2021
Post 71 Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar (søknadsbasert støtte forvalta av IMDi og 20 utvalde kommunar)	83,2	83,3	106,2
Post 71 Tilskot til informasjonstiltak om koronaviruset retta mot innvandrarak		19,6	40
Post 71 Tilskot til drift av nasjonale ressursmiljø (øyremerkt tilskot i statsbudsjettet til namngitte organisasjonar)	48	42,1	37,5
Post 71 Tilskot til klippekortordning for norskopplæring			30
Post 73 Øyremerkt enkelttilskot*	4,3	11,76	12,8
Sum	135,5	156,8	226,5

Tabell 3-3-1. Tilskotsordningar og enkelttilskot til frivillig verksemd og private tilbydarar av norskopplæring (kap. 291, post 71 og post 73).

* Organisasjonar/prosjekt som fekk støtte i 2021, er: SOS barnebyer – Saman 1 mill. kroner, Peacepainting 1 mill. kroner, KIA Velferd – Språkopplæringsprogrammet 8 mill. kroner, Raudekrossen Noreg – Til Topps 0,464 mill. kroner, Kirkens Bymisjon Trondheim – Søster til søster 1,3 mill. kroner og Stiftelsen 10. august 1 mill. kroner.

⁵⁴ Kommunane er: Arendal, Bergen, Bodø, Bærum, Drammen, Fredrikstad, Gjøvik, Hamar, Kristiansand, Oslo, Sandefjord, Sandnes, Sarpsborg, Lillestrøm, Skien, Stavanger, Tromsø, Trondheim, Tønsberg, Ålesund, Alta, Asker, Bjørnafjorden, Eidsvoll, Grimstad, Hammerfest, Harstad, Haugesund, Larvik, Lindesnes, Lillehammer, Lørenskog, Molde, Moss, Narvik, Nordre Follo, Porsgrunn, Stjørdal, Øygarden og Ullensaker.

Tabell 3-3-2. Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar. Støtte frå IMDi til prosjekt etter delmål for ordninga. Støttebeløp og del av løyving 2019–2021.

Delmål for ordninga	Tildelt 2019 (i mill. kroner)	Del 2019	Tildelt 2020 (i mill. kroner)	Del 2020	Tildelt 2021 (i mill. kroner)	Del 2021
Del A: Stimulere til fellesskap, tillit og tilhøyrse i lokalsamfunn	12,6	43 %	7,9	29 %	11,6	26 %
Del B: Auke kunnskapen om det norske samfunnet og styrkje kvalifiseringa for arbeid eller utdanning	7,7	27 %	9,5	36 %	21,9	49 %
Del C: Førebyggje negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting	8,7	30 %	9,2	35 %	11,3	25 %
Totalt	29,2	100 %	26,8	100 %	44,9	100 %

IMDi har i tillegg fordelt midlar til 20 utvalde kommunar for vidaredeling til lokale prosjekt, 60 mill. kroner i 2021. I tillegg har IMDi tildelt 0,3 mill. kroner i driftsstøtte til regionale innvandringsorganisasjonar og sett av 1,1 mill. kroner til klagebehandling.

Under delmål A Stimulere til fellesskap, tillit og tilhøyrse i lokalsamfunn for innvandringsar og befolkninga elles, under dette arbeid mot rasisme og diskriminering og for mangfald i lokalsamfunn, er tiltak som bidreg til felles møteplassar mellom majoritetsbefolkninga og innvandringsgrupper, prioriterte. Delmålet blei i 2021 utvida til å omfatte arbeid mot rasisme og diskriminering og arbeid for mangfald i lokalsamfunn. Store frivillige organisasjonar som arbeider breitt med inkludering av innvandringsar i organisasjonane sine, irekna fleire med intensjonsavtale, fekk støtte.

Nokre eksempel på prosjekt som fekk støtte innan idrett, var etablering av *Aktivitetsguide* ved fleire regionale idrettsråd, *Inkludering i friluftsliv* der Den Norske Turistforening (DNT) utvikla digitale kurs og fleire *Ferskingkurs*, og arbeid for å få friluftsliv på timeplanen til introduksjonsprogrammet. Støtta har også bidrege til kompetanseheving av frivilligsentralane i arbeidet deira på feltet, gjennom vidareutvikling av *Idébank for erfaringsdeling* og utarbeiding av handbok for inkludering til bruk for frivilligsentralane.

Under delmål B *Auke kunnskapen om det norske samfunnet og styrkje kvalifisering for arbeid eller utdanning blant innvandringsar* er det informasjonstiltak og norsktrening som blir finansierte. Midlar til norsktrening blei betydeleg utvida og øyremerkte i samband med norskinnsatsen til regjeringa i 2021. IMDi tildelte støtte til 17 norsktreningsprosjekt. Nokre prosjekt omfatta berre norsktrening, andre inkluderte i tillegg informasjon om norsk samfunns- og arbeidsliv eller andre aktivitetar. Eksempel er språkkafé, språkvenn, «walk and talk» og digital norsktrening og -opplæring. IMDi gjennomførte i 2021 ein vellykka informasjonsskampanje for å rekruttere deltakarar til tilbod om norsktrening, sjå også kapittel 3.2, avsnitt norsktrening og norskopplæring gjennom norskinnsatsen.

Informasjons- og rettleiingsprosjekt for auka samfunnskunnskap og fleire arbeidsretta prosjekt fekk støtte i 2021. Fleire arbeidsretta tiltak fekk også støtte i 2020, både i regi av frivillige organisasjonar og sosiale entreprenørar. Rapportane frå 2020 viste at 99 personar kom i arbeid, fast eller på engasjement, etter å ha deltatt i tiltak gjennom

prosjekta. Erfaringar frå 2021 viser at det er blitt meir variasjon i typen tilskotsmottakarar, som mindre organisasjonar og sosiale entreprenørar.

Under delmål C *Førebyggje negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting* er særleg prosjekt for informasjon og rettleiing prioriterte.

Fleire prosjekt blei vidareførte frå 2020 og omfatta blant anna utvikling og utprøving av materiell. Utvalde eksempel er Frie filmers dokumentarfilm *Kunsten å være syndig* med tilhøyrande kompetansemateriell og undervisningsopplegg⁵⁵ og Menneskerettighetsakademiets publikasjon *En håndbok i organisering av workshops om kvinners og barns menneskerettigheter, samt negativ sosial kontroll*.⁵⁶ Materiellet ser ut til å ha stor nytteverdi i arbeidet med dialog, bevisstgjerings og informasjonsformidling og har overføringsverdi til andre organisasjonar og prosjekt.

Tilboda til unge utsette har auka gjennom at fleire organisasjonar har rekruttert frivillige og gitt systematisk opplæring til mentorar og til frivillige i chatteteneste. Fire av organisasjonane deltar i Bufdirs faglege nettverk for mentorordninga.

Som i 2020 er det eit fåtal mindre organisasjonar, inkludert innvandrorganisasjonar, som har søkt prosjektmidlar frå IMDi. Dette gjeld spesielt delmål C. Dette kan forklarast med at små organisasjonar kan mangle erfaring, kompetanse eller ressursar for å gjennomføre metodeutviklingsprosjekt med overføringsverdi nasjonalt.

Erfaringar frå 2021

For at tilskotsmidlane skal bidra til auka deltaking i arbeids- og samfunnsliv blant innvandrarakar, er det ein føresetnad at tiltaka som får støtte, når fram til målgruppene. Gjennom sluttrapporteringar frå tilskotsperioden for fjoråret kom det fram at tilskotsmottakarane hadde god kunnskap, nettverk og gjennomslag i målgruppene og tilpassa metodar og aktivitetar for å nå målgruppa. Rapporteringane viser at prosjekta får gode tilbakemeldingar frå deltakarane, og at organisasjonane legg til rette for brukarmedverknad.

For at prosjekta skal kunne vere overførbare til andre aktørar, er det viktig at det blir utvikla materiell, beskrive metode og/eller verktøy andre kan ta i bruk. IMDi har identifisert fleire slike prosjekt frå 2020, som er delte på nettsida til IMDi.⁵⁷

Frivillige organisasjonar tilfører på ulike måtar meirverdi til det offentlege integreringsarbeidet. Blant anna kan frivillige organisasjonar setje i verk tiltak som kan vere eit supplement til introduksjonsprogrammet, som språktrening, opplæring i digitale ferdigheiter, idrettstilbod, leksehjelp m.m. Slike tiltak kan auke moglegheitene den enkelte har for å komme i arbeid.⁵⁸ Tilskotsmottakarane meiner sjølve at tiltaka i stor grad bidreg til at deltakarane etablerer nettverk og oppnår større tilhøyrseil til eit fellesskap/samfunn. Dei meiner å sjå ein positiv samanheng mellom deltakarane på tiltak og moglegheita dei har til å fullføre utdanning og å komme i arbeid. Ein annan positiv effekt fleire organisasjonar melder om, er at deltaking i frivilligheita medfører ytterlegare rekruttering av innvandrarakar til frivillig arbeid.

⁵⁵ For dokumentarfilm, sjå <https://www.mangfoldfilm.com/om-oss>

⁵⁶ [Menneskerettighetsakademiets håndbok](#)

⁵⁷ [Lær fra andre | IMDi](#)

⁵⁸ [NORCE Samfunnsforskning. Samarbeid mellom offentlig, privat og frivillig sektor i gjennomføringen av introduksjonsprogrammet. Rapport 9-2019](#)

Både i 2020 og i 2021 påverka koronapandemien i stor grad gjennomføringa av prosjekta. Generelt deltok færre enn normalt per aktivitet på grunn av smitteverntiltak, og fleire prosjekt måtte utsetjast eller avlysast. Fleire prosjekt blei også endra undervegs, noko som kravde tett dialog mellom IMDi og tilskotsmottakarar for å sikre at formålet med tilskotsordninga blei varetatt. Pandemien bidrog også til utvikling av innovative prosjekt og utvikling av nye digitale tilbod og verktøy. Nokre organisasjonar erfarte å nå nye målgrupper ved digitalisering av tilbod ettersom tiltaka nådde ut til fleire og treffe dei som ikkje kunne delta fysisk i kvardagen. Dette gjeld blant anna tiltak som digital leksehjelp og norsktrening. IMDi registrerer at det har blitt utvikla ein auka digital kompetanse i organisasjonane, og fleire organisasjonar melder om at dei vil vidareutvikle dei digitale tilboda.

Regionale innvandrorganisasjonar fekk i 2021 moglegheit til å søkje om støtte til drift. IMDi opplevde mykje interesse rundt ordninga, men berre fire organisasjonar kvalifiserte til slik støtte.

Arbeid mot rasisme og diskriminering blei innlemma i delmål A i 2021. Det har vore stor interesse blant organisasjonane for å bidra på feltet, noko som speglar seg av i auka søknadsmasse.

Norsktrening blei styrkt med øyremerkte midlar under delmål B. Styrkinga gav både større og fleire ulike typar av tilbod, inkludert digitale, i regi av fleire aktørar. Foreløpige tilbagemeldingar gjennom tilskotsforvaltninga tyder på at deltakarane opplever tilboda som verdifulle, der norsktreninga både gir rom for språktrening i tillegg til å vere ein viktig møteplass for deltakarane.

Tilskot til informasjonstiltak om korona

Frivillige organisasjonar har kunna søkje om *Ekstraordinært tilskot til informasjonstiltak for innvandrarbefolkninga i regi av frivillige organisasjonar* i 2020 og 2021. Formålet var god formidling av informasjonen frå myndigheitene om koronaviruset til innvandrarbefolkninga.

I 2021 fekk 146 frivillige organisasjonar søkbare midlar, marginalt fleire enn i 2020 da 142 fekk tilskot.

Gjennom jamleg dialog med tilskotsmottakarane har IMDi formidla informasjon frå myndigheitene og fått verdifulle innspel til utfordringar blant innvandrarbefolkninga knytte til pandemien. Kunnskapen har blant anna blitt løfta inn i koordineringsgruppa for tiltak og informasjon retta mot innvandrarbefolkninga og inngått i grunnlaget for rapportering til departementet.

IMDi har delt oversikt over frivillige organisasjonar og ressurspersonar som arbeider med informasjon om korona, med FHI og Helsedirektoratet, slik at etatane har kunna dele helseinformasjon og ha direkte kontakt med organisasjonar og ressurspersonar. IMDi har bidrege med erfaringsdeling på nettsidene sine.⁵⁹

Sidan mars 2020 har frivillige organisasjonar utarbeidd informasjonsmaterieil til eige bruk og delt materiellet via eigne heimesider. Organisasjonane har også delt informasjon via ulike radiokanalar, telefon og digitale og fysiske møte. Målet har hovudsakleg vore å hindre smittespreiing, men det har også handla om sosiale og økonomiske konsekvensar av pandemien. Fleire organisasjonar har delt erfaringar med IMDi,

⁵⁹ [Lær fra andre | IMDi](#)

Kunnskapsdepartementet og Statsministerens kontor. Forskingsinstituttet NIBR, som har følgd tiltaka, peiker på at aktivitetane i aukande grad har dreidd seg i retning av direkte kommunikasjon og dialog med sårbare delar av innvandrarbefolkninga.

Både ekspertgrupper, forskarar og Koronakommisjonen trekkjer fram innsatsen til frivilligheita som viktig under pandemien. Frivillige organisasjonar kommuniserer på andre måtar og gjennom andre kanalar enn det offentlege myndigheiter gjer. Gjennom dialog og rapporteringar frå organisasjonane sit IMDi igjen med eit inntrykk av at dei har fungert som viktige brubyggjarar i arbeidet med å kjempe mot pandemien. Det har vore eit stort engasjement og mykje kreativitet blant lokale innvandrarorganisasjonar og trussamfunn for å nå fram til ulike innvandrargrupper. IMDi vurdering basert på tilskotsrapportar frå organisasjonane er at tiltaka ser ut til å ha bidrege til å redusere smitte og auke vaksinasjonsgraden. Ordninga og forvaltninga IMDi gjer av denne, skal evaluerast i 2023.

Integreringskonferansen 2021

Den nasjonale integreringskonferansen er ein viktig del av arbeidet til regjeringa på integreringsfeltet. Formålet med konferansen er å gi innvandrarorganisasjonar, innvandrarråd og andre som jobbar med integrering av innvandrarak, anledning til å fremje synspunkt og innspel til regjeringa. IMDi var i 2021 ansvarleg for praktisk tilrettelegging av regjeringa sin nasjonale integreringskonferanse. I tillegg til den administrative bistanden arrangerte IMDi innspelsmøte for eit breitt utval av organisasjonar i forkant av årets konferanse og dokumenterte innspela i ein rapport til regjeringa.

I 2021 evaluerte Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) den nasjonale integreringskonferansen til regjeringa i 2020.⁶⁰ Målet var å vurdere om integreringskonferansen til regjeringa oppnådde målet sitt, og kva som kunne forbeistrast til neste gong. Kort samanfatta kom det fram at konferansane er eit populært tiltak, men med potensial for forbeistringar, under dette å tydeleggjere kven målgruppa er, og korleis innspela blir følgde opp i etterkant. NOVA anbefalte blant anna at innspelsmøte blir gjennomførte på kveldstid, slik at deltakarar frå innvandrarorganisasjonar og innvandrarråd med få tilsette enklare kunne delta. Dette blei gjennomført av IMDi. Årets konferanse med over 500 deltakarar, og innspelsmøte, blei gjennomførte digitalt på grunn av pandemien. IMDi gjennomførte ei evaluering blant deltakarar på konferansen på vegner av regjeringa, som blant anna viste at dei aller fleste deltakarar var positive til informasjonen i forkant av konferansen og konferanseprogrammet, mens sju av ti var nøgde med at konferansen var digital. Som tidlegare år viste evalueringa at konferansen er eit verdsett tiltak, noko som også speglar seg av i at seks av ti deltakarar har deltatt tidlegare.

Statsborgarseremoniar

Nye statsborgarar blir inviterte til å markere tilknytninga si til Noreg ved å delta i ein høgtidleg statsborgarseremoni. Det er statsforvaltarane som arrangerer statsborgarseremoniane. IMDi har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet vurdert ulike tiltak i samarbeid med embeta for å sikre auka deltaking på seremoniane. Identifiserte tiltak er blant anna å sikre at alle nye statsborgarar får invitasjon til seremoniane, og styrking av informasjonsarbeidet og samarbeidet til embeta omkring seremoniane.

⁶⁰ [Evaluering av regjeringens nasjonale integreringskonferanse - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/evaluering-av-regjeringens-nasjonale-integreringskonferanse-2020/id2888478/)

Samarbeidet resulterte blant anna i publikasjonen *Statsborgerseremoni – veileder for statsforvaltere*.⁶¹

Arbeid mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting

Styrkt innsats mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

Arbeidet for å førebyggje negativ sosial kontroll og æresrelatert vald har vore eit prioritert område for IMDi i 2021. Innsatsen i 2021 knyter seg særleg til arbeidet med å gi råd og rettleiing til utsette barn og unge slik at dei kan få nødvendig hjelp. Som ledd i dette arbeidet har IMDi vektlagt styrking og vidareutvikling av minoritetsrådgivarordninga til IMDi og arbeidet med kompetanseheving av tenesteapparatet. Dette bidreg til at fleire utsette barn og unge får nødvendig råd og rettleiing, men også at tenesteapparatet som møter utsette barn og unge, tileignar seg nødvendig kompetanse slik at dei kan avdekkje og handtere slike saker.

Styrking av minoritetsrådgivarordninga

Minoritetsrådgivarane frå IMDi er eit sentralt tiltak i arbeidet myndigheitene gjer med å førebyggje og kjempe mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.

Minoritetsrådgivarane skal bidra til at fleire barn og unge som står i fare for, eller blir utsette for, negativ sosial kontroll eller æresrelatert vald, får råd, rettleiing og oppfølging i tråd med behova og rettane sine. Dette skjer både gjennom oppfølging av utsette barn og unge og gjennom kompetanseheving av tenesteapparatet som møter barn og unge.

Minoritetsrådgivarordninga blei styrkt og vidareført med ei ekstra løyving på 10 mill. kroner i 2021. Midlane gjekk til å styrkje og føre vidare dagens minoritetsrådgivarordning ytterlegare, i tillegg til å gå til eit pilotprosjekt med minoritetsrådgivararar på utvalde ungdomsskolar.

Minoritetsrådgivarordninga omfattar no totalt 59 stillingar, utplasserte ved vidaregåande skolar, ungdomsskolar og vaksenopplæringskontor i alle fylka i landet.⁶² Dei nye stillingane i 2021 blei utplasserte ved vidaregåande skolar i Hønefoss, Notodden, Kristiansund, Rælingen. I tillegg er det etablert stillingar ved Bærum og Tromsø vaksenopplæringscenter.

Gjennom pilotprosjektet med minoritetsrådgivarar utplasserte ved ungdomsskolar i utsette buområde blei minoritetsrådgivarar utplasserte på skolane Hauketo, Bjørnholt, Lofsrud og Jordal (i bydelane Søndre Nordstrand og gamle Oslo) og på Marienlyst skole i Drammen.

Pilotordningane med minoritetsrådgivarar ved ungdomsskolar og vaksenopplæringskontor skal følgjeevaluerast. IMDi har inngått avtale med Velferdsforskningsinstituttet Nova ved OsloMet om denne følgjeevalueringa, med oppstart desember 2021. Evalueringa varer ut prosjektperioden fram til juni 2024.

Sakene til minoritetsrådgivarane i 2021

Minoritetsrådgivarane frå IMDi har i 2021 gitt råd og rettleiing i 983 saker. Dette er ein auke på 36 prosent samanlikna med fjoråret. Sakene som minoritetsrådgivarane frå IMDi

⁶¹ [Statsborgerseremoni – veileder for statsforvaltere | IMDi](#)

⁶² [IMDi minoritetsrådgivere på ungdomsskoler og vidaregåande skoler | IMDi](#)

er involverte i, spenner frå ulike gradar av press og kontroll til alvorlege valdssaker. Dei fleste sakene i 2021 omhandla negativ sosial kontroll. Til liks med tidlegare år er det flest jenter som får hjelp, og sakene har i størst grad involvert personar med opphav frå Irak, Somalia, Russland, Pakistan og Syria.

Arbeidet til IMDi med kompetanseheving

For å sikre at utsette barn og unge får nødvendig hjelp i saker som omhandlar negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, er det avgjerande at tilsette i tenester som møter barn og unge, har nødvendig kompetanse om fenomena. Det er også avgjerande at tenester som møter utsette barn og unge, er samordna. Kompetanseheving er ein sentral del av mandatet til IMDis minoritetsrådgivarar, IMDis fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald og integreringsrådgivarane.

Formålet med kompetansehevinga er først og fremst å auke kunnskapen og bevisstheita om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald blant tilsette i tenester som møter barn og unge, dette slik at tilsette i tenesteapparatet kjenner til rettane og handlingsalternativa til barn og unge og får nødvendig kompetanse for å følgje opp utsette barn og unge.

I arbeidet med kompetanseheving vektlegg IMDi å gjennomføre tverrfaglege samlingar, både fysisk og digitalt. IMDi erfarer at dette bidreg til at lokale tenester blir betre kjende med kvarandre og dermed betre kan samordne oppfølginga si av utsette. IMDi har også vektlagt involveringa av andre direktorat i arbeidet med kompetanseheving, eksempelvis UDI, Bufdir og NAV. Samarbeidet mellom IMDis særskilde tenester og andre direktorat utgjør eit viktig verkemiddel i innsatsen mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.

IMDi har i 2021 gjennomført ei rekkje kompetansehevingstiltak til tilsette i tenesteapparat i heile landet. Dette kan eksempelvis vere tilsette i barnevern, NAV og kommunale flyktnings- og asyltenester. IMDis minoritetsrådgivarar gjennomfører kompetanseheving av tilsette ved skolar dei er utplasserte, og hjelpeapparatet elles. IMDi erfarer at kompetansehevingstiltaka til minoritetsrådgivarane fører til fleire førespurnader frå tilsette i desse tenestene, og at fleire utsette barn og unge får nødvendig råd og oppfølging.

IMDi arrangerte i juni to webinar med temaet «hvordan forebygge og håndtere saker som omhandler negativ sosial kontroll, tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og æresrelatert vold?». Temaa på webinarane var korleis nærme seg foreldre og utsette, avdekking og handtering av enkeltsaker, tverretatleg samarbeid og transnasjonalt perspektiv (ufrivillig opphald i utland, førebyggje utreise m.m.). Den planlagde nasjonale konferansen om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald som skulle vore gjennomført i desember, blei utsett til våren 2022 på grunn av smittevernrestriksjonar.

IMDis fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

IMDis fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald blei etablert 1. januar 2021. Formålet er å bidra til betre kompetanse i tenesteapparatet slik at barn, unge og vaksne som står i fare for, eller blir utsette for, negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting, får råd, rettleiing og oppfølging i tråd med behova og rettane dei har.

Totalt har fagteamet til IMDi gjennomført 62 kompetansehevingsoppdrag i 2021, av desse var 35 digitale og 27 var fysiske. Desse fordelte seg på alle fylka i landet. Fagteamet til IMDi har hovudsakleg hatt kompetanseheving for tilsette ved skolar, i flyktnings- og asylteneste og vaksenopplæring, men også for frivillige organisasjonar og på

høgskolar/universitet. I tillegg til dette har fagteamet gjennomført tverrfagleg kompetanseheving gjennom større fagdagar, der fleire ulike tenester har deltatt inn. Formålet med fagdagane har vore å auke den tverrfaglege kompetansen på feltet lokalt, gjennom å setje søkjelys på felles fenomenforståing og tverrfagleg samhandling.

Tenester som har fått kompetansehevingstiltak frå fagteamet til IMDi, har gitt tilbakemeldingar om at kompetansehevinga har vore nyttig, og at ho har bidrege til auka bevisstheit rundt tematikken negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, samtidig som ho har gitt betre fenomenforståing. Nokre av kompetansehevingsoppdraga til fagteamet har også generert nye bestillingar frå andre grupper og profesjonar internt i same kommune, noko som bekreftar at behovet for kompetanseheving framleis er stort. Auka bevisstgjerings og betre fenomenforståing vil kunne bidra til å identifisere fleire personar som blir utsette for negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, og betre kjennskap til dei særskilde tenestene på feltet vil gjere det enklare for tilsette i tenesteapparatet å vite kvar ein skal vende seg for råd og rettleiing i enkeltsaker.

Integreringsrådgivarane (spesialutsendingar for utlendingssaker)

IMDi er i samarbeid med UD fagmyndigheit for fire integreringsrådgivarar som er utstasjonerte ved ambassadane i Amman, Ankara, Islamabad og Nairobi. Integreringsrådgivarane yter konsulær bistand til personar som er utsette for negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Integreringsrådgivarane bidreg også til kompetanseheving av tenesteapparatet i Noreg gjennom råd og rettleiing i enkeltsaker og gjennom kompetansehevingstiltak.

Kompetansehevingsarbeidet til integreringsrådgivarane blei påverka av reiserestriksjonar som følgje av koronapandemien. Integreringsrådgivarane har likevel gitt kompetanseheving digitalt, noko som har sikra at relevante tenester, under dette tilsette i lokalt barnevern, flykntingstenester, vaksenopplæringscenter og liknande, har fått nødvendig informasjon. I 2021 har kompetansehevinga skjedd i samarbeid med *IMDis Fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald*, IMDis minoritetsrådgivarar og *Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og negativ sosial kontroll*.

Tema har vore konkret handtering av sakskompleks og problemstillingar knytte til arbeidet i Noreg. Her har integreringsrådgivarane varetatt det transnasjonale perspektivet i dette arbeidet. Målgruppene for arbeidet har vore tilsette og leiarar på skolar, i flykntingstenester, vaksenopplæringscenter, lokalt barnevern og liknande.

Integreringsrådgivarane har også deltatt i mindre forum med utvalde tenester og ressurspersonar der formålet har vore erfaringsutveksling omkring arbeidet og saman avdekkje eventuelle høl og blindsoner, for eksempel mogleg kopling til arbeidet mot menneskehandel. Integreringsrådgivarane har også i 2021 bidrege med kompetanseheving gjennom fagnotat og anna rapportering om trendar og utvikling av betyding for det førebyggjande arbeidet i Noreg.

Tilskotsmidlar til RVTS

IMDi har i 2021 tildelt 1 mill. kroner til regionale ressursentrene om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS) for kompetansehevande arbeid knytt til negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Midlane har gått til regionale nettverkssamlingar både digitalt og fysisk. Nettverka knytte til RVTS har samarbeidd med IMDis fagteam og minoritetsrådgivarar, der det blant anna er produsert rettleiingar, kurs og møteaktivitet knytte til tematikken.

Kunnskapsutvikling

Det er behov for betre styringsinformasjon i arbeidet med å førebyggje og målrette arbeidet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Derfor har dette vore eit prioritert område for arbeidet til IMDi med kunnskapsutvikling i 2021.

På oppdrag frå IMDi har Proba samfunnsanalyse kartlagt omfanget av negativ sosial kontroll. Proba fann at mens dei aller fleste unge i Noreg opplever stor grad av sjølvbestemming, er nokre grupper utsette for å oppleve negativ sosial kontroll. Funna frå undersøkinga tyder på at elevar med innvandrarbakgrunn er meir utsette for slik kontroll. Blant dei med innvandrarbakgrunn viser funna at det å vere jente inneber meir kontroll, særleg når det gjeld parforhold, seksualitet og vennskap.

Fafo har i perioden august 2020 til november 2021 evaluert to sentrale verkemiddel på feltet: Bufdirs mentorordning, som i regi av frivillige organisasjonar skal hjelpe unge som bryt med familien sin, og tilskotsordninga til IMDi *Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar* (delmål C) som har mål om å førebyggje negativ sosial kontroll og tvangsekteskap. Fafo har skrive rapportane på oppdrag frå IMDi, i samarbeid med Bufdir. Formålet med oppdraget var å få innspel til justeringar av ordningane og å få eit betre kunnskapsgrunnlag til å vurdere framtidig støtte, prioriteringar og deling av gode metodar. Rapportane er tilgjengelege på nettsidene til IMDi.⁶³

IMDi har tildelt Rambøll oppdraget med å utføre FoU-prosjektet *Informasjonstiltak om negativ sosial kontroll og æresrelatert vold* (oppdrag 2021-016). Gjennom dette prosjektet skal IMDi utvikle informasjonstiltak som gjer dei særskilde hjelpetenestene til IMDi kjende for målgruppene ungdom og føresette. Prosjektet blir ferdigstilt i mars 2022 og blir sett i samanheng med Bufdirs oppdrag om å gjere Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og negativ sosial kontroll kjent.

IMDi har også sett i gang kartleggingar for å få meir kunnskap om hjelpebehova og utfordringane til nykomne flyktningar og for å kartleggje kompetansebehov blant dei ordinære tenestene som møter personar som er utsette for negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Begge desse kartleggingane blir ferdigstilte i 2022.

Handlingsplanar mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

Regjeringa lanserte i 2021 ein ny handlingsplan *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*. Handlingsplanen utgjer eit sentralt verkemiddel i innsatsen til IMDi mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. IMDi har ansvar for koordinering og drift av følgjande nettverk i tilknytning til handlingsplanen:

- ◆ Nasjonalt nettverk for kunnskapsutvikling og kompetanseheving. Nettverket består av direktorat med ansvar for tiltak i handlingsplanen, i tillegg til dei regionale Ressurssentrene om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS) og Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS). IMDis fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald og Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og negativ sosial kontroll deltar også i nettverket.
- ◆ Nordisk praktikernettverk bestående av aktørar frå hjelpeapparatet i respektive land. Nettverket skal vareta erfaringsutveksling og kunnskapsdeling mellom aktørar i hjelpeapparatet i dei nordiske landa.

⁶³ [Noen å høre til | IMDi](#) og [Samtale og strid | IMDi](#)

- ◆ Referansegruppe bestående av frivillige organisasjonar og ressurspersonar. Referansegruppa skal bidra til at myndigheitene får tilbakemeldingar om utviklingstrekk på dei ulike temaa i miljø dette gjeld. Nettverket skal også bidra til at arbeid mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald blir kjent i miljø dette gjeld.
- ◆ Oppdatert status for IMDi sine tiltak i handlingsplanen vil bli tilgjengeleg på nettsidene til Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

IMDi digitale nærvære i innsatsen mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting

Sosiale medium er ein svært viktig arena for innsatsen til IMDi mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Under koronapandemien har IMDi styrkt nærværet på sosiale medium, nettportalen *Nora* og ung.no.

Minoritetsrådgivarane i sosiale medium

Minoritetsrådgivarane har i 2021 i større grad enn tidlegare brukt Instagram, Facebook og Snapchat og har dermed nådd ut til fleire utsette elevar og ungdom under periodar med heimeskole og nedstengingar. Dei har også i større grad bidrege til å spreie informasjon om informasjonskanalar som nettportalen *Nora* og nettsider til andre aktuelle hjelpetenester. Sosiale medium har derfor vist seg som eit viktig verkemiddel for det oppsøkjande arbeidet minoritetsrådgivarane har gjort under pandemien.

Nettportalen Nora

IMDi driv nettportalen *Nora*. Den primære målgruppa for nettportalen er utsett ungdom, dernest skole og hjelpeapparatet. Som ledd i arbeidet med å gjere *Nora* meir kjend for målgruppene, har dei særskilde tenestene til IMDi formidla informasjon om arbeidet til *Nora* med kompetanseheving og oppfølging av ungdom. IMDi har også sikra at det er lenkja til *Nora* frå relevante artiklar på ung.no. I løpet av 2021 har nettportalen blitt vidareutvikla, og artiklar og funksjonalitet retta mot ungdom har vore i fokus. Blant anna har det vore skrive fleire artiklar om korleis ein kan få hjelp trass i koronarelaterte restriksjonar på skolar. Andre tema det har komme meir informasjon om, er krysskulturell identitet, informasjon om ufrivillige reiser og negativ sosial kontroll på nett.

Nora hadde i løpet av året 22 893 sidevisingar, noko som er ein auke frå i fjor da nettportalen hadde 19 216 sidevisingar.

Bak lukka dører: Podkast om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

I september lanserte IMDi ein podkast om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Temaet var ufrivillig utanlandsopphald. «Bak lukka dører» er tilgjengeleg på Spotify, iTunes og på nettportalen *Nora*. I løpet av året har podkasten blitt strøymd av 1 288 på Spotify. IMDi har utarbeidd refleksjonsspørsmål til podkasten. Refleksjonsspørsmåla kan brukast av lærarar, minoritetsrådgivarar eller andre fagpersonar som ønskjer å bruke podkasten i undervisning om negativ sosial kontroll.

IMDi på Ung.no

IMDi har svart på spørsmål om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald på ung.no sidan 2014. I 2021 gav IMDi svar til spørsmål frå 141 ungdommar. IMDi har vidareført samarbeidet med ung.no om kvalitetssikring av artiklar og informasjon på nettstaden om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. IMDi har også produsert artiklar for ung.no om det å vere krysskulturell, om negativ sosial kontroll og trongbudde husvære under

koronapandemien, om negativ sosial kontroll knytt til bruk av prevensjon og om minoritetsrådgivarordninga.

Samarbeid med frivillige organisasjonar

Gjennom tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige aktørar forvaltar IMDi tilskot til frivillige organisasjonar for å førebyggje negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. IMDi innvilga i 2021 støtte til 27 prosjekt. Midlane gjekk blant anna til å utvikle filmar, videoar, podkast og anna rettleingsmateriell, møte med målgruppa og foreldra deira og andre aktuelle vaksne. Fleire av prosjekta har også adressert utfordringar knytte til LHBTIQ+.

Minoritetsrådgivarane til IMDi har hatt samarbeid med frivillige organisasjonar som har fått midlar. Gjennom felles planlegging og gjennomføring av ulike aktivitetar (for eksempel foredrag, samtalegrupper eller informasjonstiltak) får minoritetsrådgivarane til IMDi delt både kompetanse og erfaringar med frivillige organisasjonar. Samarbeidet mellom minoritetsrådgivarar og frivillige organisasjonar fører også til at tiltaka treffer fleire målgrupper. Dette bidreg igjen til auka deltaking i samfunnslivet for unge med innvandrarakgrunn.

Tolking i offentleg sektor

God og tilpassa kommunikasjon er ein føresetnad for gode offentlege tenester og for at nye borgarar får betre informasjon om pliktene og rettane sine i det norske samfunnet. Betre tilrettelegging av informasjon i offentleg sektor kan føre til auka deltaking i samfunnet og større tillit til det offentlege. Bruk av tolk er eit viktig verkemiddel for tilrettelegging av informasjon, og trass i at stadig fleire bruker kvalifiserte tolketenester, er framleis nesten halvparten av alle oppdrag i offentleg sektor gjennomført med personar utan tolkefaglege kvalifikasjonar. For første gong sidan direktoratet blei oppretta, har kartlegginga til IMDi av tolkebehovet i offentleg sektor vist at bruk av kvalifiserte tolk utgjer over halvparten (52 prosent) av alle tolkeoppdrag i offentleg sektor.

Som fagmyndigheit for tolking i offentleg sektor arbeider IMDi for å auke kvalitet på tolkinga og tilgangen på kvalifiserte tolkar over heile landet. Eit etablert og velfungerande kvalifiseringssystem for tolkar, eit moderne og brukarvennleg Nasjonalt tolkeregister og eit strategisk og systematisk kunnskapsarbeid er grunnpilarane for vidareutvikling av feltet som i 2022 får ei eiga lov. Stortinget har i juni 2021 vedtatt lov om offentlege organers ansvar for bruk av tolk (tolkeloven), og IMDi har i andre halvår 2021 hatt auka fokus på førebuingarbeid til innføring av lova.

Arbeidet direktoratet gjer særleg knytt til rettleiing til offentlege organ, blei intensivert både gjennom foredrag om implementering av tolkelova, men også gjennom det generelle arbeidet til IMDi på feltet. Nettsidene til IMDi om tolking i offentleg sektor blei omstrukturerte, og omfattande informasjon om satsingsområdet til direktoratet på feltet er no tilgjengeleg på ein meir lesarvennleg måte. Anskaffingar av tolketenester fekk ei eiga rettleiing, og fleire informasjonsvideoar blei produserte og formidla til offentlege verksemdar. Informasjon og rettleiing på tolkefeltet er no ein stadig meir integrert og etterspurd del av aktivitetane til direktoratet.

Koronapandemien og lovkravet om å bruke kvalifisert tolk har synleggjort behov for alternativ til frammøtetolking. Fleire tiltak blei sette i gang i 2021 for å gi betre

informasjon om bruk av skjermtolking i offentlig sektor og skal promotere auka bruk og betre kvalitet av tolking via skjerm i offentlig sektor i åra framover.

Nasjonalt tolkeregister

Talet på tolkar i Nasjonalt tolkeregister har auka kraftig i 2021. Talet på oppføringar har auka med 18 prosent, og per 31. desember 2021 er det 1 948 oppføringar i 74 språk i registeret. 57 prosent av desse er høgt kvalifiserte tolkar som har anten bachelorgrad, statsautorisasjon eller grunnemne i tolking i offentlig sektor (30 studiepoeng). Fleire personar har kvalifisert seg i fleire språk og i forskjellige kategoriar, og talet på unike personar i registeret per 31. desember er 1 636. (Per 31. desember 2020 var det 1 653 oppføringar og 1 439 unike personar i registeret.)


Det er ikkje registrert tolkar i Nasjonalt tolkeregister i 2021 på nye språk der det frå før av ikkje fanst kvalifiserte tolkar. Men i nokre språk med få kvalifiserte tolkar har talet auka noko (berbisk, japansk, kantonesisk, nepali, nordsamisk, tagalog, tsjetsjensk og uigursk).

Tabell 3-3-3. Oppføringar i Nasjonalt tolkeregister, etter kvalifikasjonskategoriar. Talet på oppføringar per 31.12. 2020–2021

Kvalifikasjonskategori	Tal på oppføringar	
	2020	2021
Kategori A: Statsautorisasjon og bachelorgrad	18	26
Kategori B: Bachelorgrad eller statsautorisasjon og grunnemne	217	234
Kategori C: Statsautorisasjon	43	45
Kategori D: Grunnemne	745	814
Kategori E: Tospråktesten og kurs (TAO) eller statsautorisert translatør / fagomsetjar og kurs (TAO)	630	829

Kjelde: IMDi

Figur 3-3-1. Oppføringer i Nasjonalt tolkeregister. Etter høge og låge kvalifikasjonskategoriar. Talet på oppføringer per 31.12. 2013–2021



*Høgt kvalifiserte tolkar: 2013–2018: Kategori 1-3, 2020–2021: Kategori A-D

** Lågt kvalifiserte tolkar: 2013–2018: Kategori 4-5, 2020–2021: Kategori E

Kjelde: IMDi

Ei modernisering av Nasjonalt tolkeregister var eit nødvendig grep for å møte krava som blir stilte i den nye tolkelova. 2021 var det første heile driftsåret med det nye tolkeregisteret (tilgjengeleg på tolkeregisteret.no). I løpet av året har det blitt implementert GDPR-krav og betre statistikkfunksjonar, og det nye registeret har gjort det mogleg å hente ut ressursgevinstar i form av forkorta saksbehandlingstid, betre planlegging av kvalifiseringstiltak og meir nøyaktige data.

IMDi har lansert eit tolkebevis for tolkane i Nasjonalt tolkeregister. Tolkebeviset er eit digitalt og fysisk kort med blant anna bilde, opplysningar om kvalifikasjonsnivået til tolken og språk. Opplysningane kan sjekkast i sanntid mot registeret for bestillarar og brukarar av tolketenester. Tolkebeviset er eit synleg bevis på at tolken kvalifiserer til oppføring i Nasjonalt tolkeregister, og bidreg til å byggje tillit til tolkeprofesjonen og gjere dei meir synlege.

Tolkelova omfattar også tolking for døve, høyrselshemma og døvblinde. Teiknspråk- og skrivetolkar skal derfor innlemmast i Nasjonalt tolkeregister. Ei nødvendig teknisk utvikling i registeret er påbegynt, og etter planen vil dei første teiknspråk- og skrivetolkane kunne bli oppførte ved utgangen av første kvartal 2022.

Kraftig løft i kvalifisering av tolkar

IMDi har i 2021 gitt OsloMet i oppdrag å gjennomføre ein kraftig auke av kapasiteten for testing og kursing av tolkar og gjennomføring av autorisasjonssprøven for tolkar. OsloMet har hatt behov for å utvikle betre digitale løysingar for påmelding, kandidatoppfølging og kursing for å gjennomføre dette løftet. Resultatmåla for OsloMet frå IMDi har auka jamleg dei siste fem åra, men OsloMet meiner at dei to ordningane nærmar seg eit tak for kor mange testar dei kan gjennomføre i den noverande forma. Ein del av OsloMet sitt oppdrag frå IMDi 2021 blei derfor å effektivisere både administrasjonen av ordningane

og sjølve ordningane og dermed opne for å kunne teste enda fleire kandidatar og/eller i fleire språk frå 2022.

Når det gjeld Tospråktesten, blei talet på språk testen blei gjennomført på, utvida frå 24 til 37 språk. IMDi auka også måltalet for talet på kandidatar frå 350 i 2020 til 500 i 2021. I løpet av 2021 har 511 kandidatar gjennomført Tospråktesten ved OsloMet, eit rekordår for Tospråktesten. Til samanlikning blei det testa 415 kandidatar fordelt på 24 språk i 2020. 40 prosent av kandidatane oppnådde tilfredsstillande resultat, det vil seie at strykprosenten er tilsvarande tidlegare år sjølv med fleire kandidatar. Som tidlegare år var det fleire kvinner enn menn som gjennomførte Tospråktesten (63 prosent kvinner). Kvinnene har også noko betre resultat enn mennene, 61 prosent kvinner bestod testen, mot 39 prosent for menn.

OsloMet har ein database med melding om interesse på svært mange ulike språk. I 2021 fekk dei 826 nye interessemeldingar fordelt på 83 ulike språk.

Tabell 3-3-4. Tospråktesten, testkandidatar, beståtte testar og språk. Tal. 2017–2021

År	Språk	Beståtte testar	Testkandidatar
2017	11	112	259
2018	13	151	317
2019	27	170	390
2020	24	187	415
2021	37	205	511

Dei som består Tospråktesten, får tilbod om kurs i tolken sitt ansvarsområde (TAO). Det er berre etter gjennomføring av dette kurset at ein kan søkje om oppføring i Nasjonalt tolkeregister. Etter redusert aktivitet i 2020 som resultat av uvisse og utfordringar knytte til undervisning under koronapandemien, er forventar OsloMet å ha tatt igjen nesten heile etterslepet sitt på TAO innan utgangen av februar 2022.

Oppdraget OsloMet har frå IMDi med å utvikle eit digitalt tilbod av TAO-kurs, er sett i gang, men forseinka. Digitalisering av kurstilbodet vil gi deltakarar moglegheita til å ta kurset uavhengig av geografisk bustad, men vil også gjere det mogleg å gjennomføre kurset i periodar med avgrensingar knytte til smittevern.

På bachelorutdanninga i tolking i offentleg sektor ved OsloMet blei totalt 60 studentar uteksaminerte i 2021, på språka arabisk, polsk, portugisisk, tyrkisk, sorani, litauisk, somali og engelsk. 106 studentar er under bachelorutdanning og vil bli uteksaminerte innan 2024. OsloMet har informert IMDi om at dei har gjort ei sjølvevaluering og ressurskartlegging av studiet og vil vinteren 2021/22 gjennomføre ei ekstern, periodisk evaluering av tolkeutdanninga.

OsloMet gjennomfører autorisasjonsprøven for tolkar på oppdrag frå IMDi. I 2021 gjennomførte 80 kandidatar skriftleg silingsprøve fordelt på 7 språk, mens 48 kandidatar gjennomførte munnleg prøve fordelt på 6 språk. Sjølv om skriftleg prøve blei arrangert i store språk med potensielt fleire hundre kandidatar, var det altså berre 80 som gjennomførte den innleiande skriftlege prøven. OsloMet nådde derfor ikkje måltalet om 100 skriftlege prøvar i minimum seks språk.

I ei spørjeundersøking utført av OsloMet blant dei 239 tolkane som står oppførte i Nasjonalt tolkeregister på dei sju språka som blei utlyste i 2021, om kvifor dei ikkje har

meldt seg opp til autorisasjonsprøven, svarer 33 prosent at eigendelen på 3 000 kroner er ein barriere for å ta prøven, 22 prosent svarer at dei ikkje har fått informasjon om prøven, og 21 prosent at dei var opptatt med andre studiar/jobb.

Fire språk hadde skriftleg prøve i 2020 og gjennomførte munnlege prøvar i 2021. Totalt gjennomførte derfor 128 kandidatar skriftleg og/eller munnleg prøve på 11 språk. Autorisasjonsprøven er ein krevjande prøve, og berre 13 kandidatar fordelte på 5 språk kvalifiserte seg til tittelen statsautorisert tolk. Eit lite fleirtal av dei som tar autorisasjonsprøven, er kvinner, og det er ein langt høgare del kvinner enn menn som består autorisasjonsprøven.

Tolkelova stiller krav om at studentar med oppnådd bachelorgrad i tolking i offentleg sektor skal få tilbod om autorisasjonsprøve innan tre år. Det blei halde autorisasjonsprøve i 3 av 4 språk frå det første kullet som oppnådde bachelorgrad i tolking, hausten 2020: litauisk, sorani og tigrinja. Trass i at talmaterialet er lite, tyder det på at gjennomført bachelorgrad gjer det betrakteleg meir sannsynleg å bestå både skriftleg og munnleg prøve.

Høgskulen på Vestlandet (HVL) starta i 2021 opp eit nytt tilbod om grunnemne i Tolking i offentleg sektor. Starten for studietilbodet blei utfordrande på grunn av uvisse og konsekvensane pandemien førte med seg. Likevel fullførte alle studentane utdanninga og gav positive tilbakemeldingar i evalueringa av studiet. Det blei gjort opptak i dei 4 språka med flest kvalifiserte søkjarar: arabisk, dari, tigrinja og polsk. Totalt var det 134 søkjarar, 56 kvalifiserte seg gjennom opptaksprøve. 34 personar fekk tilbod om studieplass, og av dei 32 som takka ja til studieplass, bestod alle, noko OsloMet vurderer som svært høgt samanlikna med kor mange som består ved andre studium.

IMDi legg vekt på ein god og nær dialog med utdanningsinstitusjonane, både om kvalifiseringsordningane Tospråktesten og autorisasjonsordninga som IMDi legg føringar for gjennom tildeling av midlar, og om utdanningstilboda. IMDi arbeider for å leggje til rette for ei kunnskapsbasert oppfølging og utvikling av det samla kvalifiseringstilbodet i tolking og for å auke dekningsgraden av kvalifiserte tolkar i dei språka der offentlege organ har behov for tolking i kontakt med innbyggjarar. IMDi vurderer det som positivt at det med Tospråktesten som opptakskrav for begge studiestadene er etablert eit godt samarbeid mellom OsloMet og HVL.

OsloMet har fått i oppdrag av IMDi å samarbeide med HVL om å utarbeide ein plan for kva for språk som skal tilbydast når på dei forskjellige nivåa i kvalifiseringsløpet for tolkar. Ein slik språkplan vil gi eit meir oversiktleg kvalifiseringstilbod og bidra til å gjere det meir føreseieleg for tolkar å kvalifisere seg oppover i Nasjonalt tolkeregister. IMDi har sett i gang eit digitaliseringsarbeid med standardisert rapportering på tolkebehov, som vil gi auka reliabilitet og validitet på dei dataa som blir innhenta, og dei analysane som blir gjorde på grunnlag av dataa. IMDi vil bruke funn knytte til kva behov offentlege organ har for tolking på ulike språk, og tilgangen til kvalifiserte tolkar på desse språka, direkte inn i dialogen med utdanningsinstitusjonane om språkval til kvalifiseringstilbod i tolking for 2022 og planar for kommande år. Dette arbeidet er særleg viktig for å møte behovet samfunnet har for tolkar innan overgangsperioden for § 6 i tolkelova går ut 31. desember 2026. IMDi vurderer at kapasiteten ved tolkeutdanningane ikkje aukar i takt med kapasiteten ved kvalifiseringsordningane Tospråktesten, TAO og autorisasjonsordninga.

Kunnskapsutvikling på tolkefeltet

Som fagmyndigheit og kompetansesenter for tolking i offentleg sektor har IMDi iverksett fleire forskingsprosjekt som skal gi best mogleg grunnlag for planlegging av framtidige aktivitetar. Tiltaka skal vere kunnskapsbaserte, og eit godt bilde av rådande forhold er avgjerande for kor treffsikre aktivitetane er. Evaluering av eksisterande tiltak er også nødvendig for å justere desse og forbetre resultata.

I 2020 gjennomførte Proba samfunnsanalyse, på oppdrag av IMDi, ei evaluering av statsautorisasjonsordninga i tolking.⁶⁴ IMDi gav OsloMet, som arrangerer autorisasjonsprøven, i oppdrag å vurdere anbefalingane i evalueringa. På bakgrunn av denne vurderinga og etter drøftingar med relevante aktørar har IMDi anbefalt departementet at både munnleg og skriftleg del av prøven bør vidareutviklast, og at samarbeid mellom fagmiljøa og IMDi om fagleg innhald, progresjon og språkval bør styrkjast. Det blei også anbefalt at ansvaret for samiske språk bør overførast til Sámi allaskuvla (Samisk høgskole). IMDi meiner at ei inkludering av Samisk høgskole i kvalifiseringskjeda for tolkar vil styrkje det nasjonale tolkefaglege miljøet og sørgje for eit viktig perspektiv i utviklinga av tolkefeltet.

Eit større FoU-prosjekt knytt til ikraftsetjinga av tolkelova blei påbegynt i 2021. Dette prosjektet blei tildelt eit samarbeid mellom Agenda Kaupang, Proba samfunnsanalyse og Oslo Economics og har tre delprosjekt som samla sett kjem til å gi eit svært godt kunnskapsgrunnlag for å sikre så godt samsvar som mogleg mellom behova dei offentlege organa har for tolking på ulike språk, kvalifiseringstiltak på tolkefeltet, og for at kvalifiserte tolkar kan dekkje ein størst mogleg del av behovet for tolking i offentleg sektor. Delprosjekt 1 blei ferdigstilt i desember 2021⁶⁵ og har anbefalt ei vidareutvikling av IMDis tidlegare kartlegging av behovet for tolking i offentleg sektor, med ein forbetra modell for datafangst og -analyse på tolkefeltet. Det er også foreslått ein årleg *Tolkemonitor* som vil vere sentral i IMDis arbeid med å støtte offentlege organ i etterlevinga av tolkelova. Delprosjekt 2 skal undersøkje moglege samanhengar mellom organisatoriske forhold ved lønns- og arbeidsvilkåra til tolkane og tilknytingsforma dei har til oppdragsgivarar, og dekningsgraden av kvalifiserte tolkar til tolkeoppdrag for offentlege organ. Delprosjekt 3 skal greie ut metodar for kartlegging og framskriving av behovet for tolking på ulike språk i norsk offentleg sektor. Dette er heilt sentralt for å sikre samsvar mellom behovet offentlege organ har for tolking på ulike språk, og språktilbod i kvalifiseringsordningar for tolkar. Delprosjekt 2 og 3 blir ferdigstilte etter planen våren 2022.

I desember 2021 lyste IMDi ut FoU-prosjektet *Minoritetsspråkliges perspektiver på tolking og opplevelser av tolkemedierte møter med det offentlige*, som skal ferdigstillast innan utgangen av 2022. Prosjektet vil gi IMDi eit betre kunnskapsgrunnlag for arbeidet med den minoritetsspråklege befolkninga i Noreg knytt til innføringa av tolkelova og arbeidet til direktoratet med å sikre etterleving av denne.

Anskaffingar av tolketenester

Offentlege verksemdar skaffar normalt tolketenester gjennom offentlege anskaffingar, der verksemda inngår ein tidsavgrensa rammeavtale med private tolkeformidlarar. I 2019 gjennomførte IMDi ei kartlegging som viste at anskaffingar og oppfølging av

⁶⁴ [Evaluering av autorisasjonsordningen for tolker | IMDi](#).

⁶⁵ [Indikatorer for tolkeloven | IMDi](#)

tolketenester er fagfelt med eit stort behov for kvalitetssikra informasjon. Rapporten anbefalte å utarbeide ei praktisk rettleiing for innkjøparar.

Sidan 2020 har IMDi leidd eit dialogforum for anskaffingar der deltakarane er innkjøparar frå fleire kommunar i tillegg til Arbeids- og velferdsdirektoratet, Politiets fellestenester, Barne-, ungdoms-, og familiedirektoratet og Sjukehusinnkjøp. Eit mål med dette samarbeidet, forutan å utveksle og trekkje på kvarandre sine erfaringar, har vore å utvikle ein betre og meir einskapleg anskaffingspraksis. I tett samarbeid med forumet, og med bistand frå DFØ, har IMDi no utarbeidd ei rettleiing⁶⁶ som gjer det enklare for innkjøparar å gjennomføre kontraktsoppfølging av offentlege anskaffingar av tolketenester.

Med denne rettleiinga håper IMDi å bidra med innsikt og kunnskap, slik at innkjøparar i offentlig sektor kan bidra til å auke delen tolkeoppdrag som blir utført av kvalifisert tolk. Dialogforumet vil framleis bestå, men med noko lågare møtefrekvens (to gonger i året) og nye deltakarar.

Auka bruk av tolking via skjerm

Det har lenge vore stor skepsis knytt til skjermtolking frå fleire aktørgrupper på tolkefeltet. IMDi's mål og krav i tolkelova om auka tilgang til tolkar over heile landet, og utfordringane knytte til tolking under pandemien, gjorde det nødvendig å arbeide meir strategisk med tolking via skjerm. Første halvår 2021 gjennomførte IMDi ei omfattande kartlegging for å hente meir kunnskap om forholdet tolkane og fagpersonane har til skjermtolking. IMDi har samla innspel frå tolkar, private og kommunale tolkeformidlarar, offentlege verksemder med storbruk av tolketenester, leverandørar av videoløysingar og utdanningsinstitusjonar. Det blei avdekt eit stort behov for kompetanseheving blant tolkar og fagpersonar i offentlig sektor, men ikkje minst eit behov for tydeleggjering av roller og ansvar knytt til planlegging, oppsett og gjennomføring av tolkeoppdrag via skjerm. IMDi har utarbeidd ein plan for sin innsats for å auke bruken av tolking via skjerm i offentlig sektor med forslag til ei rekkje tiltak for dei neste 18 månadene fordelte på fire hovudområde: felles standard for roller og ansvar, arbeidsforholda til tolkane, teknologi og forskning og vidareutvikling.⁶⁷

Utvikling av eit lågterskel og allment tilgjengeleg e-læringskurstilbod retta mot tolkar og fagpersonar i offentlig sektor er eit viktig tiltak. E-læringsstilbodet vil gi ei innføring og heve kompetansen til brukarane innan dei fire ovannemnde hovudområda. Kunngjering av konkurransen er blitt offentliggjord i andre halvår 2021, og kurstilbodet vil etter planen vere klart i september 2022. IMDi har også produsert og lansert to rettleiingsfilmar om arbeidsforholda til tolkane, som vil forbetre kvaliteten på tolkeoppdraga og hjelpe tolkane med å førebyggje fysisk og psykisk slitasje ved tolking via skjerm. Filmane er distribuerte til relevante aktørar på feltet og vil også bli tatt i bruk av OsloMet og Høgskulen på Vestlandet i utdanningsløpet deira for tolkar. IMDi har vidare utarbeidd og tilgjengeleggjort ein samtaleguide som viser rolle- og ansvarsfordelinga mellom fagperson og tolk. Både samtaleguiden og rettleiingsfilmane er lett tilgjengelege på nettsidene til IMDi under området *Tolking via skjerm*.⁶⁸

⁶⁶ [Veileder for offentlige anskaffelser av tolketjenester | IMDi](#)

⁶⁷ [Et satsningsområde | IMDi](#)

⁶⁸ [Roller og ansvar ved tolking over skjerm | IMDi og Tolkens arbeidssituasjon ved skjermtolking | IMDi](#)

Tolkelova

Juni 2021 vedtok Stortinget ei eiga lov om offentlig organers ansvar for bruk av tolk (tolkeloven). Direktoratet har i 2021 intensivert arbeidet på tolkefeltet og brukt ekstra ressursar på å leggje til rette for nye oppgåver knytte til den nye lova og utarbeide ein plan for arbeidet til direktoratet med implementering av lova dei neste fem åra. Overordna målsetjing for arbeidet til IMDi knytt til implementering av tolkelova er å leggje til rette for at offentlege verksemdar skal vere best mogleg i stand til å etterleve lova. IMDi vil i dette arbeidet søkje å arbeide primært på systemnivå/verksemdsnivå, både i arbeidet med offentlege organ og tolkar, og å styrkje IMDis arbeid med informasjon til relevante aktørar.

Det er iverksett ein omfattande informasjonskampanje om tolkelova, retta mot offentlege organ og tilsette, for å gjere kjent korleis lova gjer fagpersonar i offentlig sektor betre i stand til å utføre arbeidsoppgåvene sine når ein ikkje har felles språk med tenestemottakar. Vidare er det begynt ei juridisk rettleiing om tolkelova.

IMDi har starta opp arbeidet med å utforme interne rutinar for å ta imot og vurdere varsel om tolkar oppførte i Nasjonalt tolkeregister. Direktoratet har henta inn erfaring frå andre etatar for å kunne etablere eigne rutinar til tolkeregisteret og retningslinjer for mottak og behandling av varsel. I samband med varslingsordninga vil det bli etablert eit partssamansett utval som skal fungere som eit rådgivande organ for IMDi ved vurderinga av varsla. IMDi har gjort førebuingar slik at utvalet skal kunne utføre mandatet sitt på ein tilfredsstillande og objektiv måte. Førebuingane omfattar samansetjinga og rolla til utvalet og godtgjeringar for leiaren, medlemmene og sekretæren i utvalet.

Den nye lova stiller krav til at IMDi må godkjenne yrkeskvalifikasjonar som tolkar har «ervert eller fått godkjent i en annen EØS-stat eller Sveits, etter yrkeskvalifikasjonsloven». Dette kan danne grunnlag for oppføring i Nasjonalt tolkeregister, og IMDi har innhenta kompetanse og ressursar for å etablere rutinar for dette. Når det gjeld rolla IMDi har som rådgivande organ for tilsynsmyndigheiter som etter tolkelova skal føre tilsyn med at offentlege organ oppfyller pliktene sine etter §§ 4 og 6 til 9, vil denne bli nærmare definert i løpet av 2022.

3.4 Integreringspolitikken er heilskapleg og samordna

IMDi bidreg til heilskapen i integreringspolitikken til regjeringa og skal ta initiativ til samordning av verkemiddel og tiltak. Samordnings- og pådrivaransvaret gjeld for heile porteføljen til IMDi, og IMDi skal også vere pådrivar for at integreringsomsyn blir varetatt i porteføljane til andre fagmyndigheiter.

Den samla vurderinga vår er at verkemidla og innsatsen til IMDi har bidrege til ein meir heilskapleg og samordna integreringspolitikk. I løpet av 2021 har dette skjedd blant anna gjennom samarbeid på tvers av sektorane, utgreiingar og informasjonsformidling. Integreringspakkar og koronatiltak har vore prioriterte område.

Dei aller fleste av oppgåvene til IMDi fordrar at vi samarbeider med andre sektorar og vurderer korleis verkemiddel og tiltak kan samordnast. Rapportering på IMDi's bidrag til å vareta heilskapen er derfor i stor grad varetatt i dei førre kapitla om busetting, kvalifisering, frivilligheita med vidare. I dette kapitlet har vi trekt ut nokre oppgåver som særleg er knytte til pådrivar- og samordningsrolla IMDi har, og som går på tvers av fagområda til IMDi.

Rammeverk for styrkt samordnings- og pådrivaransvar

Integreringspolitikken femner breitt på tvers av ulike sektorar.

Integreringsmyndigheitene har i tillegg til eigne verkemiddel eit tydeleg samordnings- og pådrivaransvar på fleire område, for eksempel når det gjeld busetting og kvalifisering av nykomne, mangfald i arbeidslivet, negativ sosial kontroll, tolk og med beredskapsarbeid.

IMDi har i 2021 gitt innspel til eit rammeverk for korleis det sektorovergripande samordnings- og pådrivaransvaret til integreringsmyndigheitene skal utøvast. Rammeverket skal brukast til å identifisere kva for område og kva behov for samordningsverktøy (felles oppdrag, mandat, samarbeidsforum m.m.) som bør styrkjast eller utviklast. Rammeverket skal ferdigstillast som eit felles arbeid saman med departementet i 2022.

Som ein del av arbeidet har det vore gjennomført dialog med sentrale samarbeidsaktørar i ulike sektorar om viktige verkemiddel på integreringsfeltet, og vi presenterer funn frå dette arbeidet nedanfor.

Verkemiddelgjennomgang

IMDi har hausten 2021 gjennomført samtalar med elleve relevante offentlege etatar⁶⁹ om verkemiddel og tiltak på integreringsfeltet. I samtalan blei etatane bedne om å trekkje fram dei viktigaste verkemidla for god integrering innanfor sektoransvarsområdet deira.

⁶⁹ IMDi snakka med desse etatane: Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Helsedirektoratet, Ligestillings- og diskrimineringsombudet, Valdirektoratet, Utlendingsdirektoratet, Husbanken, Arbeids- og velferdsdirektoratet, Politidirektoratet, Utdanningsdirektoratet og Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og negativ sosial kontroll.

I tillegg stilte IMDi spørsmål knytt til utfordringar og moglegheiter i samband med iverksetjing av tiltak. Innsikta frå samtalan har blitt supplert med ein gjennomgang av styringsdokument som set rammene for integreringspolitikken.

Resultata bekreftar at integreringsretta arbeid er ein del av tiltaksporteføljen i mange direktorat. Det dreier seg både om tiltak som er spesifikt retta mot innvandrarbefolkninga, og meir universelle tiltak retta mot ei breiare målgruppe som innvandrarak er ein del av. På fleire av innsatsområda finn ein at måla i integreringsstrategien overlappar tydeleg med hovudmåla innanfor ansvarsområda til andre direktorat. Direktorat er opptatt av å jobbe breitt mot heile befolkninga innanfor ansvarsområdet sitt og samtidig handtere mangfald på ein god måte. Samtidig er dei bevisste på at integreringsarbeidet er komplekst og sektorovergripande. Fleire ønskjer derfor meir samarbeid på tvers av sektorar, tettare dialog med IMDi og meir systematisk kunnskapsinnhenting. Ei utfordring mange trekkjer fram, er at det er vanskeleg å måle effekten av tiltak, blant anna fordi tiltaka blir iverksette ulikt i ulike kommunar. Det kan også vere varierende kompetanse i kommunane, og fleire direktorat arbeider derfor bevisst med å auke mangfaldskompetanse og bruken av kvalifisert tolk.

Læringspunkt frå verkemiddelgjennomgangen er eit viktig grunnlag når IMDi jobbar vidare med utvikling av ei styrkt samordnings- og pådrivarrolle.

Koordineringsrolle under pandemien

IMDi har koordineringsansvar og bidreg til betre samhandling mellom aktuelle offentlege sektorar når det gjeld tiltak og informasjon retta mot innvandrarbefolkninga under covid-19-pandemien.

I tillegg har IMDi lagt til rette for at særskilde informasjonstiltak som blir iverksette overfor innvandrarbefolkninga, har blitt spreidde og oppfatta, og i tillegg fungert som eit bindeledd mot frivillig sektor.

Koordineringsgruppa

Koordineringsgruppa, på direktoratsnivå,⁷⁰ blei etablert i 2020. Gruppa blei sett ned i ein akutt fase av pandemien, der det var eit stort behov for å koordinere og samordne informasjon og tiltak for innvandrarbefolkninga og sikre godt samspel med frivilligheita under pandemien.

Koordineringsgruppa har fungert som eit forum for informasjons- og erfaringsutveksling. Møta i gruppa har hatt ulike tilnærmingar for å svare ut mandatet til gruppa. Det har vore behov for å kartleggje situasjonen og status for formidlings- og informasjonsarbeid, tenester og tiltak overfor innvandrarak i regi av dei ulike sektorane. Bruk av kvalifisert tolk i brukarmøte, arbeid med samfunnskrise- og beredskapsplanar og rolla til frivilligheita var andre fellestema som tidleg blei tatt opp. Etter kvart i møteserien blei det ei dreining mot dagsaktuelle utfordringar, presenterte av Helsedirektoratet og Oslo kommune, der sektormyndigheitene blei utfordra til å sjå på moglegheiter, løysingar og konkrete tiltak innanfor eige sektoransvar.

⁷⁰ Koordineringsgruppa består av AVdir, Hdir, Bufdir, HK-dir (tidlegare Kompetanse Norge), UDI, Husbanken og Udir. I tillegg blei FHI og KS inviterte inn som medlemmer av gruppa frå det tredje møtet.

Tematisering av likeverdige offentleg tenesteyting, tolkebruk, omsetjingar, klarspråk, og arenaer for informasjonsformidling blei også eit felles omdreingspunkt og relevant tematikk på møta.

Koordineringsgruppa har indirekte bidrege med forslag til tiltak foreslått av dei to ekspertgruppene som direktøren i IMDi har leidd. I tillegg har IMDi koordinert og utarbeidd ei felles oversikt over forskings- og utviklingsprosjekta frå sektormyndigheitene knytte til pandemien som er i gang. Deltakarane i koordineringsgruppa blei også ein del av referansegruppa til IMDi og DSB si utarbeiding av rapport og tiltaksliste for å styrkje krise- og beredskapsarbeidet for personar med innvandrarbakgrunn i kriser.

På møte i september 2021 var det einigheit i gruppa om å setje møteaktiviteten på pause. Sjølv om koordineringsgruppa har vore ein viktig og effektiv arena for gjensidig informasjons- og erfaringsutveksling, vurderer IMDi gruppa som særleg viktig i ein akutt fase av ei krise.

Ekspertgruppe

I mai fekk IMDi i oppdrag å leie ei ny ekspertgruppe for å sjå på tiltak mot smitte og auka vaksinerings i innvandrarbefolkninga og analysere konsekvensane av pandemien for integreringsfeltet. Direktøren i IMDi leidde gruppa, og rapport blei levert 23. juni 2021. Av dei 29 tiltaka som blei foreslått frå første ekspertgruppe⁷¹, har 24 også vore i gang i 2021 og vil vare ut pandemien. I den andre ekspertgruppas rapport⁷² blei desse nøye gjennomgått og resulterte i 12 læringspunkt som vi reknar med vil vere sentrale og retningsgivande i arbeidet framover, i tillegg til foreslåtte tiltak og anbefalingar.

Nedanfor omtaler vi arbeidet med oppfølging av tiltak foreslått frå begge ekspertgruppene. IMDi har rapportert månadleg på dette arbeidet til departementet.

Målretta informasjonskampanjar og -pakkar

IMDi, Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet (FHI) samarbeidde om fleire kampanjar, blant anna *Si nei til sosiale sammenkomster*, som Helsedirektoratet var hovudansvarleg for. IMDi var hovudansvarleg for haldningskampanjen retta mot befolkninga for å førebyggje stigma og fordommar mot innvandrarar og barna deira. I tillegg var eitt av tiltaka frå ekspertgruppa å bruke kjende personar i kampanjearbeidet. Dette er blitt varetatt gjennom bruk av mikroinfluensarar i det andre kampanjearbeidet.

IMDi ble vidare gitt i oppdrag å inkludere arbeidsinnvandrarar i haldningskampanjen mot stigma og fordommar mot innvandrarar. Kampanjen har bestått av tre artiklar som betalte annonsar og har retta seg mot heile befolkninga. Historieforteljing og møte med enkeltmenneske som verkemiddel er brukt som verkemiddel for å nå fram med budskapet. Tekstane er produserte med tanke på å gi kunnskap og vekke kjensler, bevege og skape empati, for å kjempe mot fordommar og stigma. Innhaldet i artiklane inkluderer også faktainformasjon frå forskarmiljø som Frischsenteret, NIBR og Fafo. I tillegg blei episoden til Aftenpostens podkast *Forklart* publisert laurdag 6. november 2021.⁷³

Det er vanskeleg å måle resultat i form av auka grad av sosial distansering eller å måle om haldningane til folk er endra. Ein viktig parameter for å vurdere om kampanjane har vore vellykka, er talet på visingar og rekkjevidda. Målingar viser at kampanjane blei godt

⁷¹ [Forslag til tiltak for å redusere Covid-19-smitte blant innvandrere](#)

⁷² [Innvandrerbefolkningen under koronapandemien – Smitte, vaksine og konsekvenser for integreringen](#)

⁷³ [Podkast «Forklart» 6.11.21.](#)

mottatte. Det har vore sært gode tal knytte til talet på sidevisningar på nettavisene, gjennomsnittleg høg snittlesetid og mange klikk på Facebook.

Informasjon om vaksinasjonsprogrammet gjennom opplæringa i samfunnskunnskap

IMDi fekk i oppdrag å samarbeide med Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet (FHI) om å utarbeide kortfatta informasjon om vaksinasjonsprogrammet til bruk for programrådgivarar og/eller lærarar i introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap i dialog med deltakarane. Formålet var å sikre at målgruppa får kvalitetssikra informasjon og moglegheit til å drøfte eventuelle spørsmål eller bekymringar. Nettressursen⁷⁴ blei lansert 1. september og inneheld informasjon og opplæringsmaterieil på fleire språk og som tekst og lyd (universell utforming). IMDi hadde hovudansvar for arbeidet.

Informasjon om nettressursen er breitt distribuert.⁷⁵ I perioden 1. september til 31. desember 2021 har det vore 3 374 sidevisningar totalt, og framsida har hatt 1 377 visningar.

Blant introduksjonsdeltakarar som svarte på nasjonal brukarundersøking i 2021, gir 93 prosent⁷⁶ opp at dei har fått informasjon om covid-19-pandemien, 72 prosent svarer at dei har fått informasjon om vaksinasjonsprogrammet frå tilsette i kommunen (lærar, programrådgivar, rettleiar i NAV), og 93 prosent⁷⁷ gir opp at dei har fått tilbod om covid-19-vaksine.

Målfretta og tilpassa kommunikasjon om vaksiner

Det har gjennom heile pandemien vore eit godt samarbeid mellom IMDi og helsemyndigheitene. IMDi har følgd opp føringane og signala frå FHI og Helsedirektoratet og løpande vidareformidla behov til tilskotsmottakarane og samarbeidspartnarane våre. Det siste halvåret har i stor grad vore prega av høge smittetal og fokus på auka vaksiner i grupper med låg vaksinasjonsgrad. I ulike forum saman med helsemyndigheitene har IMDi bidrege til å minne om mangfaldsperspektivet og behovet for meir spissa og tilpassa informasjon. FHI har køyrt ein eigen kampanje på Facebook for auka vaksiner segmentert mot personar frå Russland, Polen, Litauen, Latvia og Romania. For å moderere kommentarfelta har dei hatt eigne tilsette med kompetanse på aktuelle språk.

Ei dialogbasert tilnærming er nødvendig for auka vaksinasjon og etterleving. IMDi har derfor også deltatt i dialogmøte og webinar arrangerte av både FHI og Oslo kommune på tematikken. Kvar veke distribuerer IMDi omsett informasjon om vaksinasjonsprogrammet og bidreg til å gjere vaksinewebinar i regi av helsemyndigheitene kjende blant dei frivillige organisasjonane.

Oppfølging av den andre ekspertgruppa rapport må sjåast i samanheng med alle aktivitetane til IMDi knytte til pandemihandteringa. Dette speglar seg blant anna av i

⁷⁴ [Informasjon om koronavaksinasjonsprogrammet gjennom opplæringen i norsk og samfunnskunnskap for innvandrere | IMDi](#)

⁷⁵ IMDi har distribuert informasjon om nettressursen til KS og UDI, i tillegg til publisering på imdi.no (nettartikkel) og nyheitsbrev. Dei frivillige organisasjonane som får tilskot frå IMDi, og at FHI sitt migrasjonshelsenettverk, har også fått informasjon om nettressursen, under temaet «Innvandrarar, asylsøkarar og flyktningar».

⁷⁶ Det var 2 274 deltakarar som svarte på dette spørsmålet.

⁷⁷ Det var 2 269 deltakarar som svarte på dette spørsmålet.

IMDi oppdrag nr. 2021- 35 *Informasjon om vaksinasjonsprogrammet gjennom opplæringen i samfunnskunnskap*. I arbeidet vårt med tildelingskriterium og å velje ut prosjekt knytte til dei ekstraordinære tilskotsordningane til kommunar og frivilligheit for 2022 for å auke vaksinerer har vi involvert og konsultert helsemyndigheitene.

Rettleiingar til kommunane om bruk av tolk og lokale ressurspersonar

Rettleiingane IMDi utvikla og publiserte første kvartal 2021 er framleis svært aktuelle. Bruk av ressurspersonar og betydninga av kontakt med ressursmiljø og ei kontaktflate inn mot innvandrarbefolkninga er svært viktig på lokalsamfunnsnivå. Dette har også vore viktig mot slutten av året, når vaksineinformasjon har vore sentralt, og ein viktig lærdom for framtidig beredskapsarbeid i kommunar.

Språktolking og omsetjing av pressekonferansar og -meldingar frå regjeringa

IMDi har heilt frå starten av pandemien understreka behovet for å leggje til rette informasjon til den delen av befolkninga som ikkje beherskar norsk. Fleire etatar blei meir merksame på dette og sette om eige informasjonsmateriell til fleire språk. IMDi har hatt eit overordna koordineringsansvar for språktolking og omsetjing av pressekonferansar og -meldingar frå regjeringa i samband med pandemien i perioden 18. februar–31. september 2021. Det blei da tolka og/eller sett om informasjon til ni språk i samband med pressekonferansane regjeringa heldt kvar veke. Val av språk blei gjort både med grunnlag i kunnskapen IMDi har om i kva for språk det er størst behov for tolk, men også med tanke på å nå dei språkgruppene der smitten var høgast.

IMDi blei også bede om å hjelpe departementa med å nå ut til frivillige organisasjonar og kommunar med den omsette informasjonen frå myndigheitene. Dette er blitt gjort gjennom å distribuere lenkjer frå dei tolka pressekonferansane og omsette pressemeldingane til ei lang rekkje frivillige organisasjonar og utvalde medium som når innvandrarbefolkninga breitt, og til alle kommunane i landet.

Tabell 3-4-1. Pressekonferansar og -meldingar frå regjeringa i samband med pandemien som blei språktolka og omsette. Tal. Februar–september 2021

	Frå 18. feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sep.	Sum
Presse- konferansar (språktolking)	1	6	5	4	6	1	2	2	27
Presse- meldingar (omsetjingar)	3	14	24	29	26	13	8	7	124

I tillegg til å organisere pressekonferansar sørgde direktoratet for å få på plass eit godt grunnlag for å overføre ansvaret for denne tenesta til ei offentleg verksemd som var betre eigna til å stå for tenesta som ei permanent ordning. Oppgåvene blei frå 1. oktober 2021 overførte til Service- og tryggingssjansjonen til departementa (DSS).

Koordineringsansvaret for denne tenesta har gitt IMDi verdifull praktisk erfaring på omsetjingsfeltet, og direktoratet har greidd ut behovet for ei fagmyndigheit for omsetjing i offentleg sektor.

Deltaking i nettverk med innvandrarbefolkninga

Den første ekspertgruppa foreslo fem tiltak om samarbeid med innvandrarbefolkninga – gjennom kontakt, møteplassar og informasjonsutveksling. Det har vore tenleg å sjå tiltaka i samanheng, da dei overlappar kvarandre.

FHI har gjennomført fleire dialogmøte der IMDi og Helsedirektoratet har deltatt. På møta deltar utvalde ressurspersonar, frivillige organisasjonar og personar frå ulike trussamfunn. Det er etablert dialogmøte med pakistanske, somaliske, tyrkiske, polske, eritreiske, afghanske og etiopiske ressurspersonar og organisasjonar. Det er i tillegg oppretta adhocnettverk og møteplassar på bakgrunn av innmelde bekymringar og utfordringar i spesifikke miljø. Desse møta har gitt ein god arena for myndigheitene for å få informasjon og kjennskap til kva som faktisk er utfordringsbildet i dei ulike gruppene, og utvikle ei felles verkelegheitsbeskriving, og dei har vore eit viktig verktøy i arbeidet med å tilpasse og spisse informasjonen på best mogleg måte. Det har også vore arrangert innspels- og rådslagingsrunde på bakgrunn av at varianten omikron kom til Noreg og medførte høge smittetal og nye restriksjonar.

IMDi, Helsedirektoratet og FHI arrangerte ei felles erfaringssamling for dei frivillige organisasjonane i starten av desember. Temaet var informasjonsarbeid og helsetenester til innvandrarbefolkninga under koronapandemien. Formålet var å summere opp erfaringar og ta lærdommar og samarbeidsrelasjonar med oss vidare, både i ein meir normal kvardag og ved ei eventuell ny krise. På arrangementet deltok 121 personar, i tillegg til 584 gjennom strøyming.

For å fylle det store informasjonsbehovet om vaksiner er det gjennomført særskilde digitale webinar om temaet, der det også har vore moglegheit for å stille spørsmål. I tillegg har det vore møte med Islamsk Råd Norge (IRN), Muslimske dialognettverk (MDN) og Samarbeidsrådet for tro og livssyn (STL). Hensikta med møta er god dialog, innspel og samarbeid om smitteverntiltak i samband med ramadan og andre religiøse feiringar, men også betre kommunikasjon om vaksine.

Informasjonsutveksling og samordning på tvers har skjedd løpande. Samarbeid både horisontalt og vertikalt gir betre verkelegheitsforståing og ressursutnytting. Deltakarane frå frivilligheita og miljøa har sloppe å ta omsyn til fleire forum enn nødvendig. Dette har minska både vore tids- og ressursbruken for alle partar. Integrerings- og helsemyndigheitene har fått viktig oppdatering frå miljøa om kva dei opplever, bekymrar seg for, og kva dei tenkjer kan vere gode løysingar.

IMDi har også deltatt i dialogmøte Oslo kommune har hatt med sivilsamfunnet. Møta har hatt tema med ulike fokus for eksempel på ungdomsgruppa og korleis ein skal jobbe godt saman i gjenopningsfasen. Oslo har også hatt eit eige nettverk om vaksinevegring. Deltakarar på desse møta har vore byrådsavdeling og utvalde bydelar, utvalde frivillige organisasjonar og der IMDi, FHI og Helsedirektoratet har blitt inviterte inn.

Det vil vere nyttig å kartleggje erfaringane frå dialogmøta og kva deltakarane kan tenkje seg av møte framover, både med tanke på innhald og form, men også korleis myndigheitene kan og bør byggje vidare på samarbeidet etter pandemien. Oslo kommune har hatt «læringspunkter og ønsker for fremtiden» som tema på dialogmøte. Det er einigheit om at dialogmøta og anna samarbeid med sivilsamfunnet er avgjerande i kriser, men bør også gjennomførast i ordinære tider.

Særskilde informasjonstiltak

IMDi har lagt til rette for at særskilde informasjonstiltak for innvandrarak blir spreidde, og har fungert som eit bindeledd til frivillig sektor. Dette har skjedd gjennom deltaking i FHI og Oslo kommunes dialognettverk, men også gjennom kontakt med dei 146 frivillige organisasjonane som fekk tilskot til formidling av informasjon frå myndigheitene til innvandrarak under pandemien.

Det blei gjennomført eit oppstartsmøte med alle organisasjonane i samband med tildeling av tilskotsmidlane. I tillegg inngår kontaktpersonane i organisasjonane i ei e-postoversikt som IMDi bruker for å distribuere viktig informasjon. Mottakarane blir bedne om å spreie informasjonen vidare i eigne kanalar. Vi har erfart at tilpassa og omsett informasjon, som berre er tilgjengeleg på nettsidene til myndigheitene, ikkje er tilstrekkeleg for å kunne spreie informasjonen på ein rask og effektiv måte. Målretta distribusjon av informasjon direkte på e-post fremjar at budskapet når ut til spesifikke grupper mens det enno har nyheitsverdi. Det forhindrar også at organisasjonar, ressurspersonar og kommunar bruker unødig tid og ressursar på å setje om materiale sjølv.⁷⁸

IMDi har sett at distribusjon av informasjon, kombinert med bruk av alternative kommunikasjonskanalar som for eksempel Facebook, Whatsapp, minoritetsspråklege nettsider og radiokanalar, og direkte oppsøkjande, dialogbasert formidling, har gitt resultat under pandemien. Tiltaket bidreg til å lette utfordringa med å finne fram på dei nettsidene til ulike myndigheiter der det trengst både språkleg (norsk/engelsk) og digital kompetanse for å finne fram.

Kunnskapsutvikling

Det går for seg mykje forskning og kunnskapsinnhenting på koronafeltet, både på oppdrag frå IMDi og andre aktørar. For å kunne justere og målrette praksis og bruke ressursane mest mogleg effektivt er det avgjerande med løpande evaluering av igangsette tiltak. Den andre ekspertgruppa peikte på behovet for meir kunnskap og foreslår ei kartlegging av helse, helsekompetanse og helsetenestebruk blant innvandrarbefolkninga,⁷⁹ ei systematisk evaluering av det offentlege informasjonsarbeidet retta mot innvandrarar under pandemien, under dette rolla til frivillige organisasjonar,⁸⁰ og ei anbefaling om vidare offentlege utgreiingar.⁸¹

NIBRs rapport *Informasjon og tiltak rettet mot innvandrerbefolkningen i forbindelse med covid-19* var viktig for å styrkje kunnskapsgrunnlaget om situasjonen for ulike innvandrargrupper, korleis ulike tiltak og informasjon har nådd fram, og kva som kan gjerast betre. Rapporteringane blei gjennomførte i tre delar. Alle delrapportane ligg tilgjengelege på imdi.no.⁸² IMDi har to FoU-prosjekt knytte til covid-19 som blir slutførte og publiserte i løpet av første halvår i 2021, *Årsaker til høye covid-19-smittetall i noen innvandrergrupper* og *Nyankomne flyktningers bruk av digitale kanaler og medier*.

⁷⁸ Eksempel på informasjon som blir sendt ut, er lenkjer til omsette og tolka pressemeldingar og pressekonferansar, informasjon om omsette nettsider om reiserestriksjonar, ramadan og liknande, og Facebook-lenkjer på ulike språk frå Hdir, informasjon om vaksinasjonsprogrammet frå FHI (oppdateringar kvar veke frå juni 2021) og informasjon om krisesentertilbodet på ulike språk på vegner av Bufdir.

⁷⁹ Tiltak 11 i den andre ekspertgruppens rapport

⁸⁰ Tiltak 23 i den andre ekspertgruppens rapport

⁸¹ Anbefaling 3 i den nye ekspertgruppens rapport

⁸² [Informasjon og tiltak rettet mot innvandrerbefolkningen i forbindelse med Covid-19 - delrapport 3 | IMDi](#)

Andre koronarelaterte tiltak

Deltaking i Helsedirektoratets arbeidsgruppe for koronainformasjon til innvandrarbefolkninga

IMDi har bidrege inn i arbeidsgruppa som fokuserer på informasjon og problemstillingar relaterte til innvandring og helse, sidan slutten av mars 2020. Forumet er leidd av Helsedirektoratet og har jamlege møte og består av Helsedirektoratets brukarråd, FHI, IMDi og representantar frå Oslo kommune og Oslo Universitetssjukehus. Det har vore etablert ulike undergrupper under pandemien, blant anna knytt til tolk.

Sårbare minoritetsspråklege elevar og foreldre og samarbeid med Udir

IMDi deltar i ulike i samarbeidsforum med Utdanningsdirektoratet (Udir) der sårbare minoritetsspråklege elevar og foreldre deira er tema. Begge direktorata deltar i Bufdirs koordineringsgruppe for særleg sårbare barn og unge, der det har vore eit særleg fokus på å halde skolane oppe under pandemien. Udir deltar også i IMDi's koordineringsgruppe for tiltak og informasjon retta mot innvandrarbefolkninga. I tillegg deltar Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO) i referansegruppa til vår FoU om den digitale kvardagen til nykomne som er i gang.

Deltaking i møte med Direktorat for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)

IMDi har deltatt på beredskapsmøta i regi av DSB og Helsedirektoratet saman med statsforvaltarane og på samverkekonferansane frå mars 2021.⁸³ Deltaking frå IMDi er nyttig med tanke på informasjonsutveksling, men også som løpande påminning om målgruppene til integreringspolitikken og behova innvandrarbefolkninga har i krise- og beredskapsarbeid.

Imdi.no og sosiale medium

Nettsida til IMDi er ein viktig kanal for informasjon til dei som jobbar med innvandrarar og integrering til dagleg. IMDi har sidan april 2020 drifta ei samleside med lenkjer til koronainformasjon frå andre offentlege myndigheiter. Målgruppa for samlesida er frivillige organisasjonar og hjelpeapparatet som driv oppsøkjande informasjonsarbeid, og som skal nå ut til grupper som ikkje har tilstrekkelege digitale eller norskspråklege ferdigheiter. Nettsida har hatt over 13 200 sidevisingar i 2021. I tillegg har vi ein eksempelbank, *Lær fra andre*⁸⁴, som blei vidareutvikla i februar. Banken fremjar erfaringsdeling og spreier god praksis generelt og har over 23 435 sidevisingar. 15 av sakene i eksempelbanken handlar spesifikt om korona, desse er blitt viste rundt 4 800 gonger i 2021. I tillegg til publisering på imdi.no spreier IMDi regelmessig ny informasjon på samlesida og i eksempelbanken via Facebook-sida vår og nyheitsbrev med rundt 4 300 abonnentar.

Styrkt beredskap for personar med innvandrarbakgrunn i kriser

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) og IMDi fekk våren 2021 eit felles oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet og Kunnskapsdepartementet om å identifisere utfordringane med å nå innvandrarbefolkninga i ein krisesituasjon og styrkje beredskapstiltak overfor gruppa.

DSB og IMDi utarbeidde ei tiltaksliste, basert på det kunnskaps- og erfaringsgrunnlaget som ligg føre. Tiltaka skal gjere myndigheitene betre i stand til å kommunisere og

⁸³ Samverkekonferansane deler situasjonsbilde og tverrsektorielle problemstillingar på direktoratsnivå.

⁸⁴ [Lær fra andre](#) | IMDi

tilpasse tiltak til personar med innvandrerbakgrunn, innanfor sitt ansvarsområde, under ei krise. Tiltaka rettar seg mot myndigheiter både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Rapporten *Styrket beredskap for personer med innvandrerbakgrunn i kriser* blei levert 30. november 2021.⁸⁵

Informasjon og rettleiing om kvalifiseringsarbeid under koronapandemien

Som følgje av koronapandemien har kommunane, til liks med i 2020, vore nøydde til å tilpasse kvalifiseringsarbeidet sitt, under dette tilbodet i opplæring i norsk og samfunnskunnskap og innhald i introduksjonsprogrammet. Kvalifiseringsarbeidet har vore krevjande. Smitteverntiltak og restriksjonar har påverka opplæringa og redusert tilgangen til ordinært arbeidsliv som tiltaksarena, og arbeidsmarknaden har vore utfordrande. Behovet for tilpassingar av opplæring og andre aktivitetar har likevel også ført til at kommunane har funne nye arbeidsmåtar, undervisningsformer og bruk av digitale hjelpemiddel som vil kunne vere nyttige på lang sikt.

I mars 2021 blei endringar i midlertidig lov om tilpasningar i introduksjonsloven for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19 vedtatt for å mogleggjere implementeringa av integreringspakke II. Tiltaka blei ytterlegare forlengde i juni ved integreringspakke III. IMDi og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har halde fram med samarbeidet frå 2020 om implementering av integreringspakkene, tilpassingar i regelverket om introduksjonsprogrammet og opplæringa i norsk og samfunnskunnskap gjennom informasjonsarbeid retta mot kommunane, fylkeskommunane og statsforvaltarane.

Funn i NIBRs rapport *Evaluering av integreringspakke I og midlertidig lov*,⁸⁶ tal frå rapportering frå kommunane om bruken av tiltaka som utløyste tilskot frå integreringspakke II, og førespurnader til IMDi frå kommunane og statsforvaltarane i første halvår 2021 tydde på at kommunane til dels var usikre på målgruppene for tiltaka. Det blei også påpeikt i NIBRs rapport frå evalueringa av integreringspakke I og mellombels lov at det i samband med integreringspakke I og II var blitt delt mykje informasjons- og rettleiingsmateriell via IMDi og HK-dir sine formelle kanalar. Stadig ny informasjon frå ulike offentlege aktørar, endringar med omsyn til regelverk og restriksjonar knytte til smittevern mv. skapte likevel ein uoversiktleg situasjon. Dette kan ha medført at dei formelle kanalane til direktorata ikkje nødvendigvis var tilstrekkelege med omsyn til å nå ut med informasjon og rettleiing om dei tilgjengelege tiltaka til alle kommunar.

På bakgrunn av dette forsøkte IMDi, i samarbeid med HK-dir, å betre informasjons- og rettleiingsarbeidet knytte til integreringspakkane og dei mellombelse lovene i 2. halvår 2021. Informasjon om integreringspakke III blei derfor delt både tidlegare, hyppigare og gjennom fleire kanalar. I samband med rapporteringa frå kommunane om bruken av tiltaka som utløyste tilskot frå integreringspakke III, blei det også gitt anledning til å rapportere om tiltak som kunne utløyse tilskot frå integreringspakke II, men som av ulike grunnar ikkje hadde blitt innrapportert. Dette resulterte i at både ytterlegare bruk av

⁸⁵ [Styrket beredskap for personer med innvandrerbakgrunn i kriser](#)

⁸⁶ [Evaluering av integreringspakke I og midlertidig lov \(oslomet.no\)](#)

tiltaket «utvidet norskopplæring» og tiltaket «utvidet introduksjonsprogram» i første halvår 2021 blei rapportert inn.

Basert på tala frå rapporteringa frå kommunane har ein svært høg del av den potensielle målgruppa for «utvidet introduksjonsprogram» fått dette tiltaket både i første og andre halvår 2021.

Sett opp mot opphavleg anslag og potensiell målgruppe er det langt lågare innrapportert bruk av tiltaket «utvidet norskopplæring». Moglege årsaker kan vere at kommunane har tolka regelverket og målgruppa strengare enn intendert, eller at kommunane ikkje i tilstrekkeleg grad har tilbydd utvida opplæring til personar i målgruppa. Andre årsaker kan vere at deltakarar har valt å takke nei til tilbod, eller at kommunen har gitt deltakarane behovsprøvd norskopplæring etter ordinært regelverk i staden for å gjere vedtak etter den mellombelse lova og rapportere inn tiltaket for å få utbetalt ekstra tilskot.

At kommunar har gitt deltakarane behovsprøvd norskopplæring etter ordinært regelverk eller unnlate å rapportere inn utvida norskopplæring som eit tiltak etter mellombels lov for å få utbetalt tilskot, kan igjen ha ulike forklaringar. Dette omfattar utfordringar med å følgje regelverket for tiltaket, praktiske utfordringar med å tilby ekstraordinær opplæring eller at tilskotet blir rekna som for lågt til at kommunen gjer vedtak etter mellombels lov og rapporterer inn bruken av tiltaket. IMDi er også kjent med at nokre kommunar ikkje har tilbydd utvida norskopplæring etter mellombels lov med grunngivinga at dei ville ha tilbydd utvida norskopplæring til deltakaren uavhengig av pandemien.

Funn i NIBRs evaluering av integreringspakke I og mellombels lov,⁸⁷ spørsmål til IMDi frå kommunane og statsforvaltarane og oppfølginga IMDi sjølv gjorde av kommunane i samband med rapporteringa, tyder på at forklaringa ligg i ein kombinasjon av dei nemnde forholda. NIBRs evaluering av integreringspakke II og mellombels lov vil truleg kunne gi fleire svar.

I tillegg til implementeringa av integreringspakkane, og informasjons- og rettleiingsarbeid knytt til dette (Oppdrag 2021-03 *Kvalifisering under Covid-19 – informasjon og veiledning*) utarbeidde IMDi og HK-dir i starten av året ei rettleiing om kvalifisering under pandemien.⁸⁸ Rettleiinga blei publisert på nettsidene til IMDi 15. februar og har i løpet av 2021 blitt oppdatert i samarbeid mellom direktorata. Rettleiinga hadde per 31. desember hatt 4 154 sidevisingar.

Tverretatlege strategiar og samarbeid

Områdesatsingar i byområde med store levekårsutfordringar

Myndigheitene har i fleire år brukt områdesatsingar som eit verkemiddel for å betre levekår i utsette byområde. Fokuset i satsingane har særleg handla om å betre oppvekstvilkåra for barn og unge, men er også retta inn mot auka sysselsetjing, betre folkehelse, auka deltaking, inkluderande bumiljø og kriminalitetsførebyggjande arbeid. Mange av innbyggjarane i satsingsområda har innvandrarakgrunn. IMDis erfaringar og integreringsfaglege kompetanse er derfor viktige når ein ser levekårsarbeid og integrering i samanheng.

⁸⁷ [Evaluering av integreringspakke I og midlertidig lov \(oslomet.no\)](https://oslomet.no/evaluering-av-integreringspakke-i-og-midlertidig-lov)

⁸⁸ [Kvalifiseringsarbeid under pandemien | IMDi](#)

Total løyving for områdesatsingane var i 2021 36,7 mill. kroner. 35,7 mill. kroner blei øyremerkte områdesatsingane i Oslo og 1 mill. kroner til områdesatsinga Strømsø i Drammen. IMDi har i 2021 vore representert i alle styringsgruppene til delprogramma i Oslo, i tillegg til å løyve midlar til nye prosjekt i Strømsø. Tiltaka i dei ulike områdesatsingane er godt innarbeidde, og det blir rapportert jamt over om god framdrift i satsingane.

Oppfølging av regjeringsstrategien for den sosiale boligpolitikken (2021–2024) (Tidligere Bolig for velferd (2014–2020))

Store delar av befolkninga har i periodar av livet behov for samansette tenester innan bustad- og tenestemrådet. Veiviseren.no er ein digital informasjons- og rettleiingsressurs utvikla for kommunane og andre som jobbar med bustad- og tenesteutvikling. Veiviseren.no gir samla informasjon frå fleire offentlege og frivillige aktørar på éin stad. Som ledd i oppfølginga av strategien og som medeigar av nettressursen deltar IMDi i redaksjonen og bidreg fagleg og økonomisk inn i utvikling, formidling av og oppdatering av fagleg innhald. Arbeidet blir gjort i tett samarbeid med dei andre direktorata ansvarlege for nettstaden.

IMDi har bidrege inn i arbeidet til Husbanken med å foreslå nasjonale indikatorar for arbeidet med å førebyggje og kjempe mot bustadmangel.

0–24-samarbeidet

IMDi deltar framleis i avslutninga av eitt delprosjekt i 0–24-programmet på grunn av forseinkingar som følgje av covid-19-pandemien. Arbeidet blir koordinert av Bufdir og er forventa avslutta medio 2022.

Handlingsplan mot rasisme og diskriminering på grunn av etnisitet og religion (2020–2023)

IMDi deltar i eit tverretatleg forum om etnisk diskriminering. Forumet er forankra i tiltak 48 i handlingsplanen, Styrking av det tverrsektorielle samarbeidet på tvers av sektorar for å sikre at tenester er likeverdige og ikke diskriminerer etniske minoriteter. Forumet bidreg til erfaringsutveksling, kunnskapsutvikling og samarbeid mellom direktorata. Det er Bufdir som leier forumet. I 2021 har IMDi bidrege fagleg og økonomisk til å setje i verk eit FoU-prosjekt om likeverdige offentlege digitale tenester der hovudfokus er gode digitale tenester retta mot innvandrarar. Bufdir er ansvarleg for prosjektet, som blir utført av Sintef Digital.

Handlingsplan mot diskriminering av og hat mot muslimer (2020–2023)

IMDi har ansvar for tiltak 15 i handlingsplanen, eit forskingsprosjekt som skal avdekkje moglege samanhengar mellom oppleving av negative haldningar og diskriminering av muslimar, deltakinga deira på ulike samfunnsområde og opplevd tilhøyrse. Forskingsoppdraget er tildelt Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter og blir gjennomført i samarbeid med Likestillingssenteret KUN. Forskingsprosjektet blir ferdigstilt innan utgangen av 2022.

Handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme

IMDi deltar i ei breitt samansett direktoratsgruppe for oppfølging og vidareutvikling av arbeidet mot radikalisering og valdeleg ekstremisme. Gruppa er forankra i tiltak 11 i handlingsplanen, Styrke den nasjonale koordineringen. Direktoratsgruppa er eit viktig forum for erfaringsutveksling og kunnskapsutvikling på tvers av direktorata og for å etablere kontakt og samarbeid mellom direktorata. IMDi bidreg med informasjonsdeling frå kjerneoppgåvene til direktoratet og med kunnskap om barrierar og moglegheter for inkludering av innvandrarar og barna deira i samfunnet. Konfliktrådet leier gruppa.

Regjeringens samarbeidsstrategi for barn og ungdom i lavinntektsfamilier – Like muligheter i oppveksten (2020–2013)

IMDi deltar i den tverretatlege arbeidsgruppa ansvarleg for rapportering på tiltaka i strategien. Arbeidet blir koordinert av Bufdir, og rapporteringsfristen for 2021 er januar 2022. Hovudtiltaket til IMDi inngår i *Integrering gjennom kunnskap – Regjeringens integreringsstrategi 2019–2022*.

Handlingsplan for å forebygge og bekjempe vold i nære relasjoner, Frihet fra vold (2021–2024)

Handlingsplan for å forebyggje og kjempe mot vald i nære relasjonar blir sett i samanheng med handlingsplan mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*.

Handlingsplan mot voldtekt (2019–2022)

Handlingsplan mot voldtekt (2019–2022) fokuserer på målretta forebyggjande innsats, eit godt hjelpetilbod etter valdtekt, god fagleg oppfølging av fornærma, god etterforskningskvalitet og meir kunnskap og kompetanse. IMDi har ansvar for tiltak 32 i handlingsplanen: Økt kunnskap om hvorvidt innvandrergupper sjeldnere oppsøker hjelp/anmelder voldtekt enn andre utsatte, og hvordan dette eventuelt har innvirket på deres liv. NOVA og NKVTS har gjennomført eit forskingsprosjekt på oppdrag frå IMDi, som gir oss meir innsikt om seksuelle krenkingar og hjelpesøking blant utsette med minoritetsbakgrunn. Denne rapporten blir publisert våren 2022 og viser at det kan vere mange barrierar for at kvinner tar kontakt med hjelpeapparatet. Manglande kunnskap om det norske samfunnet, hjelpetilbod og eigne rettar kan vere ein barriere. Det kan også vere tabubelagt å fortelje at ein har blitt utsett for seksuell vald, spesielt dersom familie og nettverk har ein æreskultur der kvinner skal vere ærbare seksuelt.

Opptappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)

Opptappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021) er drifta av Bufdir. Planen inneheld tiltak for å gi betre hjelp til dei dette gjeld, og tiltak for å kunne forebyggje at vald og overgrep skjer. IMDi har deltatt fast i samarbeidsgruppa på direktoratsnivå. Opptappingsplanen blir sett i samanheng med handlingsplanen mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting.

Handlingsplan mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og kjønnskarakteristika (2021–2024)

(jf. Trygghet, mangfold, åpenhet. Regjeringens handlingsplan mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk (2017–2020))
Handlingsplan mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og kjønnskarakteristika er drifta av Bufdir. IMDi vil delta i samarbeidsgruppa på direktoratsnivå. Handlingsplanen blir sett i samanheng med handlingsplanen mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*.

Handlingsplan for forebygging av selvmord (2020–2025)

I *Handlingsplan for forebygging av selvmord (2020–2025)* blir det stadfesta eit behov for meir kunnskap om sjølvmondsåtfærd i ulike delar av befolkninga, og at dette kan bidra til betre forebygging. Nasjonalt senter for selvmordsforskning- og selvmordsforebygging (NSSF) gjennomfører i 2021–2022 eit FoU-opppdrag om kunnskap om sjølvmondsåtfærd, årsaker til sjølvmond og forebygging av sjølvmond i innvandrarbefolkninga.

IMDi har deltatt i referansegruppa til prosjektet. Rapporten blir ferdigstilt våren 2022.

Digitaliseringsstrategien til regjeringa

Oppfølginga til IMDi av digitaliseringsstrategien til regjeringa *Én digital offentlig sektor (2019–2025)* er omtalt under kapittel 4 *Styring og kontroll*.

Arbeid for auka valdeltaking for personar med innvandrarbakgrunn ved stortingsvalet 2021

Valdirektoratet har ansvaret for den operative valgjennomføringa på landsbasis og informasjon om valet i 2021. IMDi har verken fått førespurnader knytte til dette eller gjennomført særskilde aktivitetar.

4 Styring og kontroll i verksemda

Opplegget direktoratet har for styring og kontroll, skal sikre måloppnåing både ved løpande drift og prosjekt. Arbeidet med risikostyring, internkontroll, sikkerheit og beredskap og dokumentforvaltning er integrert i styringa av verksemda. Totalt sett bidreg styringa godt i arbeidet med å sikre måloppnåing.

På grunn av pandemien har 2021 vore prega av eit særleg behov for fleksibilitet og hurtig endring av planar.

Systemet i IMDi for styring og kontroll

Verksemdsstyringa i IMDi følgjer eit årshjul som er tilpassa styringsprosessane i statlege verksemdar. Budsjettet til IMDi blir lagt slik at det støttar opp under tildelingsbrevet frå eigardepartementet og prioriteringar for utvikling av organisasjonen.

Mål, resultatkrav og fullmakter blir formaliserte i årlege forventningsnotat og disponeringsskriv til divisjonane. Dette dannar grunnlag for intern rapportering på måloppnåing og budsjett. IMDi rapporterer til departementet i tråd med føringane i tildelingsbrevet.

Risikostyringa bidreg til at vi identifiserer og handterer forhold som kan inntreffe og påverke måloppnåinga vår. Det overordna risikokartet blir oppdatert halvårleg og sendt departementet i forkant av etatsstyringsmøta.

Risikovurderingane som blei gjennomførte første kvartal, skjedde i ein periode der samfunnet framleis var underlagt strenge smittevernrestriksjonar. Det var på det tidspunktet uvisse knytt til korleis koronapandemien ville utvikle seg, og IMDi valde å leggje til grunn ei gjenopning av samfunnet i tråd med planar som låg føre frå regjeringa. Ei oppsummering av risikovurderinga for 2021 går fram av tabell 4-1 under.

IMDi har iverksett tiltak for å handtere desse risikoane og sikre at restrisikoen er på eit akseptabelt nivå. IMDi har vidareført prioritering av to område for utvikling og forbetring av internkontrollen, tilskotsforvaltning og informasjonssikkerheit, der særleg informasjonssikkerheit har vore eit viktig utviklingsområde.

Tabell 4-1. Risikoar knytte til mål, med risikovurdering

Overordna mål	Risiko	Risikovurdering
Fleire innvandrarak deltar i arbeidslivet	◆ Mangelfulle eller mindre effektive kvalifiseringsl�p ◆ Redusert overgang til arbeid og utdanning etter gjennomf�rt introduksjonsprogram ◆ Fleire innvandrarak fell ut av og blir st�ande varig utanfor arbeidslivet	H�g (middels etter tiltak)
Busettinga er rask og treffsikker	◆ Mindre effektivt busettingsarbeid ◆ Mindre treffsikkert busettingsarbeid ◆ Risiko for at kommunane vil krevje kompensasjon for utgifter til busetting	L�g
Innvandrarak har h�g deltaking i samfunnsliv	◆ Barn og unge som blir utsette for negativ sosial kontroll, kjem ikkje i kontakt med hjelpeapparatet ◆ Risiko for at innvandrarak ikkje tileignar seg n�dvendig informasjon eller f�lgjer p�legg og anbefalingar fr� myndigheitene	H�g (middels etter tiltak)
Anna	◆ D�rleg omd�mme for IMDi, p� grunn av lang saksbehandlingstid knytt til enkelte tilskotsordningar	H�g (middels etter tiltak)

Tilskotsforvaltning

I 2021 har IMDi arbeidd med digitalisering av tilskotsordningane for integreringstilskot, tilskot til einslege mindre rige flyktningar og tilskot for busetting av personar med nedsett funksjonsevne og/eller  tferdsvanskar. Den nye tilskotsl ysinga (Digitale tilskot) vil gjere arbeidet med tilskot enklare, sikrare, gi betre oversikt og gjere det meir f reseieleg for IMDi og kommunane.

IMDi har hatt utfordringar knytte til restansar p  tilskotsforvaltninga i 2021. I l pet av  ret har likevel talet p  restansar blitt vesentleg redusert. I f rste halvdel av 2021 blei saker som ikkje kunne behandlast automatisk i den nye l ysinga, prioriterte. Hausten 2021 blei ny *Digitale tilskot* innf rt, og kommunane treng ikkje lenger   s kje p  * r 1-tilskot*. Ved oppstart av systemet blei ein vesentleg del av sakene behandla automatisk, og dette har f rt til at det ikkje lenger er restansar for desse tilskota.

For *tilskot for busetting av flyktningar med alvorleg nedsett funksjonsevne* er det sett i gang fleire tiltak for   byggje ned restansane. Restansane er i l pet av  ret blitt betydeleg reduserte, og 31. desember var gjennomsnittleg saksbehandlingstid p  5 m nader. Det viktigaste tiltaket for   korte ned p  saksbehandlingstida blir implementert f rste kvartal 2022 med andre delleveranse av *Digitale tilskot*. Dette vil gi ytterlegare effektivisering av prosessane og vil f re til kortare saksbehandlingstid fr  s knad blir tatt imot, til utbetalinga er gjennomf rt.

Tabell 4-2. Søknadsbaserte tilskot IMDi forvalta i 2021

Kap. / post	Tilskotsordning	Tal på søknader	Tal på innvilga søknader	Omsøkt beløp (i mill. kroner)	Utbetalt beløp (i mill. kroner)
291/60	Tilskot for busetting av personar med nedsett funksjonsevne eller åtferdsvanskar	1 325	1 786	Ikkje tilgjengeleg *	832
291/62	Tilskot til etablering og gjennomføring av tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarar	10	10	22	15
291/62	Tilskot til Jobbsjansen	41	41	156	120
291/62	Tilskot til kvalifisering for bebuarar i integreringsmottak	2	2	0	6
291/62	Tilskot til utvikling av kommunale integreringstiltak	91	67	96	55
291/71	Ekstraordinært tilskot til informasjonstiltak for innvandrarbefolkninga i regi av frivillige organisasjonar	231	146	93	40
291/71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar**	198	91	116	45
291/71	Tilskot til klippekortordning for norskopplæring – prøveordning	45	37	88	30
291/73	Tilskot til auka etnisk mangfald i arbeidslivet	31	16	14	4

* IMDi fører ikkje statistikk på omsøkt beløp på kap. 291 post 60.

** Her omtaler vi den delen av tilskotet som IMDi forvaltar. 40 utvalde kommunar forvaltar ytterlegare 89 mill. kroner.

Sikkerheit og beredskap

Beredskap

IMDi gjennomførte ein ROS-analyse hausten 2020. Her blei det identifisert 12 område med høg risiko. IMDi følgjer opp desse og set i verk risikoreduserande tiltak i 2022.

IMDi har revidert beredskapsplanane til direktoratet og gjort endringar basert på ROS-analysen. IMDi har utarbeidd delplanar for krisekommunikasjon, IKT og minoritetsrådgivarar, kommisjonsreiser og pandemi. IMDi vil gjennomgå planverket årleg og endre ved behov.

IMDi har gjennomført ei øving for å teste ut det nye planverket. Erfaringane frå øvinga blir brukte som utgangspunkt for kompetansehevende tiltak og eventuelt til oppdatering av planverket.

Informasjonssikkerheit og personvern

IMDi har gjennomført kompetansehevende tiltak innan informasjonssikkerheit. IMDi har gjennomgått IKT-sikkerheitsinstruksen til direktoratet og gjennomført opplæring for alle tilsette. Hensikta med IKT-sikkerheitsinstruksen er å setje fokus på god bruk av IKT-utstyr, gode rutinar og å bevisstgjere om informasjonssikkerheit og personvern.

IMDi har gjennomført *Sikkerhetsmåned* basert på tema definert av Norsk senter for informasjonssikring og gjennomført fleire bevisstheitskampanjar knytte til digital sikkerheit, spesielt sikkerheita på heimekontor. IMDi har gjennomført ei undersøking av sikkerheitskulturen i direktoratet, og resultata blir tatt med inn i planlegginga av sikkerhetsmånenaden 2022.

Arbeidet med personvern har vore tett knytt til informasjonssikkerheit for å auke bevisstheita om eit godt personvern både i interne arbeidsprosessar og i dei digitale systema.

Personvernombodet har gitt ei fråsegn om varetaking av personvernet knytt til kompetansekartlegging av nykomne flyktningar (oppdrag nr. 2021-4). Det har også vore ein god dialog om vidareføring av Datavarehuset til IMDi etter at Personvernombodet kom med ei bekymring rundt korleis løysinga hadde blitt etablert. Datavarehuset er under vidareutvikling i 2022.

Det er rapportert inn 31 avvik i avvikshandteringssystemet i IMDi, for informasjonssikkerheit og personvern. Av desse avvika blei eitt meldt til Datatilsynet.

Anskaffingar

IMDi har hatt fokus på innkjøp og gode anskaffingar i 2021 og gjennomført kompetansehevande tiltak for dei tilsette i IMDi. IMDi har iverksett eit arbeid med ein felles anskaffingsstrategi og rutinebeskrivingar for meir effektive innkjøp i heile organisasjonen. Det er i tillegg iverksett tiltak innanfor avtaleforvaltning, der målet er å få på plass ei transparent oversikt over alle løpande avtaleforhold.

Forbetringane vil redusere kostnader, effektivisere arbeidsprosessar og frigjere tid til andre oppgåver.

Saker frå Riksrevisjonen

Ifølgje Riksrevisjonens revisjonsbrev gir årsrekneskapen for 2020 eit dekkjande bilde av IMDis disponible løyvingar, inntekter og kapitalpostar, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Riksrevisjonen hadde ingen merknader i det avsluttande revisjonsbrevet. Det har derfor ikkje vore feil eller manglar for IMDi å følgje opp i 2021.

Andre forhold som departementet har bede IMDi om å rapportere særskilt på

Digitaliseringsarbeidet til IMDi

IMDi utviklar digitale løysingar og involverer brukarar i kommunane og andre verksemder i statleg sektor. Løysingane skal gi effektive system for brukarane, bidra til betre resultat i integreringsarbeidet, sikre ei meir einskapleg behandling av kommunar og flyktningar og gi eit betre kunnskapsgrunnlag for målstyring.

I 2021 blei digital fagressurs for auka kvalitet i introduksjonsprogrammet ferdigstilt. Det har vidare blitt gjennomført omfattande endringar i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) som følgje av ny integreringslov. Innanfor same prosjektet har det også blitt gjennomført nødvendige oppdateringar i overføringstenesta mellom NIR og dei kommunale fagsystema. Endringar i integreringsforskrifta som tredde i kraft 1. august

2021, inneber behov for ei betydeleg endring i NIR tilknytt ny ordning for samfunnskunnskap. Dette arbeidet held fram i 2022.

Prosjektet System for integreringsmålinger utviklar ny tal- og statistikk-løysing og oppfyller oppdraget om å utvikle eit system for å måle gjennomføring, innsats og resultat av integreringsreforma. Den nye løysinga skal koplust mot IMDi's datavarehus, som blei ferdigstilt i 2021. Dette skal gi fleire moglegheiter for bruk av IMDi's eigne data og formidling av nøkkeltal på integreringsfeltet.

IMDi vidareutviklar også busettingssystemet, med utvikling av ny kompetansemodul med einskapleg grensesnitt for kartlegging, felles arkitektur for samhandling, modul for busettingsinformasjon, matching av flyktning og kommune, verktøy for saksoppfølgning, koordinering og aggregerte nøkkeltal, og grunnlag for flyktningen si MiSide.

IMDi har arbeidd med digitalisering av tilskotsordningane for integreringstilskot, tilskot til einslege mindreårige flyktningar og tilskot for busetting av personar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar. I løpet av hausten 2021 blei første delleveranse implementert og gir allereie god effekt. Fleire delleveransar vil implementerast i løpet av 2022.

Per i dag bruker IMDi mykje ressursar kvart år på å lyse ut, tildele og følgje opp ekstern konsulentbistand til innhenting og analyse av individrapporteringar i Jobbsjansen og område 1 i Tilskuddsordning for utvikling av kommunale integreringstiltak (TUKI, tidlegare ein del av Jobbsjansen). No utviklar vi eit register over deltakarar i Jobbsjansen og Område 1 i TUKI, som skal gjere det enkelt å følgje tilknyttinga tidlegare deltakarar har til arbeid og utdanning over tid.

For utdjupande beskriving av effektar tilknytte dei digitale løysingane, sjå kapittel 3.

Oppdrag livshendinga Ny i Noreg

Oppdraget IMDi har fått om livshendinga, byggjer på at «Brukerne skal settes i sentrum gjennom utvikling av mer sammenhengende tjenester basert på viktige livshendelser». Arbeidet i 2021 har vore fokusert på å utarbeide plan for oppdrag, utarbeide forslag til mandat, etablere arbeidsgruppe med eksterne kjerneinteressentar (UDI, NAV, DigDir, KS og IMDi) og delta i fagnettverk med eigarane av livshendingane for å dele erfaringar på tvers.

IMDi har også fullført uteståande arbeid frå innsiktsrapporten 2020. I hovudsak omfatta dette ytterlegare analyse av bevarings- og forbetningsområde, kartlegging av tiltak og prosjekt som er knytte til livshendinga, og vidareutvikle gevinstkart med fokus på målbilde og forventa nytteeffektar.

Arbeid med digitaliseringsstrategien til regjeringa

Arbeidet til IMDi med oppfølging av digitaliseringsstrategien til regjeringa er oppsummert i tabellen nedanfor.

Tabell 4-3. Arbeid med innsatsområda i digitaliseringsstrategien *Én digital offentlig sektor*

Samanhengande tenester	Innsatsområdet omfattar at «Brukerne settes i sentrum gjennom utvikling av mer sammenhengende tjenester basert på viktige livshendelser». IMDi har ansvaret for livshendinga Ny i Noreg. Innsiktfasen som er gjennomført i 2020, er grunnlaget for det vidare arbeidet. Arbeidet med livshendinga baserer seg på analysar av brukarreiser og informasjonsreiser. Dette er utgangspunkt for kartlegging av tiltak og prosjekt og samarbeid med kjerneinteressentar i det vidare arbeidet.
Samordning på tvers	IMDi deltar i kunnskapssektoren si faggruppe for tenestekjeder som bidreg til å gi eitt kontaktnett for samhandling og identifisere samhandlingspunkt for verksemdene. Prosjekt Endringer i NIR som følge av ny integreringslov har forankra utviklingsplanane og informerer kommunane løpande om endringar som vil komme. Arbeidet skal sikre at kommunane har gjort nødvendige tilpassingar i fagsystema sine og forstår korleis nye NIR skal takast i bruk – med endringane som følgjer av ny lov. Prosjekt Digitale tilskudd leverer ei løysing som er forventa å gi store nytteverknader hos kommunane. Kommunane blir involverte i prosjektarbeidet løpande for å sikre framtidig realisering av gevinstar.
Digitaliserings-vennleg regelverk	I arbeidet med ny integreringslov har IMDi tatt omsyn til at regelverket skulle vere digitaliseringsvennleg. Eksempelvis blei løysinga rundt ikraftsetjing av lova drøfta grundig med departementet. Løysing blei at lova blir sett i verk på ein måte som gjer at vi forholdsvis enkelt kan skilje mellom personar som er omfatta av nytt og gammalt lovverk. IMDi har gitt innspel på behovet for å harmonisere omgrepsbruken i regelverket for å sikre at omgrepa blir brukte så einskapleg og konsekvent som mogleg.
Deling av data	Gjennom etablering av eit datavarehus med leiingsinformasjon har IMDi fått raskare og enklare tilgang til data på kvalifiseringsområdet. På sikt vil datavarehuset inkludere data frå fleire relevante fagområde i IMDi. Datavarehuset gir IMDi nye moglegheiter til å utarbeide statistikk og analysar som kan brukast internt og av eksterne samarbeidspartnarar. Vidare vil det vere enklare å produsere datasett til bruk i forskning på ein sikkerheitsmessig forsvarleg måte.
Nasjonale fellesløysingar i økosystem	Nasjonalt tolkeregister bruker ID-porten for sikker innlogging og autentisering. Når tolkar søkjer om oppføring i nytt Nasjonalt tolkeregister, blir relevant personinformasjon henta automatisk frå Folkeregisteret.
Samarbeid med privat sektor	IMDi har eit samarbeid med privat sektor gjennom bruk av konsulentar til ulike roller ved utvikling av digitale løysingar og systemleverandøravtalar. IMDi har sidan 2019 tatt i bruk dynamisk innkjøpsordning for å hente inn nødvendig ekstern kompetanse. Gjennom ordninga har vi fått tilgang til ein større del av leverandørmarknaden, med eit utvida spekter av kompetanse og erfaring.

Forvaltning av digitale system

Systemforvaltning omfattar anskaffingar, vidareutvikling av system, avtaleforvaltning, leverandøroppfølging og tydelege prioriteringar i arbeidet.

Det har vore høgt tempo på den digitale utviklinga, og fleire prosjekt har blitt overleverte til forvaltning. Dette har ført til behov for styrking av forvaltninga og korleis denne varetar vidareutvikling av systema til IMDi. Derfor begynte IMDi på ei utgreiing for å vidareutvikle forvaltninga i 2021 som blir vidareført inn i 2022.

FNs berekraftsmål

Samfunnsoppdraga til IMDi er tett knytte til dei sosiale og økonomiske berekraftsmåla. IMDi verkemiddel, indikatorar, integreringsresultat og kunnskapsutvikling bidreg til å nå enkelte av måla. Særleg mål 4 om å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring er relevant for IMDi. Vidare er mål 3 (god helse og livskvalitet), mål 5 (likestilling mellom kjønna), mål 8 (anstendig arbeid og økonomisk vekst), mål 10 (mindre ulikskap) og mål 16 (fred, rettferd og velfungerande institusjonar) nært knytte til IMDi samfunnsoppdrag.

IMDi er ei lita verksemd med eit relativt lite fotavtrykk og har mange miljøperspektiv innarbeidde i den daglege drifta. Dette gjeld for eksempel mykje bruk av heimekontor i 2021, ansvarlege anskaffingar av driftstenester, avfallshandtering og straumsparing. Hausten 2021 har IMDi kartlagt berekraftstiltaka til direktoratet og andre sosiale tiltak som knytte til personalhandtering, kompetanseutvikling og likestilling. Denne kartlegginga vil danne grunnlag for det vidare arbeidet med å redusere miljøavtrykket til IMDi i 2022.

Evaluering av handteringa av covid-19-pandemien

IMDi har gjennomført ei evaluering av handteringa av covid-19-pandemien. Evalueringa tar for seg perioden frå covid-19-pandemien braut ut i mars 2020, til utgangen av 2021. Formålet var å beskrive kor godt førebudd IMDi var på å handtere ei krise, og korleis pandemien påverka tenestene til IMDi.

Evalueringa byggjer på ein gjennomgang av dokument, planverk og rapporteringar som IMDi har skrive i løpet av perioden mars 2020 og fram til i dag. I tillegg er det gjennomført samtalar med relevante medarbeidarar, som har hatt ei rolle i beredskapsarbeidet eller andre tiltak. Evalueringa har fokusert på å finne læringspunkt. Dei viktigaste læringspunktene som blei identifiserte, følgjer under.

Beredskap og personell

Beredskapsplanane til IMDi var ikkje godt nok tilpassa den situasjonen som oppstod, da dei ikkje inneheldt rutinar for å handtere ein pandemi. Rollene var uklare i planverket, men dei fire grunnleggjande prinsippa i beredskapsarbeid fungerte godt som føringar.

IMDi har i løpet av 2020–2021 oppdatert planverket, med ein eigen delplan for pandemi. IMDi har halde éi øving i 2021, og nye øvingar er planlagde i 2022.

IMDi har tatt i bruk nye digitale plattformer for samarbeid og nytta heimekontor i store delar av perioden. Undersøkingar blant dei tilsette viser at overgang til heimekontor har blitt handtert på ein tilfredsstillande måte. Vidare har tilsetjingar og opplæringstiltak delvis skjedd digitalt, utan at dette har medført at volumet eller tempoet i desse aktivitetane har gått ned.

Rolla IMDi har overfor sektormyndighetene og samarbeid med frivilligheita

Pandemien har synleggjort at sektormyndighetene elles ikkje har god nok kunnskap om målgruppa til IMDi og behovet deira for helseinformasjon, språkferdigheiter og livssituasjon generelt. Det er behov for at IMDi tar ei samordnings- og koordineringsrolle i ein krisesituasjon for å sikre at delar av innvandrarbefolkninga får nødvendig informasjon.

Eit godt samarbeid med frivilligheita har vist seg å vere avgjerande for å nå ut til innvandrarar i Noreg. Vidare har dette samarbeidet gitt IMDi verdifull informasjon om målgruppa, som har gjort det mogleg å spisse tiltaka og gjere dei meir effektive.

Negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

Erfaringar frå dei siste åra viser at det at minoritetsrådgivarane er fysiske til stades på skolane, er viktig for å kunne følgje opp barn og unge som blir utsette for negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Dette var ikkje mogleg gjennom delar av pandemien. Dersom forholda tilseier at dette ikkje er mogleg, for eksempel på grunn av stengde skolar, er det viktig at minoritetsrådgivarane deltar på digitale flater for å nå brukarane sine der.

I enkelte miljø har smitteverntiltak blitt brukte som ei ytterlegare grunngeving til å utøve sterk kontroll over fridommen til ungdommar, og i familiar prega av trongbudd husvære kan smittevernrestriksjonane ha forsterka nivået av kontroll og konflikt mellom familiemedlemmer.

Tolking i offentleg sektor

Pandemien har vist at det er behov for koordinering av omsetjingar i offentleg sektor. Eit anna viktig læringspunkt er at informasjon til innvandrarbefolkninga på relevante språk og distribusjon gjennom dei rette kanalane må vere ein del av beredskapsplanane til myndigheitene. Erfaringane med covid-19-pandemien har vist at det er behov for koordinering av omsetjingar i offentleg sektor. Informasjon til innvandrarbefolkninga på relevante språk og distribusjon gjennom rette kanalar bør også vere ein del av beredskapsplanane til myndigheitene.

Busetting og kvalifisering

Reiserestriksjonane under pandemien medførte at det kom færre personar som skal busettast i Noreg. Uttakskommisjonar blei ein periode gjennomført digitalt, men det var fleire utfordringar knytte til dette, og kvaliteten på kartlegginga kan ha blitt redusert.

Kvalifiseringsarbeidet blei også prega av smitteverntiltaka, og mykje måtte gjennomførast digitalt. Digitale løysingar er likevel mindre eigna for personar med mindre formell kompetanse og lågare digitale ferdigheiter. Det er viktig at digitale ferdigheiter inngår i dei innleiande delane av opplæringsløpet.

Arbeidsretta innhald i introduksjonsprogram, særleg praksis og anna opplæring i ordinært arbeidsliv, er sårbart under ein pandemi.

Administrative forhold

Kompetanseutvikling

IMDi har utarbeidd ein strategisk kompetanseplan for organisasjonen, basert på anslag på eksisterande og framtidig kompetansebehov. Gjennomførte kompetanseutviklingstiltak, i form av bedriftsinterne kurs, baserte seg på denne planen. I løpet av hausten blei det gjennomført 6 ulike kurs med 52 deltakarar totalt.

Første halvår 2021 var prega av pandemien og situasjonen med restriksjonar og heimekontor. Hovudfokus i denne perioden var å styrkje kompetansen til organisasjonen i Microsoft 365-pakken, som blei innført i 2020. Kompetansesatsinga blei organisert i form av hyppige, digitale minikurs som er tilgjengelege for alle tilsette.

Inkluderingsdugnaden

Det er eit mål i inkluderingsdugnaden til regjeringa at minst 5 prosent av dei nyttilsette i staten skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en.

Av 75 nyttilsette i 2021 var 4 prosent kjent å vere frå målgruppa. Dette inneber at IMDi nesten nådde målet. To nyttilsette har høl i CV, og éin har nedsett funksjonsevne.

IMDi har rutinar for at det ved alle rekrutteringsprosessar skal viast særskild merksemd til kva for krav til kvalifikasjonar og personlege eigenskapar som blir stilte, for ikkje å ekskludere søkjarar frå målgruppa. Rekrutterande leiar må gjere greie for korleis rekrutteringsprosessen kan leggjast til rette for å nå målet om 5 prosent allereie ved utarbeidinga av stillingsannonsen. HR følgjer opp leiarane og sikrar at regelverket for positiv særbehandling av søkjarar frå målgruppa er kjent og blir etterlevt. Alle utlysingar frå IMDi inneheld oppfordring til personar i målgruppa om å søkje på ledige stillingar i direktoratet.

Aktivitets- og utgreiingsplikta

For ein gjennomgang av IMDis aktivitets- og utgreiingsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova, sjå Vedlegg 2: Likestillingsutgreiing for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet 2021.

5 Vurdering av framtidsutsikter

I oktober blei det utnemnt ny regjering, og frå nyttår blei direktoratet vårt underlagt Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Med deltaking i arbeidslivet som det overordna målet i integreringspolitikken skaper plasseringa positive forventningar. Departementet har ansvar for arbeidsmarknadspolitikken, velferdspolitikken og kontakten med partane i arbeidslivet. Det opnar for gode moglegheiter til å sjå blant anna dei ulike verkemidla og målgruppene til Nav og IMDi meir i samanheng og på tvers av sektorar.

Integreringslova er under implementering og gir gode rammer for betre kvalitet og meir individuelt tilpassa opplæring og introduksjonsprogram. Samtidig står det framleis att eit omfattande arbeid før vi kan seie at vi har oppfylt krava til kommunane om å gi fleire nykomne flyktningar den opplæringa, utdanninga eller kvalifiseringa dei treng for eit stabilt fotfeste i arbeidslivet. I 2022 ferdigstiller vi eit system for å måle gjennomføring, innsats og resultat og dermed få betre føresetnader for å sjå effektane av lova.

IMDi har over fleire år jobba for meir treffsikker busetting av flyktningar. Det betyr busetting i kommunar og regionar der den enkelte har best føresetnader for rask deltaking i arbeids- og samfunnsliv. God match og kopling til behovet til flyktningen krev blant anna kunnskap om tenesteapparatet til kommunane og regionale arbeidskraftbehov. Det krev òg effektive digitale løysingar og støtteverktøy for å innhente, dele og halde ved like informasjon. Utviklingsarbeidet har høg prioritet og blir vidareført inn i 2022.

Internasjonale forhold kan ha mykje å seie for IMDis arbeid, fordi integrerings- og innvandringspolitikken påverkar kvarandre gjensidig. At mange flyktningar måtte busettast raskt frå Afghanistan i 2021, viste tydeleg samanhengen mellom politikkområda og betydninga av god beredskap og tett samarbeid med UDI, KS, kommunane og andre relevante aktørar. Derfor jobbar vi kontinuerleg med å halde oppe høg gjennomføringsevne og rask omstillingsevne under svært omskiftelege omstende på migrasjonsfeltet.

Pandemien har ramma delar av innvandrarbefolkninga hardt. Helsekrisa har synleggjort både underliggjande problem ved integreringa og manglar ved kunnskapen til myndigheitene om ei mangfaldig og samansett befolkning. På den eine sida har svake språkferdigheiter, sosial og økonomisk segregering og lågare sysselsetjing bidrege til å auke sårbarheita i enkelte delar av innvandrarbefolkninga. På den andre sida har manglande kunnskap om variasjon i livssituasjonen til innvandrarbefolkninga, levekår, helse og bruk av tenester bidrege til eit svakare og mindre målretta krise- og beredskapsarbeid frå myndigheitene. For å ta tak i utfordringane på individ- og systemnivå ser vi eit tydeleg behov for både eit språkløft og eit digitaliseringsløft retta mot innvandrarar. I tillegg treng vi meir systematisk kunnskap om segregering, økonomiske forskjellar og marginalisering.

Under pandemien har det også blitt tydelegare kor sårbare arbeidsinnvandrarar er på arbeidsmarknaden, og at dei er lausare knytte til det norske samfunnet. Vi ser derfor fram til nye politikkforslag frå det offentlege utvalet som ser på betre integrering av arbeidsinnvandrarar og familiane deira.

For mange kvinner med innvandrarbakgrunn står for langt unna arbeidslivet. IMDi vil ha særleg merksemd på denne gruppa i året som kjem, og vil gjere ein ekstra innsats for å få fleire ut i arbeid eller ordinær utdanning.

Rasisme og diskriminering er barrierar for integrering på alle samfunnsarenaer. Å setje IMDi på kartet som ein relevant aktør og samarbeidspartnar i kampen mot forskjellsbehandling på grunnlag av etnisitet og hudfarge er derfor også ei målsetjing for aktivitetane våre framover – som skal bidra til vellykka integrering.

6 Årsrekneskap

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) er det utøvande organet til regjeringa for integreringspolitikken, ein premissleverandør for utvikling av feltet og eit kompetansesenter for blant anna kommunane. Dei viktigaste oppgåvene, målgruppene og verkemidla IMDi har, er beskrivne i Prop. 1 S (2020–2021) for Kunnskapsdepartementet. IMDi hadde 233 årsverk ved utgangen av 2021.

IMDi er eit ordinært, bruttobudsjettet forvaltningsorgan og er underlagd Riksrevisjonens kontroll. Riksrevisjonens rapport om den årlege revisjon og kontroll av departementa og dei statlege verksemdene blir publisert som Dokument 1 kvar haust.

IMDi forvaltar driftsmidlar, investeringsmidlar (IKT-utvikling), forskings- og utviklingsmidlar og tilskotsmidlar som primært går til kommunar, innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd. IMDi hadde ei samla tildeling på vel 8,9 milliardar kroner i 2021. Dette er ein reduksjon frå 2020 der samla tildeling var på 10,77 milliardar kroner. Reduksjonen av størrelsen på tildelinga skriv seg i hovudsak frå nedgangen i talet på asylankomster dei siste åra, som har ført til ein nedgang i talet på busette flyktningar som utløyser tilskota IMDi forvaltar. Rekneskapen for 2021 viser at IMDi har utgiftsført i underkant av 8,8 milliardar kroner, inntekter trekte frå, som hovudsakleg gjeld tilbakebetalingar av ubrukte tilskotsmidlar i kommunane og i frivillige organisasjonar, på 18,4 mill. kroner og arbeidsgivaravgift på 23,3 mill. kroner. Årsrekneskapen viser ei samla mindreutgift tilsvarande 0,7 prosent av samla tildeling. Hovuddelen av mindreutgifta gjeld kap. 291, post 60 *Integreringstilskot*. Dette er ein tilskotspost som IMDi forvaltar, og som blir utbetalt til kommunar. Kommunane får integreringstilskotet ved busetting av personar som får opphald som overføringsflyktningar eller på bakgrunn av søknad om asyl og familiesameining med desse. Mindreforbruket kjem hovudsakleg av færre innvilga saker enn det som blei lagt til grunn for ekstratilskot ved funksjonsnedsetjingar. Dette kjem blant anna av at det utfordrande å føreseie talet på søknader frå kommunar og kvaliteten på desse, og av lågare saksbehandlingskapasitet internt i IMDi enn planlagt.

IMDi har i 2021 forvalta ei driftsløyving på 313,5 mill. kroner inklusiv overføringa frå 2020. Løyvinga på kap. 290, post 01, blei i nysalderinga nedskriven med 21 mill. kroner med bakgrunn i mindreforbruk som i stor grad er ei følgje av koronapandemien. IMDi fekk 4,6 mill. kroner i lønnskompensasjon, og løyvinga i nysalderinga blei dermed redusert med 16,4 mill. kroner, frå 329,8 mill. kroner til 313,5 mill. kroner. IMDi har utgiftsført 298,5 mill. kroner i 2021. Stortinget har gitt fullmakt til å overskride løyvinga på posten mot tilsvarande inntekter på kap. 3290, post 01, jf. Prop. 1 S (2020–2021). Etter justering for inntekter på 1,1 mill. kroner og brukte belastningsfullmakter på 3,8 mill. kroner, er det ei mindreutgift på 12,3 mill. kroner i 2021.

I note B til årsrekneskapen kjem det fram forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til 2022. Samla mogleg overføring på kapittel og postar under IMDi er 259,3 mill. kroner, av desse er 12,3 mill. kroner knytte til kap. 290, post 01 (driftsløyvinga), 32,6 mill. kroner til kap. 291, post 21, 27,5 mill. kroner til kap. 291, post 45 og 186,9 mill. kroner til kap. 291, post 60.

Artskontorapporteringa viser kva for utgifter og inntekter som IMDi har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Netto har IMDi utgiftsført 8,8 milliardar kroner. Av dette beløpet er 8,5 milliardar kroner utbetalte i tilskot som primært har gått til kommunar, fylkeskommunar, innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd.

IMDi bekreftar med dette at årsrekneskapen gir eit dekkjande bilde av dei disponible løyvingane til verksemda og av rekneskapsførte utgifter og inntekter. Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten med tilhøyrande rundskriv frå Finansdepartementet og dei krava som er stilte frå overordna departement gjennom tildelingsbrev / tillegg til tildelingsbrev.



Libe Rieber-Mohn

direktør

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Prinsippnote årsrekneskapen

Årsrekneskap for statlege verksemder er utarbeidd og avlagd etter nærmare retningslinjer fastsette i «Bestemmelser om økonomistyring i staten» («bestemmelsene»). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene i punkt 3.4.1, nærmare føresegn i Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2019 og eventuelle tilleggskrav fastsette av overordna departement. Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene i punkt 3.4.2.

Dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja *Netto rapportert til løyvingrekneskapen* er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt konsernkontoordninga til staten i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på sin konsernkonto. Ved årets slutt blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt ved overgang til nytt år.

Løyvingrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapittel og postar i løyvingrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen *Samla tildeling* viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottatte fullmakter til å belaste ei anna verksemds kapittel/post (belastningsfullmakter) blir ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingoppstillinga. Utgiftene knytte til mottatte belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og blir viste i kolonnen for rekneskap.

Gitte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokført og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Gitte belastningsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmakta, og blir derfor ikkje viste i kolonnen for rekneskap. Dei gitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen.

Artskontorapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstal i løyving- og artskontorapportering med notar viser rekneskapstal rapporterte til statsrekneskapen. I tillegg viser noten til artskontorapporteringa *Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen* bokførte tal frå kontospesifikasjonen til verksemda i kolonnen *Spesifisering av bokført avrekning med statskassen*. Noten viser forskjellen mellom beløp IMDi har bokført på egedels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen til verksemda (medrekna saldo på kunde- og leverandørreskonto), og beløp IMDi har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen og som inngår i mellomvære med statskassen.

IMDi har innretta bokføringa slik at ho følgjer krava i føresegner om økonomistyring i staten. Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig regnskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 3.3.2, og spesifikasjon av pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 4.4.3, er bokførte. Føresegnene krev blant anna utarbeiding av kundespesifikasjon og leverandørspesifikasjon. Dette medfører at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokførte i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen, og inneber kundefordringar og leverandørgjeld i kontospesifikasjonen.

Oppstilling av løyvingssrapportering for rekneskapsår 2021

Utgifts - kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2021	Meirutgift (-) og mindreutgift
0290	Integrering- og mangfaldsdirektoratet	01	Driftsutgifter	A, B	313 464 850	298 458 422	15 006 428
0291	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	21	Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling, kan overførast	A, B	62 077 029	29 509 560	32 567 469
0291	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast	A, B	72 348 165	44 834 077	27 514 088
0291¹	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	60	Integreringstilskot - kan overførast	A, B	5 962 691 000	5 775 781 316	186 909 684
0291²	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	61	Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktningar, overslagsløyving	A, B	1 024 198 000	1 178 832 418	-154 634 418
0291	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	62	Kommunale innvandrartiltak	A	234 677 000	232 997 480	1 679 520
0291	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	70	Busettingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	A	2 357 000	2 357 000	0
0291	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	71	Tilskot til innvandrarak-organisasjonar og anna frivillig verksemd	A	213 748 000	211 958 139	1 789 861
0291	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	72	Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.m.	A	15 562 000	17 400 000	-1 838 000
0291	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	73	Tilskot	A	18 064 000	17 454 975	609 025
0292	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	60	Tilskot til opplæring	A	1 004 800 000	1 013 619 250	-8 819 250
0292	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	60	Kompetansekartlegging i mottak før busetting	A	267 000	224 378	42 622
1633	Statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter			36 605 405	
Sum utgifts ført					8 924 254 044	8 860 032 420	

¹ Mindreforbruket på kap. 291, post 60 kjem i stor grad av færre innvilga saker enn lagt til grunn for ekstratilskot ved funksjonsnedsetjing. Dette kjem blant anna av at det er utfordrande å føreseie talet på søknader frå kommunar og kvaliteten på desse søknadene, noko som igjen påverkar innvilgingsprosenten og utbetalingsbeløpet. I tillegg har IMDi hatt lågare saksbehandlingskapasitet enn planlagt.

² Overforbruket kjem hovudsakleg av større etterslep for tidlegare år enn føresett.

Inntekts- kapittel	Kapittel- namn	Post	Posttekst	Samla tildeling*	Rekneskap 2021	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3290	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	01	Driftsinntekter	0	1 122 064	1 122 064
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse	0	18 358 653	
5700	Folketrygd- inntekter	72	Arbeidsgivaravgift	0	23 283 736	
Sum inntektsført				0	42 764 453	
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen					8 817 267 967	
Kapitalkontoar						
60088701	Noregs Bank KK / innbetalingar				42 877 367	
60088702	Noregs Bank KK / utbetalingar				-8 858 286 283	
705005	Endring i mellomvære med statskassen				-1 859 051	
Sum rapportert					0	
Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)						
Konto	Tekst			31.12.2021	31.12.2020	Endring
705005	Mellomvære med statskassen			-7 852 158	-5 993 108	-1 859 051
* Samla tildeling skal ikkje reduserast med eventuelle gitte belastningsfullmakter (gjeld både for utgiftskapittel og inntektskapittel). Sjå note B <i>Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år</i> for nærmare forklaring						

Note A: Forklaring av samla tildeling

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
290 01	14 809 850	298 655 000	313 464 850
291 21	29 577 029	32 500 000	62 077 029
291 45	17 319 165	55 029 000	72 348 165
291 60		5 962 691 000	5 962 691 000
291 61		1 024 198 000	1 024 198 000
291 62		234 677 000	234 677 000
291 70		2 357 000	2 357 000
291 71		213 748 000	213 748 000
291 72		15 562 000	15 562 000
291 73		18 064 000	18 064 000
292 60		1 004 800 000	1 004 800 000
292 61		267 000	267 000

Note B: Forklaring til brukte fullmakter og klargjering av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikk-ord	Meirutgift (-) / mindre-utgift	Utgiftsført av andre i samsvar med gitte belastnings-fullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindre-utgift etter gitte belastnings-fullmakter	Meir-inntekter / mindre-inntekter (-) i samsvar med meir-inntekts-fullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
0290 01		15 006 428	-3 854 804	11 151 624	1 122 064			12 273 688	14 932 750	12 273 688
0291 21	"kan overføres"	32 567 469		32 567 469				32 567 469	67 500 000	32 567 469
0291 45	"kan overføres"	27 514 088		27 514 088				27 514 088	117 558 295	27 514 088
0291 60	"kan overføres"	186 909 684		186 909 684				186 909 684	13 031 617 000	186 909 684

Forklaring til bruk av fullmakter

Mottatte belastningsfullmakter

IMDi har ikkje tatt imot belastningsfullmakter i 2021.

Stikkordet «kan overførast»

IMDis løyvingar på kap. 291, post 21, kap. 291, post 45, kap. 291, post 60 har stikkordet «kan overførast». Mindreutgifta på kap. 291, post 21, post 45 og post 60 kan overførast.

Gitte belastningsfullmakter (utgiftsførte av andre på utgiftskapittel og inntektsførte av andre på inntektskapittel)

IMDi har gitt belastningsfullmakter i 2021 til Helsedirektoratet (Hdir) på 3 962 550 kroner. Av desse blei 3 854 804 kroner nytta og belasta kap. 290, post 01.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter

Meirinntekter kjem opp i 1 122 064 kroner. Desse meirinntektene er førte på kap. 3290, post 01 og blir lagde til mindreutgifta på kap. 290, post 01. IMDi mindreutgift på kap. 290, post 01 blir dermed 16,1 mill. kroner (ekskludert nytta belastningsfullmakter).

Berekning av mogleg overføring på desse postane gjeld for IMDi del av løyvinga.

Oppstilling av artskontorrapporteringa 2021

	Note	2021	2020
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	730 400	0
Sals- og leigeinnbetalningar	1	0	0
Andre innbetalningar	1	391 664	103 704
Sum innbetalningar frå drift		1 122 064	103 704
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til lønn	2	190 387 297	172 095 500
Andre utbetalningar til drift	3	177 638 885	159 985 805
Sum utbetalningar til drift		368 026 182	332 081 305
Netto rapporterte driftsutgifter		366 904 118	331 977 601
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	4 772 547	2 427 564
Utbetaling til kjøp av aksjar	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	3 331	14 442
Sum investerings- og finansutgifter		4 775 877	2 442 006
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		4 775 877	2 442 006
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	18 082 785	13 114 923
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		18 082 785	13 114 923
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	8 450 624 956	9 707 512 214
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		8 450 624 956	9 707 512 214
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		275 868	248 700
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		23 283 736	21 059 824
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		36 605 405	31 591 071
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		13 045 800	10 282 548
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		8 817 267 967	10 039 099 445

Oversikt over mellomvære med statskassen			
År		2021	2020
Fordringar på tilsette		7 917	55 417
Kontantar		0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank		0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-7 334 385	-6 038 949
Skyldige offentlege avgifter		0	-10 401
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse		0	1
Mottatte forskotsbetalingar		0	0
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn m.m.)		0	825
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalingar		-525 690	0
Sum mellomvære med statskassen	8	-7 852 158	-5 993 108

Note 1: Innbetalinger frå drift

	31.12.2021	31.12.2020
<i>Innbetalinger frå gebyr</i>		0
Sum innbetalinger frå gebyr	0	0
<i>Innbetalinger frå tilskot og overføringar</i>	730 400	
Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar	730 400	
<i>Sals- og leigeinnbetalinger</i>		
Sum sals- og leigeinnbetalinger	0	0
<i>Andre innbetalinger</i>		
Anna driftsrelatert inntekt	391 664	103 704
Sum andre innbetalinger	391 664	103 704
Sum innbetalinger frå drift	1 122 064	103 704

Note 2: Utbetalinger til lønn

	31.12.2021	31.12.2020
Lønn*	148 230 568	138 779 792
Arbeidsgivaravgift	23 283 736	21 059 824
Pensjonsutgifter**	16 945 112	15 334 639
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-6 251 069	-6 437 858
Andre ytingar	8 178 950	3 359 103
Sum utbetalinger til lønn	190 387 297	172 095 500
Talet på utførte årsverk	198	183,92

* Auken i lønnsutgifter kjem blant anna av at nytilsetjingar tok lengre tid i 2020 på grunn av covid-19 pandemien, og av at IMDi har tilsett 10 nye minoritetsrådgivarar i 2021. Til samanlikning var lønnsutgifta på 147,4 mill. kroner i 2019.

** Pensjonar blir kostnadsførte i resultatrekneskapen basert på faktisk premie komme til for rekneskapsåret. Premiesats for 2021 er 12 prosent. Premiesatsen for 2020 var 12 prosent.

Note 3: Andre utbetalinger til drift

	31.12.2021	31.12.2020
Husleige ¹	18 718 819	16 029 614
Vedlikehald egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	412 191	364 965
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	4 196 351	3 429 772
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr mv.	0	0
Mindre utstysanskaffingar ²	1 585 868	1 056 124
Leige av maskiner, inventar og liknande ³	12 671 385	6 313 720
Kjøp av konsulenttenester ⁴	98 767 390	90 375 767
Kjøp av andre framande tenester	25 863 909	31 443 037
Reiser og diett ⁵	3 086 257	2 262 979
Andre driftsutgifter ⁶	12 336 717	8 709 827
Sum andre utbetalinger til drift	177 638 885	159 985 805

¹ Auken kjem av leige av to lokale i Narvik i ein overgangsperiode grunna flytting til nye lokale.

² Det har i 2021 vore auka utgifter til mindre utstysanskaffingar på grunn av nye lokale i Narvik og på grunn av oppbygginga av Narvik-kontoret. Auken frå 2020 kjem i hovudsak av utgifter i samband med oppbygginga av Narvik-kontoret.

³ IKT-utgifter har auka i 2021. Deriblant har lisensane til Microsoft auka frå 1,8 mill. kroner i 2020 til 6,8 mill. kroner i 2021. Andre utgifter til lisensar, vedlikehaldsavtalar og drift av skybaserte tenester har også auka i 2021.

⁴ Auken i konsulenttenester og reduksjon i andre framande tenester må sjåast i samanheng. Differanse på desse mellom 2020 og 2021 er på 2,8 mill. kroner.

⁵ På grunn av covid-19 var reise- og diettutgifter i 2020 låge. Aktiviteten har tatt seg noko opp i 2021.

⁶ Aktiviteten i 2020 var låg på grunn av covid-19 pandemien. Aktiviteten har tatt seg opp igjen i 2021. Til samanlikning var andre driftsutgifter på 13,2 mill. kroner i 2019.

Note 4: Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2021	31.12.2020
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
	31.12.2021	31.12.2020
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	3 331	14 442
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	3 331	14 442

Note 5: Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar

	31.12.2021	31.12.2020
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle egedelar og liknande	1 309 073	1 199 159
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Infrastruktureigedelar	0	0
Maskiner og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktoy og liknande*	3 463 474	1 228 404
Sum utbetaling til investeringar	4 772 547	2 427 564
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Kapitalinnskott	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og andelar	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjar	0	0

*I 2021 blei det kjøpt inn mobile telefonboksar og møterom til lokala i Oslo for omtrent 636 000 kroner. Resterande del av auken frå 2020 kjem i stor grad av innkjøp av utstyr til nye lokale i Narvik.

Note 6: Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten

	31.12.2021	31.12.2020
Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929)	18 082 785	13 114 923
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	18 082 785	13 114 923

Note 7: Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

	31.12.2021	31.12.2020
Tilskot til kommunar post 60-85 ¹	8 204 572 521	9 581 399 214
Tilskot til fylkeskommunar post 60-85	15 217 448	15 000 000
Tilskot til ikkje-finansielle føretak ²	21 177 000	6 800 000
Tilskot til ideelle organisasjonar post 70-85 ³	209 657 987	104 313 000
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	8 450 624 956	9 707 512 214

1 Nedgang på tilskotsordningar på grunn av lågare tal på asylankomster som har komme til landet, og overføringsflyktningar.

2 Løyvinga på kap. 291, post 72 har auka frå 6,4 mill. kroner i 2020 til 15,6 mill. kroner i 2021 og er hovudårsaka til auken på tilskot til ikkje-finansielle føretak.

3 Auken kjem av auka utbetalingar av tilskot til ideelle organisasjonar som følgje av auka løyvingar. I tillegg er 45 mill. kroner til kommunar bokførte på konto for tilskot til organisasjonar.

Note 8: Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

Del A: Forskjellen mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

		31.12.2021	31.12.2021	
		Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassen	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomvære med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler				
	Investeringar i aksjar og andelar	0	0	0
	Obligasjonar	0	0	0
	<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Omløpsmidlar				
	Kundefordringar		0	
	Andre fordringar	7917	7917	0
	Bankinnskott, kontantar og liknande	0	0	0
	<i>Sum</i>	<i>7917</i>	<i>7917</i>	<i>0</i>
Langsiktig gjeld				
	Anna langsiktig gjeld	0	0	0
	<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Kortsiktig gjeld				
	Leverandørgjeld*	-764 596	0	-764 596
	Skyldig skattetrekk	-7 334 385	-7 334 385	0
	Skyldig offentlege avgifter			0
	Anna kortsiktig gjeld	-3 128 635	-525 690	-2 602 945
	<i>Sum</i>	<i>-11 227 615</i>	<i>-7 860 075</i>	<i>-3 367 540</i>
Sum		-11 219 699	-7 852 158	-3 367 540

* Per 31.12.2021 hadde IMDi 1,3 mill. kroner i ubehandla fakturaer.

Vedlegg

Vedlegg 1: Månedssrapport for bosetting per 31.12.2021

Vedlegg 2: Likestillingsutgreiing for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet 2021